

**Bergsøy (A) 1990:**

Bak f.v. Kjell Arne Leine (oppmann), Fred Frantzen, Per Arne Årvik, Nils Roger Paulsen, Sindre Reite, Endre Tjervåg, Tony Pettersen, Per Arne Jarnes, Kurt Ove Berge, Bjørn Prytz (trenar). Framme f.v. Vidar Eikrem, Torbjørn Leikanger, Asbjørn Prytz, Børge Hansen, Per Gunnar Djupvik, Kenneth Pettersen, Lars Ove Almestad, Kurt Ove Longva, Frode Wilhelmsen, Arve Leine, Trond Paulsen.





* Matchvinnar Endre Tjervåg fyrer laus, men her vart det ikkje mål.


K.FYLLING
K.FYLLING

# SIF videre

Sunnmørsposten 25/4-90
Kamp 24/4-90

**1. kval. runde NM-cup**
**BERGSØY–SIF 0–1 (0–1)**
**Huldalen, grus.**
**Mål: 0–1 Runar Johansen (25).**
**Dommer: Hans J. Finsæther, ÅFK –4.**

SIF gikk videre til 2. kval. runde i NM-cupen i går da de slo Bergsøy 1–0 i Fosnavåg. Laget avgjorde kampen til sin fordel den siste halvdelen av første omgang da de hadde et klart spillemessig overtak. Målet sørget Runar Johansen for etter flott forarbeide av Lasse Bjerknes. Lasse driblet elegant av flere Bergsøy-spillere ute på høyresiden og la inn foran mål der altså Runar Johansen var på plass og gjorde resten av jobben.

Utenom scoringen hadde SIF to meget gode sjanser ved Roger Lervik. Den ene gangen føk ballen over fra fem-seks meters hold!

Bergsøy åpnet kampen best, men falt av utover. Lagets største sjanse før pause hadde Trond Paulsen på et frispark fra kanten av 16-meteren. SIFs keeper, Finn Saltskår, fikk fistet ballen over...

Etter sidebytte var det Bergsøy som fikk et spillemessig overtak. Men laget produserte lite sjanser, i tillegg opptrådte SIF disiplinert i forsvar og avviste det som kom. Børge Hansen og Trond Paulsen hadde de største sjansene. Hansens skudd, via en SIF-forsvarer, hadde nær gitt uttelling.

Hos Bergsøy var det Trond Paulsen og Børge Hansen som var de beste, hos SIF går bestemannsprisene til Roger Lervik og Robert Vestre.

*Bergsøy har berre serien å konsentrere seg o...*

VN-27/4-90

# Tapte 0 - 1 for SIF i cupen

Det vart eit kortvarig cupeventyr for Bergsøy, då laget vart slått 0-1 av SIF allereie i 1. kvalifiserande runde i Huldalen sist tysdag. Spelemessig hadde Bergsøy eit klart overtak, men laget hadde problem med å spele seg igjennom SIF sitt overbefolka forsvar. Sigersmålet til Siffane kom midtvegs i 1. omgang då Runar Johansen fekk stå heilt umarkert inne i feltet og sette breisida til eit innlegg frå Lasse Bjerknes. Kvar var markeringa i BIL-forsvaret ved dette høve?

I 2. omgang pressa BIL hardt for utlikning, og Ålesundslaget var berre på sporadiske visittar oppe hos Bergsøy-målet. Trass i konstant press frå BIL si side tetta SIF godt igjen, og sikra seg dermed retten til vidare avansement. Trond Paulsen var nær utlikning på eit velplassert skot som SIF-keeper Finn Saltskår redda meisterleg. Men trass i tapet viste BIL-laget fin framgang i høve til det har vore vist i treningskampane, og det er tydeleg at laget er i ferd med å finne serieforma. Trekket med å setje Trond Paulsen fram som spiss var vellukka, og Trond jobba godt gjennom heile kampen. Elles var det gledeleg å konstatere at stopparduoen Vidar Eikrem og Appa Prytz fungerte svært godt. Forsvaret hadde i det heile få problem i denne kampen.

I og med at Bergsøy ikkje har høve til å nå Ullevål i år heller, gjeld det no å konsentrere seg maksimalt om serien. Allereie i kveld er det klart for seriestart - mot Herd på Moa. Også Herd viste dårleg vårform då laget delte skjebne med BIL og vart slått ut av cupen - etter 1-4 mot Langevåg tysdag. I fjorårets møte mellom desse to laga, vann BIL 3-1 i Ålesund, men tapte seinare heimkampen på Bergsøy stadion.

Diverre er både Endre Tjervåg og Nils Roger Paulsen på skadelista, og er såleis uaktuelle til denne kampen. Trenar Bjørn Prytz ser difor ingen grunn til å endre på mannskapet som starta mot SIF, og stiller såleis fylgjande mannskap i seriepremieren: Kurt Ove Longva, Tobben Leikanger, Appa Prytz, Vidar Eikrem, Kenneth Pettersen, Lars Ove Almestad, Børge Hansen, Kurt Magne Berge, Arve Leine, Frode Wilhelmsen og Trond Paulsen.

Vi ynskjer laget lukke til. Det er svært viktig å få ein god start, og med full innsats og fornuftig speleopplegg bør laget ha kapasitet til å vinne kveldens kamp. Tvi-tvi!

# Bergsøy sine kampar i 4. divisjon 1990

27/4: Herd - Bergsøy
4/5: Bergsøy - Skodje
11/5: Haddal - Bergsøy
16/5: Bergsøy - Guard
25/5: Bergsøy - Valder
29/5: Spjelkavik - Bergsøy
1/6: Bergsøy - Sykkylven
8/6: Ellingsøy - Bergsøy
15/6: Bergsøy - Ørsta
22/6: Skarbøvik - Bergsøy
29/6: Bergsøy - Langevåg

31/7: Bergsøy - Herd
4/8: Skodje - Bergsøy
10/8: Bergsøy - Haddal
13/8: Guard - Bergsøy
17/8: Valder - Bergsøy
24/8: Bergsøy - Spjelkavik
31/8: Sykkylven - Bergsøy
7/9: Bergsøy - Ellingsøy
14/9: Ørsta - Bergsøy
22/9: Bergsøy - Skarbøvik
29/9: Langevåg - Bergsøy

# Dårleg start av Bergsøy

## *2-1 tap for Herd i seriepremieren*

Det vart ingen god start for Bergsøy då laget tapte seriepremieren 2-1 mot Herd på ei gjørmete og vanskeleg grusbane på Moa fredag kveld. Baneforholda innbaud ikkje til festfotball, og det var tidleg klart at det laget som kjempa hardast i gjørma ville sikre eg opningspoenga. Bergsøy-laget var tydeleg merka av nervar, og liksom aldri i gang med sjanseskapande spel. Særleg vingspelet vart neglisjert, og flankespelaren Frode Wilhelmsen var i store deler av kampen arbeidsledig. Bergsøy kom best i gong, og pressa heimelaget tilbake på bana. Etter kvart jamna det seg ut, og by-laget tok over initiativet. Etter om lag ein halv time såg vi ballen i mål då den kraftige spissen Jan Krogen fekk servert eit presist innlegg frå Harald Thorsen, men utruleg nok styrte Krogen ballen på utsida av stolpen.

Også i 2. omgang var det Ålesund-laget som kjempa best. Dei vann dei fleste duellar på midtfeltet, og i det 66. min. var det klart for 1-0. Jan Krogen kom brått fri, og hadde små problem med å overliste BIL-keeper Kurt-Ove Longva. Eit kvarter før tid kom så veteranen Fred Frantzen inn for skadde Børge Hansen. Like etter vart Fred felt og sette sjølv straffesparket i nettet. Dei fleste rekna med at det gjekk mot poengdeling, men berre tre minutt før full tid avgjore Roger Holand kampen for Herd då han tverrvende, og sette ballen i mål etter ein corner. Eit surt tap for BIL, men slik kampen utvikla var det lite å seie på at alle tre poenga gjekk til heimelaget.

Bergsøy sin klart beste spelar i denne kampen var junioren Sindre Reite som slo til med ein praktkamp som høgre back. I motsetning til mange av sine lagkameratar gjekk Sindre til i tacklingane, samtidig som han imponerte med sikkert hovudspel. Her har Bergsøy fått fram eit stortalent som ein vil få mykje glede av. Også stopparduoen Vidar Eikrem og Appa Prytz spelte sikkert og godt. Også keeper Longva verka solid, og kunne ikkje gjere noko med måla. Framover på bana vart det imidlertid for planlaust. Midtbanespelarane kom aldri skikkeleg inn i kampen, og makta ikkje å gi løparane den nødvendige støtte. Særleg hadde BIL problem med å kome rundt på sidene, slik at det var enkelt for Herdforsvaret å knyte igjen «sekken».

God domar var Olav Rebbestad, Ørsta.

I neste serierunde skal Bergsøy møte Skodje heime. Skodje overraska ved å slå Haddal 3-1 i seriedebuten, og kan bli ein vanskeleg motstandar for det skadeskotne BIL-laget, som truleg må unnvære både Nils Roger Paulsen og Børge Hansen. Derimot håper ein at midtbanestrategen Endre Tjervåg vil vere på plass. Det som er verre er at både Tobben Leikanger, Appa Prytz og Arve Leine har fått skarlagensfeber, og det er tvilsamt om dei blir klar til fredagens kamp.

# Ekte

laurdag 28/4 90

# Holand-mål avgjorde

Gunnar Lorgen

Roger Holand avgjorde denne kampen for Herd bare fem minutter etter at de fleste trodde veteran-innbytter Fred Frantzen hadde ordnet gjestene et poeng. Fred ble felt og satte sjøl straffesparket i mål – bare fire minutter etter at han var kommet inn.

Men brødrene Holand slo til i sluttminuttene. Corner fra Sindre, en stuss fra Jan Krogen, og Roger Holand tverrvendte og sende ballen i buret. En fortjent Herd-seier, for dette var et helt annet Herd-lag enn det som lot seg utspille av Langevåg i cupen tidligere i uka. Innsatsviljen var til stede i rikt monn i en kamp som slett ikke bød på finspill på den tunge grusbanen, men der det var tydelig at det dreide seg om poeng.

Herds unggutter på midtbanen, Bjørn Brungot og Webjørn Solevåg, gjorde en fin jobb. Men vi gir bestemannsprisen til kvikke Gillesdal på høyrebacken, han holdt Frode Wilhelmsen solid i tømme hele tida. Stopper Krøvel var naturligvis også god å ha.

Bergsøy fikk aldri til sjanseskapende angrepsspill, og trenger nok skadde Endre Tjervåg for å få fart på angrepet. Debutanten Sindre Reite gjorde en god backjobb. Børge Hansen begynte godt på midtbanen, men ble hemmet av en skade.

28/4 -90

## 4. divisjon Sunnmøre

Herd–Bergsøy 2–1
Langevåg–Valder 0–3
Skarbøvik–Spjelkavik 1–2
Skodje–Haddal 3–1
Ørsta–Sykkylven 1–1
Guard–Ellingsøy i dag

4. divisjon
**HERD–BERGSØY 2–1 (0–0)**
**Herds grusbane**
**Mål:** 1–0 Jan Krogen (66), 1–1 Fred Frantzen (str., 81), 2–1 Roger Holand (86).
**Dommer:** Olav Rebbestad, Ørsta – 4.
**Gult kort:** Ingolf Gillesdal og Roger Holand, Herd.
**Spillerpoeng:** 3 Ingolf Gillesdal, Herd, 2 Harald Thorsen, Herd, 1 Sindre Reite, Bergsøy.

laurdag 28/4 90

# Holand-mål avgjorde

Gunnar Lorgen

Roger Holand avgjorde denne kampen for Herd bare fem minutter etter at de fleste trodde veteran-innbytter Fred Frantzen hadde ordnet gjestene et poeng. Fred ble felt og satte sjøl straffesparket i mål – bare fire minutter etter at han var kommet inn.

Men brødrene Holand slo til i sluttminuttene. Corner fra Sindre, en stuss fra Jan Krogen, og Roger Holand tverrvendte og sende ballen i buret. En fortjent Herd-seier, for dette var et helt annet Herd-lag enn det som lot seg utspille av Langevåg i cupen tidligere i uka. Innsatsviljen var til stede i rikt monn i en kamp som slett ikke bød på finspill på den tunge grusbanen, men der det var tydelig at det dreide seg om poeng.

Herds unggutter på midtbanen, Bjørn Brungot og Webjørn Solevåg, gjorde en fin jobb. Men vi gir bestemannsprisen til kvikke Gillesdal på høyrebacken, han holdt Frode Wilhelmsen solid i tømme hele tida. Stopper Krøvel var naturligvis også god å ha.

Bergsøy fikk aldri til sjanseskapende angrepsspill, og trenger nok skadde Endre Tjervåg for å få fart på angrepet. Debutanten Sindre Reite gjorde en god backjobb. Børge Hansen begynte godt på midtbanen, men ble hemmet av en skade.

28/4 - 90

## 4. divisjon
## Sunnmøre

Herd–Bergsøy 2–1
Langevåg–Valder 0–3
Skarbøvik–Spjelkavik 1–2
Skodje–Haddal 3–1
Ørsta–Sykkylven 1–1
Guard–Ellingsøy i dag

**4. divisjon**
**HERD–BERGSØY 2–1 (0–0)**
**Herds grusbane**
**Mål: 1–0 Jan Krogen (66), 1–1 Fred Frantzen (str., 81), 2–1 Roger Holand (86).**
**Dommer: Olav Rebbestad, Ørsta – 4.**
**Gult kort: Ingolf Gillesdal og Roger Holand, Herd.**
**Spillerpoeng: 3 Ingolf Gillesdal, Herd, 2 Harald Thorsen, Herd, 1 Sindre Reite, Bergsøy.**

11/5-90

# Frode – med hodet

## kampfakta

**4. divisjon**
**BERGSØY–SKODJE 2-1 (2-1)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1-0 Børge Hansen (14), 1-1 Frode Ellingsæter (16, straffe), 2-1 Frode Wilhelmsen (37).**
**Dommer: Ernst Trulssen, Spjelkavik - 4**
**Spillerpoeng: 3 Nils Bertil Haukeberg, Skodje. 2 Børge Hansen, Bergsøy. 1 Lars Ove Almestad, Bergsøy.**

Det er ikke ofte at Frode Wilhelmsen scorer på heading. Hans manglende høyde over havet gjør at han som oftest kommer til kort i disse duellene. Men i går scoret han seiersmålet til Bergsøy - med hodet!

Skodje fikk et billig straffespark som førte til utlikning 1-1 tidlig i 1. omgang, men det spørs om de ikke skulle hatt ett til i kampens siste minutt. En angriper ble dradd ned i feltet, men denne gang dro dommer Trulssen frisparket utenfor 16-meterstreken. Og Bergsøy kunne puste lettet ut...

Bergsøy vant en fortjent seier, laget var farligere enn Skodje etter pause. Men nykommerne var livsfarlige på kontringer, og før pause hadde Bergsøy englevakt ved et par tilfeller.

Børge Hansen gjorde 1-0 til Bergsøy, da han var framme på en retur fra keeper og scoret. To minutter senere var lagene like langt, da dommer Trulssen «ga» Skodje et straffespark. Frode Ellingsæter sa takk for tilbudet og gjorde 1-1.

Etter utlikningen hadde Skodje et par kjempesjanser uten resultat, og så var det i steden Bergsøy som scoret. Børge Hansen slo et flott innlegg fra sida, og lille Frode Wilhelmsen kunne uhindret heade ballen inn fra bakerste stolpe.

Etter pause var det mest Bergsøy, men nærmere enn et stolpeskudd kom ikke laget.

## 4. divisjon Sunnmøre

| | |
|---|---|
| **Bergsøy –Skodje** | **2– 1** |
| **Ellingsøy –Ørsta** | **2– 4** |
| **Haddal –Guard** | **4– 0** |
| **Spjelkavik –Langevåg** | **2– 4** |
| **Sykkylven –Skarbøvik** | **0– 0** |
| **Valder –Herd** | **1– 1** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 2 | 1 | 1 | 0 | 5– | 3 | 4 |
| Valder | 2 | 1 | 1 | 0 | 4– | 2 | 4 |
| Herd | 2 | 1 | 1 | 0 | 3– | 2 | 4 |
| Haddal | 2 | 1 | 0 | 1 | 5– | 3 | 3 |
| Skodje | 2 | 1 | 0 | 1 | 4– | 3 | 3 |
| Langevåg | 2 | 1 | 0 | 1 | 5– | 5 | 3 |
| Bergsøy | 2 | 1 | 0 | 1 | 3– | 3 | 3 |
| Spjelkavik | 2 | 1 | 0 | 1 | 4– | 5 | 3 |
| Sykkylven | 2 | 0 | 2 | 0 | 1– | 1 | 2 |
| Skarbøvik | 2 | 0 | 1 | 1 | 1– | 2 | 1 |
| Ellingsøy | 2 | 0 | 1 | 1 | 3– | 5 | 1 |
| Guard | 2 | 0 | 1 | 1 | 1– | 5 | 1 |

# Bergsøy vann fortent 2-1

V-N - 8-5-90

Bergsøy tok ein fortent siger i årets første heimekamp mot Skodje på Bergsøy stadion fredag. Sluttresultatet vart 2-1 til BIL, og laget har dermed fin kontakt med teten og ligg berre eitt poeng bak tetlaga Ørsta, Valder og Herd. I neste kam skal Bergsøy møte Haddal på Haddal, før Guard er motstandar på Bergsøy stadion onsdag 16. mai!

Så over til fredagens kamp mot Skodje, der trenar Prytz hadde justert litt på formasjonane. Frode Wilhelmsen vart køyrd ut som rein høgre ving, og Lars Ove Almestad fekk ei meir sentral midtbanerolle. Dette slo positivt ut, og Lars-Ove kom ofte på effektive løp bakanfrå, som nær hadde resultert i scoring.

Bergsøy kom best i gang, og allereie eter eit kvarter var det klart for 1-0 til heimelaget. Børge Hansen var påpasseleg framme på ein retur frå keeper og scora lett. Gleda skulle imidlertid ikkje vare særleg lenge. Eit par minutt seinare var det klart for utlikning då domar Ernst Trulsen «gav» gjestane eit svært billeg straffespark, som Frode Ellingsæter sette kontant i mål. Heimelaget hadde eit lite overtak gjennom heile omgangen, men hadde problem med å score på sjansane. Men gjestane var heile tida livsfarlege på kontringane sine, og kom litt for lett igjennom det flate BIL-forsvaret ved eit par høve. Etter 37 minutt var det imidlertid klart for utlikning. Børge Hansen forserte til dødlinja, og det presise innlegget heada Frode Wilhelmsen fint i mål.

Også i andre omgang var Bergsøy det førande laget og største sjansen var eit stolpeskot. Men Skodje var heile tida farlege med sine kontringar, sjølv om heimelaget i denne omgangen sikra betre bakover. Alt i alt ein fortent heimesiger, som syner at Bergsøy er på rett veg. Særleg er det gledeleg å konstatere at Lars-Ove Almestad ser ut til å finne attende til «gamletaktene». Det er no å vone at laget kan mobilisere maksimalt i neste serierunde mot Haddal på Haddal. Med siger her vil Bergsøy ha skaffa seg eit flott utgangspunkt.

## 4. DIVISJON

| | |
|---|---|
| Bergsøy –Skodje | 2– 1 |
| Ellingsøy –Ørsta | 2– 4 |
| Haddal –Guard | 4– 0 |
| Spjelkavik –Langevåg | 2– 4 |
| Sykkylven –Skarbøvik | 0– 0 |
| Valder –Herd | 1– 1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 2 | 1 | 1 | 0 | 5– 3 | 4 |
| Valder | 2 | 1 | 1 | 0 | 4– 2 | 4 |
| Herd | 2 | 1 | 1 | 0 | 3– 2 | 4 |
| Haddal | 2 | 1 | 0 | 1 | 5– 3 | 3 |
| Skodje | 2 | 1 | 0 | 1 | 4– 3 | 3 |
| Langevåg | 2 | 1 | 0 | 1 | 5– 5 | 3 |
| Bergsøy | 2 | 1 | 0 | 1 | 3– 3 | 3 |
| Spjelkavik | 2 | 1 | 0 | 1 | 4– 5 | 3 |
| Sykkylven | 2 | 0 | 2 | 0 | 1– 1 | 2 |
| Skarbøvik | 2 | 0 | 1 | 1 | 1– 2 | 1 |
| Ellingsøy | 2 | 0 | 1 | 1 | 3– 5 | 1 |
| Guard | 2 | 0 | 1 | 1 | 1– 5 | 1 |

Laurdag

# Børge Hansen matchvinner

12/5-90

## kampfakta

**4. divisjon**
**HADDAL–BERGSØY 0–1 (0–1)**
**Solsida stadion**
**Mål: 0–1 Børge Hansen (43)**
**Dommer: Ståle Eikrem, VRF – 4.**
**Gult kort: Endre Tjervåg og Tony Pettersen, begge Bergsøy.**
**Spillepoeng: 3 – Asbjørn Prytz, Bergsøy, 2 – Torstein Gjerde, Haddal, 1 – Trond Paulsen, Bergsøy.**

**Av Geir Sundal**

Haddal og Bergsøy maktet ikke å gi publikum en så underholdende kamp som de har gjort de siste årene, til det var innsatsviljen for liten. Det er tydelig at erkerivalholdningen har forsvunnet fra begge. Haddal var nok også svekket av at deres gode midtbanespiller, Andre Gjerde, går med begge armene i gips.

Bergsøy åpnet kampen best og hadde et klart spiullemessig overtak første kvarteret, men det var Haddal som hadde den første «ultra-sjansen». Frank Djupvik rundet keeper, men maktet ikke å stokke beina rett før en Bergsøy-spiller fikk måket ballen unna.

Kampens eneste mål kom rett før pause. Haddal-keeperen unnlot å gå ut og ta et langt innlefgg, dermed fikk Børge Hansen stå ved bakre stolpe og styre ballen i mål med hodet.

Etter pause hadde Trond Paulsen to kjempesjanser til å gi Bergsøy 2–0. Han var helt alene mot keeper. Siste gangen fikk Bergsøy også retur, men den ble satt i stolpen.

Haddals beste sjanser etter pause hadde Per Ivar Meinseth og Arthur Solevåg med hver sitt skudd, men Bergsøys keeper reddet flott begge gangene.

Laurdag 12/5-90
SP

### 4. divisjon Sunnmøre

| | |
|---|---|
| Guard –Ørsta | 1– 1 |
| Haddal –Bergsøy | 0– 1 |
| Herd –Spjelkavik | 1– 0 |
| Langevåg –Sykkylven | 1– 2 |
| Skarbøvik –Ellingsøy | 2– 1 |
| Skodje –Valder | 1– 5 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 3 | 2 | 1 | 0 | 9– 3 | 7 |
| Herd | 3 | 2 | 1 | 0 | 4– 2 | 7 |
| Bergsøy | 3 | 2 | 0 | 1 | 4– 3 | 6 |
| Ørsta | 3 | 1 | 2 | 0 | 6– 4 | 5 |
| Sykkylven | 3 | 1 | 2 | 0 | 3– 2 | 5 |
| Skarbøvik | 3 | 1 | 1 | 1 | 3– 3 | 4 |
| Haddal | 3 | 1 | 0 | 2 | 5– 4 | 3 |
| Langevåg | 3 | 1 | 0 | 2 | 6– 7 | 3 |
| Spjelkavik | 3 | 1 | 0 | 2 | 4– 6 | 3 |
| Skodje | 3 | 1 | 0 | 2 | 5– 8 | 3 |
| Guard | 3 | 0 | 2 | 1 | 2– 6 | 2 |
| Ellingsøy | 3 | 0 | 1 | 2 | 4– 7 | 1 |

*Bergsøy med i tetstriden etter:*

# 1-0 over Haddal

Bergsøy tok ein svært viktig siger i fredagens store nabooppgjer mot Haddal på Solsida stadion. Dermed avanserte Bergsøy fleire plassar på tabellen, og ligg no fint plassert på 3. plass, eitt poeng bak leiarlaga Valder og Herd.

Spelemessig var det ingen god kamp Bergsøy og Haddal leverte. Til det var det for mykje som stod på spel, og kampen var prega av harde markeringar og oppjaga spel. Bergsøy opna klart best og hadde eit godt «trykk» på heimelaget. Likevel var det heimelaget som spelte seg til den første store sjansen, då Haddal-spissen Frank Djupvik runda BIL-keeperen, men ein BIL-forsvarar dukka opp og fekk avverga i siste liten. Også på slutten av omgangen hadde Bergsøy eit klart tak på kampen, og det var fullt fortent da laget tok leiinga like før pause. Observante Børge Hansen utnytta ei mistyding mellom keeper og ein forsvar, stakk imellom og heada ballen elegant i mål. Typisk Børge-scoring.

Også etter sidebytte var BIL det klart beste laget, og spelte seg fram til 4-5 opplagte sjansar. Både Tony Pettersen, Lars Ove Almestad, Kurt Magne Berge og Nils Roger Paulsen var åleine med keeper, men utan å lukkast. Haddal sin største sjanse hadde Arthur Solevåg, men BIL-keeper Kurt Ove Longva slo skotet til corner. Alt i alt ein velfortent BIL-siger mot eit noko tafatt heimelag.

Bergsøy spelte i denne kampen taktisk godt med tette markeringar både i forsvar og på midtbana. Kurt Ove Longva stod solid i mål. Appa Prytz spelte framifrå som sweeper, og utgjorde eit solid midtforsvar saman med Vidar Eikrem som gjer «grovarbeidet». Også fornuftig og godt backspel av Sindre Reite og Tobben Leikanger. På midtbana la Lars Ove Almestad ned eit stort arbeid, og også Endre Tjervåg ser no ut til å nærme seg forma etter ei lenger skadeperiode. I angrepet kjempa som vanleg Trond Paulsen godt som «target man», og Børge Hansen viste igjen kor farleg han er inne i motstandarens felt, og vart altså match-vinnar.

På Haddal går bestemannsprisen til spelande trenar Arnleif Gjerde.

Allereie i morgon - 16. mai - skal Bergsøy ut i ein ny viktig kamp, mot Guard på Bergsøy stadion. Det gjeld no for BIL å ta vare på den flotte utgangsposisjonen laget har skaffa seg, og med full skjerping bør laget ha kapasitet til å ta tre nye poeng, og dermed gi Bergsøy-publikum ein fin start på 17.-mai-feiringa.

## 4. DIVISJON

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 3 | 2 | 1 | 0 | 9- | 3 | 7 |
| Herd | 3 | 2 | 1 | 0 | 4- | 2 | 7 |
| Bergsøy | 3 | 2 | 0 | 1 | 4- | 3 | 6 |
| Ørsta | 3 | 1 | 2 | 0 | 6- | 4 | 5 |
| Sykkylven | 3 | 1 | 2 | 0 | 3- | 2 | 5 |
| Skarbøvik | 3 | 1 | 1 | 1 | 3- | 3 | 4 |
| Haddal | 3 | 1 | 0 | 2 | 5- | 4 | 3 |
| Langevåg | 3 | 1 | 0 | 2 | 6- | 7 | 3 |
| Spjelkavik | 3 | 1 | 0 | 2 | 4- | 6 | 3 |
| Skodje | 3 | 1 | 0 | 2 | 5- | 8 | 3 |
| Guard | 3 | 0 | 2 | 1 | 2- | 6 | 2 |
| Ellingsøy | 3 | 0 | 1 | 2 | 4- | 7 | 1 |

# Wilhelmsen-show 18/5-90

**4. divisjon**
**BERGSØY–GUARD 4–1 (0–0)**
**Bergsøy gras**
**Mål: 0–1 Stein Egil Rovde (straffe, 53), 1–1 Frode Wilhelmsen (65), 2–1 Endre Tjervåg (70), 3–1 Wilhelmsen (77), 4–1 Tjervåg (85).**
**Dommer: Øyvind Kringstad, Valder**

Straffesparket som Guard ble tildelt av dommeren åtte minutter ut i 2. omgang, og som Stein Egil Rovde scoret sikkert på, så ut til å tenne Bergsøy. Etter gjestenes ledermål virket det som om det bare var ett lag på bana. Bergsøy-laget rullet opp angrep på angrep, og sentral i hjemmelagets offensiv var hurtige Frode Wilhelmsen.

Utlikningsmålet til 1–1, som kom 25 minutter før slutt, var fullt fortjent. Wilhelmsen rev seg løs fra Guard-forsvaret og lobbet ballen over den utrusende Guard-keeperen. Guard protesterte heftig og mente det var klar offside. Fem minutter senere var Wilhelmsen på ny på ferde, men nå lot han Endre Tjervåg stå for avslutningen.

Dermed hadde hjemmelaget snudd gjestenes ledelse på bare fem minutter. I sluttkvarteret signerte Tjervåg og Wilhelmsen enda ett mål hver, og sørget dermed for å sende Guard hjem med et stort 1–4-tap.

Kampens store spiller var Wilhelmsen. Ellers godt spill av Tjervåg og Børge Hansen.

# 4. divisjon 18/5-90

## Sunnmøre

**Bergsøy –Guard** .......... **4–1**

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergsøy | 4 | 3 | 0 | 1 | 8– | 4 | 9 |
| Valder | 3 | 2 | 1 | 0 | 9– | 3 | 7 |
| Herd | 3 | 2 | 1 | 0 | 4– | 2 | 7 |
| Ørsta | 3 | 1 | 2 | 0 | 6– | 4 | 5 |
| Sykkylven | 3 | 1 | 2 | 0 | 3– | 2 | 5 |
| Skarbøvik | 3 | 1 | 1 | 1 | 3– | 3 | 4 |
| Haddal | 3 | 1 | 0 | 2 | 5– | 4 | 3 |
| Langevåg | 3 | 1 | 0 | 2 | 6– | 7 | 3 |
| Spjelkavik | 3 | 1 | 0 | 2 | 4– | 6 | 3 |
| Skodje | 3 | 1 | 0 | 2 | 5– | 8 | 3 |
| Guard | 4 | 0 | 2 | 2 | 3– | 10 | 2 |
| Ellingsøy | 3 | 0 | 1 | 2 | 4– | 7 | 1 |

## Spillerpoeng Bergsøy–Guard SP 16/6-90

Spillerpoengene i kampen mellom Bergsøy og Guard (Bergsøy-seier 4–1) i 4. divisjon var desverre falt ut. Følgende spillere gjorde seg fortjent til poeng: 3 Frode Wilhelmsen, 2 Endre Tjervåg, 1 Børge Hansen, alle Bergsøy.

Dommer i kampen var Øyvind Kringstad, Valder. Han fikk karakteren 2.




* Når Bergsøy endeleg fekk hol på byllen, vart det ein halvtime med festfotball og 4 mål. Endre Tjervåg (t.v.) og Frode Wilhelmsen overlista Guard-keeperen to gonger kvar.

VN 19/5-90

# Overtydande 4-1 siger over Guard

## *- og dermed er BIL for alvor med i tetstriden*

Bergsøy kunne 16. mai innkassere sin tredje strake siger i årets 4. divisjon då Guard vart utklassa 4-1 etter ei sterk BIL-avslutning. Etter dette har Bergsøy fått ein pangstart på sesongen, og det skal bli svært interessant å fylgje laget vidare. Sjølv om laget har teke tre strake sigrar, føler vi at laget er endå meir «inne». Sigrane har først og fremst kome som resultat av god disiplin og hard jobbing, men det er no ting som tyder på at enkelte av dei mest sentrale spelarane er i ferd med å finne forma, så det kan bli mange hyggelege stunder på stadion i tida framover. Allereie fredag skal Bergsøy ut i topp-kamp mot sin hardaste rival Valder, og det ligg an til eit dramatisk og svært interessant oppgjer.

Bergsøy spelte mot vinden i første omgang i onsdagens kamp mot Guard. Til tross for dette pressa dei gjestane over på defensiven, og BIL sine raske spelarar hadde få problem med å «fosse» igjennom eit flatt og dårleg Guard-forsvar. Særleg forserte Frode Wilhelsen seg mange gongar fram på høgresida, men utruleg nok vart ingen av innlegga omsett i mål. Vi registrerte 5-6 såkalla 100%-sjansar i denne omgangen, som på grunn av ukonsentrert spel i dei avgjerande situasjonen ikkje gav utteljing. Aller største sjansen hadde Børge Hansen og Frode Wilhelmsen då dei kom heilt åleine mot Guard-keeperen, men også denne sjansen vart somla bort. Guard sin einaste sjanse i denne omgangen kom heilt på slutten, men BIL-keeper Kurt Ove Longva parerte fint skotet frå kort hald.

Også 2. omgang fortsette med heime-press, men det var likevel gjestane som skulle ta leiing. Etter 10 min. fekk laget uforståeleg nok tildelt straffespark, som midtstoppar Stein Egil Rovde sette kontant i mål. Publikum frykta no det verste, men heldigvis såg dette straffesparket ut til å tenne BIL-laget. I løpet av den siste halvtimen vart ålesundlaget totalt rundspelt, og i løpet av den siste halvtimen scora heimelaget heile 4 mål:

65 min.: Frode Wilhelmsen spela vegg med Kurt Magne Berge, og Frode lobba ballen fint over møtande keeper.

70. min: Frode får ein fin stikkball på høgresida, og istaden for å skyte sjølv, legg han fint tilbake til Endre Tjervåg som styrer ballen i nettet frå 5 meters hald.

77. min: Nytt Wilhelmsen-raid som han avslutta med eit velplassert skot i vinkelen.

85 min.: Etter ein del klabb og babb inne i Guard-feltet scorer Endre Tjervåg sitt andre mål for dagen med ei velplassert heading.

I tillegg til dette hadde Bergsøy også ei rekkje andre store tilbod mot eit Guard-lag som var fullstendig i oppløsning i denne perioden.

Dermed kunne Bergsøy innkassere ein fullt fortent 4-1 siger etter ei strålande avslutning. Bestemannsprisen går til tomåls-scorar Wilhelmsen, som no ser ut til å vere i praktslag. Også fin kamp av den andre to-målsscoraren Endre Tjervåg. På midtbana sleit som vanleg Lars-Ove Almestad godt igjennom heile kampen, sjølv om han ikkje alltid var like heldig med avleveringane. Keeper Kurt Ove Longva, og det unge, lovande forsvaret med Sindre Reite, Vidar Eikrem, Appa Prytz og Tobben Leikanger hadde små problem med å demme opp for Guard-angriparane.

På Guard likte vi best herøyværingen Kjartan Kleppe, som kjempa godt på midtbana. Kjartan flyttar i desse dagar tilbake til Herøy, og etter det vi får opplyst kan han vere aktuell for Bergsøy.

# Poengdeling

26/5-90

# i toppmøtet

**Toppoppgjeret i Fosnavåg mellom Bergsøy og Valder enda med poengdeling. Valder var nærmast sigeren. Bergsøypoenget sat langt inne. Tre minutt før full tid utlikna Nils Roger Paulsen for heimelaget på ein susar i vinkelen frå 20 meters hald.**

**Av Per Moltu**

Valder var klart best og førte mesteparten av kampen. Spesielt i første omgang dominerte gjestane, og 1–0-leiinga ved pause var fullt fortent. Valder sin nyerverving frå Langevåg, Arne Nordal, var kampen sin store spelar. 20 minutt ut i kampen hadde han ført sitt nye lag til leiing. Bergsøykeeper Kurt Ove Longva måtte gje retur på eit skot frå Dag Erik Jønsson, Nordal var passeleg framme i returrommet og sende ballen i hjørnet.

Heimelaget fekk lite til dei første 45 minutta. Bergsøy var heilt utan sting og gjennombrotskraft i angrepet og skapte ikkje ein einaste farleg målsjanse. Det var noko tamt over heile laget, som såg ut til å mangle fighting spirit.

Etter pause heldt Valder fram der dei slutta i første omgang. Eit par fine forsøk i opningsminutta gav ikkje teljande resultat. Midtvegs i omgangen greidde Bergsøy å mobilisere litt større innsats, og spelet jamna seg meir ut. Men først siste fem minutta vart det verkeleg spenning i kampen. Det låg liksom ei Bergsøy-scoring i lufta, og tre minutt før fløyta gjekk for full tid, vart det jubel i Bergsøy-leiren. Nils Roger Paulsen fikk verkeleg drag på ballen. Frå 20 meter suste ballen i vinkelen. 1–1.

**4 div.**
**Bergsøy–Valder 1–1 (0–1)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 0–1 Arne Nordal (20), 1–1 Nils Roger Paulsen (87)**
**Domar: Einar Hellevik, ÅFK - 3**
**Gult kort: Sindre Reite, Bergsøy, Terje Austnes, Valder.**
**Spelarpoeng: 3 Arne Nordal, Valder, 2 Bjørn Jønsson, Valder, 1 Sindre Reite, Bergsøy.**

## 4. divisjon

### Sunnmøre

**Bergsøy–Valder** ........ 1–1
**Haddal–Spjelkavik** ........ 1–3
**Langevåg–Ørsta** ........ 1–2
**Skodje–Sykkylven** ........ 1–1

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 5 | 3 | 2 | 0 | 11–4 | 11 |
| Bergsøy | 5 | 3 | 1 | 1 | 9–5 | 10 |
| Spjelkavik | 5 | 3 | 0 | 2 | 10–8 | 9 |
| Ørsta | 5 | 2 | 2 | 1 | 8–6 | 8 |
| Herd | 4 | 2 | 2 | 0 | 5–3 | 8 |
| Sykkylven | 5 | 1 | 4 | 0 | 5–4 | 7 |
| Skarbøvik | 4 | 2 | 1 | 1 | 4–3 | 7 |
| Langevåg | 5 | 2 | 0 | 3 | 8–9 | 6 |
| Skodje | 5 | 1 | 1 | 3 | 7–12 | 4 |
| Haddal | 5 | 1 | 0 | 4 | 6–8 | 3 |
| Guard | 4 | 0 | 2 | 2 | 3–10 | 2 |
| Ellingsøy | 4 | 0 | 1 | 3 | 4–8 | 1 |

Vestlandsnytt 29/5-90

# Bergsøy og Valder delte poenga

## *- i svak toppkamp i 4. divisjon*

**Det såg lenge ut til å gå mot Valder-siger i fredagens toppkamp mot Bergsøy. Valder fekk seg eit billeg mål tidleg i kampen, og dette såg ut til å avgjere kampen. 3 minutt før full tid fekk imidlertid Nils Roger Paulsen stjernetreff frå 20 meters hald, og ballen suste i nettet. Dermed 1-1 og poengdeling, og uendra situasjon i toppen. Bergsøy er no inne i ei beinhard veke, og allereie kveld møter laget Spjelkavik på bortebane. Fredag er så formsterke Sykkylven motstandar i Fosnavåg. Om Bergsøy ynskjer å vere med i teten, bør det ikkje bli tap i desse to kampane.**

Fredagens toppkamp mot Valder vart aldri god. Begge laga tetta godt igjen bakover, og det meste foregjekk på midtbana. Dei største sjansane skapte likevel gjestane, og midtvegs i første omgang var det klart for 1-0. BIL-keeper Kurt Ove Longva måtte gje retur på eit skot, og «mål-tjuven» Arne Nordal var frampå å netta sikkert. Bergsøy skapte knapt nok ein einaste farleg sjanse i denne omgangen. Valder-forsvaret markerte tett, og BIL-løparane hadde problem med å halde på ballen i angrep. 1-0 til gjestane var lite å seie på etter dei første 45 minutta.

Etter sidebytte kom heimelaget sterkare. Trond Paulsen kom inn som venstre flankespelar, og fekk meir fasong på angrepsspelet. Litt etter litt tok BIL over, utan at vi noterte dei heilt store sjansane - før altså Nils Roger Paulsen fekk stjerne-treff og utlikna til 1-1. Etter dette vart ei svært dramatisk avslutning. Like etter vart Arne Nordal på nytt spela fri, men BIL-keeper Longva var på plass og redda det lause skotet. I siste speleminutt kunne lett BIL fått med seg alle tre poenga etter ei kanonade mot Valder-målet, men etter mange redningar på streken greidde til slutt keeper å snappe skotet frå Trond Paulsen. Kampen

Sunnmørsposten

# Spjelkavik topper tabellen

30/5-90

**Jan E. Hoem**

Spjelkavik er i siget. Lagets tredje seier på rad etter vaklende åpning på sesongen – samt Guard-[illegible]nben på Valdervoll i går – har [illegible]t fjorårets 3. divisjonslag helt t[illegible] topps på en jevn tabell.

God laginnsats og en meget god førsteomgang var resepten «Vika» brukte for å slå Bergsøy i går. Gjestene var imidlertid godt med i perioder, og annen omgang var spillemessig jevn. Men Bergsøy overdrev småspillet og hadde på langt nær så mange feite tilbud som heimelaget, som nærmest vasset i sjanser i første omgang.

I fleng kan vi nevne: Svein Vegard Langelands skudd via utsiden av krysset og ut, skudd utenfor på åpent mål av Klausen, Øyesvold over fra to–tre meter og ei kule fra Rolf Stave Botnen fra kloss hold som skaket tverrliggeren. Øyesvold gjorde sin bom god igjen da han sju minutter før pause gjorde 1–0 og avgjorde kampen da han dukket opp inne i feltet.

Tom Paulsen hadde gjestenes største sjanse i første omgang da han dundret til på direkten etter overlegg fra Almestad. Men keeper Kolseth reddet mesterlig.

Etter pause vekslet spillet og sjansene, men ingen fikk ballen i mål. Denne omgangen var Lars Ove Almestad nærmest for Bergsøy, men han bommet for åpent mål. Heller ikke Frode Wilhelmsen fikk ballen inn etter å ha fosset oppover venstresiden og skapt en sjanse.

## 4. divisjon

30/5-90

### Sunnmøre

| | |
|---|---|
| Ellingsøy –Skodje | 3– 0 |
| Skarbøvik –Langevåg | 1– 1 |
| Spjelkavik –Bergsøy | 1– 0 |
| Sykkylven –Haddal | 3– 0 |
| Valder –Guard | 0– 1 |
| Ørsta –Herd | 2– 0 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Spjelkavik | 6 | 4 | 0 | 2 | 11– | 8 | 12 |
| Skarbøvik | 6 | 3 | 2 | 1 | 11– | 4 | 11 |
| Valder | 6 | 3 | 2 | 1 | 11– | 5 | 11 |
| Ørsta | 6 | 3 | 2 | 1 | 10– | 6 | 11 |
| Sykkylven | 6 | 2 | 4 | 0 | 8– | 4 | 10 |
| Bergsøy | 6 | 3 | 1 | 2 | 9– | 6 | 10 |
| Herd | 5 | 2 | 2 | 1 | 5– | 5 | 8 |
| Langevåg | 6 | 2 | 1 | 3 | 9– | 10 | 7 |
| Guard | 6 | 1 | 2 | 3 | 4– | 16 | 5 |
| Ellingsøy | 5 | 1 | 1 | 3 | 7– | 8 | 4 |
| Skodje | 6 | 1 | 1 | 4 | 7– | 15 | 4 |
| Haddal | 6 | 1 | 0 | 5 | 6– | 11 | 3 |

**4. divisjon**
**SPJELKAVIK–BERGSØY 1-0 (1-0)**
**Spjelkavik stadion**
**Mål: 1-0 Ole Øyesvold (38).**
**Dommer: Olav Rebbestad, Ørsta -4.**
**Spillerpoeng: 3 Ole Øyesvold, Spjelkavik, 2 Frode Furseth, Spjelkavik, 1 Nils Roger Paulsen, Bergsøy.**

*Bergsøy tapte 1-0 for Spjelkavik - men:* 1/6-90

# Likevel med i teten

*Viktig kamp mot Sykkylven på stadion ikveld*

Det vart 1-0 tap for Bergsøy i tysdagens toppoppgjer mot Spjelkavik. Dermed gjekk Spjelkavik heilt til topps på tabellen, etter at Valder tapte sensasjonelt 0-1 for Guard på Valdervoll. Etter 6 serierunder er det såleis svært jamt på tabellen, og det skil faktisk kun to poeng mellom dei seks første laga på tabellen. Det kan difor sjå ut til å gå mot ein svært jamn og interessant sesong - «der alle slår alle».

Bergsøy kom bra i gong i tysdagens oppgjer mot Spjelkavik. Etter eit kvarters spel hadde Endre Tjervåg ein kjempesjanse til å gi gjestane leiinga då han vart frispela på 5 meters hald, men diverre var Endre i ubalanse, og skotet gjekk på feil side av stolpen. Etter kvart tok heimelaget meir og meir over. SIL sine teknisk gode midtbanespelarar kombinerte fint, og tok fullstendig over kommandoen. Heimelaget spelte seg til ei rekkje store sjansar, men viste seg å vere svært ineffektive. Særleg skapte dei mange corner-situasjonane store problem for eit vaklande BIL-forsvar. I det 38. min. var det så klart for 1-0. Etter svært tafatt og nølande spel i BIL-forsvaret kunne ikkje Ole Øyesvold unngå å score då han kom heilt fri på 5 meters hald. Men også BIL hadde sine spreidde tilbod, og Trond Paulsen var nær ved å score på eit direkte-skot frå 15-16-meters hald som Vika-keeperen så [illegible] greidde å avverge.

Etter pause k[illegible] Bergsøy meir med i kampen. Nils Roger Paulsen vart flytta ned på midtbana, og ikkje minst takka vere hans arbeidskapasitet kom BIL meir med i kampen, og laget spelte seg fram til mange fine sjansar. Trond Paulsen var nær ved å utlikne på ei heading midtvegs i omgangen etter fint innlegg frå Kurt Magne Berge, men headinga frå 5 meters hald vart fint redda av keeper. Like etter kom Lars Ove Almestad åleine med keeper, men skotet strauk diverre feil side av stolpen. Også heimelaget hadde mange store tilbod, men ein halvskada BIL-keeper Kurt Ove Longva tok seg av det meste.

Spelemessig var det ingen stor kamp, men på grunn av svært vekslande spel og mange sjansar framfor begge måla, vart det ein svært sjåverdig kamp for publikum.

Bestemannsprisen på eit elles tafatt BIL-lag går til Nils Roger Paulsen. Elles var det få som kom opp mot sitt beste. Både forsvaret og midtbana virka tafatt og uinspirert, og heller ikkje Frode Wilhelmsen fekk løpeballar å jobbe med. Dermed kom ikkje BIL rundt på sidene. Spjelkavik framstod som eit ungt og teknisk godt lag.

Allereie i kveld skal altså Bergsøy ut i ein ny viktig kamp - denne gongen mot Sykkylven. Begge laga har pr. i dag 10 poeng, og er nok svært interessert i å vinne for å kunne vere med vidare i tetkampen. Sykkylven har framfor årets sesong fått ein del nyinnmeldingar, og framstår som eit slagkraftig lag under Frank Sourza si leiing. Bergsøy bør difor spele opp imot sitt maksimale om det skal bli poeng.

Vestlandsnytt

Flott 1. omgang av BIL gav grunnlag for:

# 3-1 siger over Sykkylven

## - dermed har Bergsøy framleis fin tet-kontakt

Bergsøy har framleis fin kontakt med teten etter at laget sist fredag slo Sykkylven 3-1 på Bergsøy stadion. Etter dette ligg no Bergsøy berre eitt poeng bak dei tre laga på topp - Skarbøvik, Valder og Ørsta.

Det var eit topptent BIL-lag som gjekk på bana i fredagens kamp mot Sykkylven, og det var tydeleg at dei var innstilt på å rette opp at 1-0 tapet mot Spjelkavik, tre dagar tidlegare. Bergsøy-spelarane viste vilje til å vinne duellane, og dermed kjem også spelet ofte av seg sjølv. Bergsøy kom lett igjennom Sykkylvsforsvaret på høgresida, der Frode Wilhelmsen gong på gong kom seg rundt på sida. Bergsøy spolerte to-tre store sjansar, føi det endeleg lukkast Endre Tiervåg å gi heimelaget leiinga. Endre var svært observant då han plukka opp eit laust tilbakespel, runde keeper og frå nærmast «død» vinkel greidde å skru ballen i mål, via ein forsvarar. Flott prestasjon. Dette gav opptakt til ein voldsom BIL-offensiv, og mellom anna noterte vi to kjempe-sjansar ved Frode Wilhelmsen. Først stakk han fint igjennom på side, men skotet gjekk diverre i kroppen på utrusande keeper. Like etter vart han flott frispela på 5-meter-streken av Trond Paulsen, men var i ubalanse og fekk ikkje breisida ballen i nettet. I det 35. min. gjorde Frode det godt igjen. Han starta fint på eit presist gjennomspel frå Tobben Leikanger, og sette ballen fint til side for keeper og i nettet! Og like før pause var det klart for ny scoring. Denne gongen var det Børge Hansen som snappa opp eit upresist tilbakespel, keeper halvklara skotet, men Trond Paulsen var påpasseleg framme og sende returen i hjørnet. Dermed kunne heimelaget gå til pause med ei klar 3-1 leiing etter ein flott omgang.

I 2. omgang endra kampen fullstendig karakter. Sykkylvstrenar Sourza hadde nok gjeve sine instruksjonar i pausen, for det var eit langt meir aggresivt og kjempande Sykkylvs-lag som kom på bana etter pause. Dette kombinert med at heimelaget såg ut til å vere nøgde med resultatet, gjorde at det vart eit markant Sykkylvspress gjennom heile omgangen. Utover i omgangen fekk Bergsøy ein del skadar, som gjorde at trenar Prytz måtte rokkere ein del om på laget. Dette gjorde at BIL-laget mista formasjonane, og vi sat eigentleg å venta på reduserings-målet. Heldigvis kom det ikkje før 10 min. før slutt, då Øyvind Myrstad utnytta ein forsvarsklikk i BIL-forsvaret, lobba over keeper Longva, og nærmast sprang ballen i mål. Sykkylven pressa også hardt i sluttfasen, men BIL-forsvaret greidde å ri stormen av og sikre seg nok ein verdifull siger. Alt i alt var det ein fortent siger, ikkje minst med tanke på at Bergsøy spela langt meir sjanseskapande enn gjestane. På Bergsøy gjorde ein halvskada Kurt-Ove Longva nok ein god kamp. I backrekkja viste Vidar Eikrem musklar, og tapte knapt ein duell for heile kampen. Flott kamp. Også 17-årige Sindre Reite ser ut til å vekse med oppgåvene, og leverte nok ein flott kamp med sitt pågåande backspel. På midtbana går bestemannsprisen til Endre Tjervåg for mange fine framspel, og framme gjorde Trond Paulsen ein glimrande jobb som «møtande spiss». Han «kriga» godt, var flink til å halde på ballen, og hadde mange konstruktive framspel. Årsbeste av Trond. Elles skapte løps-sterke Frode Wilhelmsen, denne gongen i ein litt tilbaketrekt posisjon, mykje hovudbry for Sykkylvs-forsvaret med sine mange fine raid. På Sykkylven likte vi best midtstoppar Steinar Bakke og målscorar Øyvind Myrstad. Domar Carl Peter Carlsen, Herd hadde full kontroll i ein reinspela kamp.

Neste oppgåve for Bergsøy er Ellingsøy borte. Etter ein treg start har Ellingsøy kome sterkt i dei siste kampane. Men på ei anna side, vil Bergsøy framleis vere med i teten, må ein vinne denne kampen. Bergsøy slit med ein del skadar, men vonar å få med både Frode Wilhelmsen, Lars Ove Almestad og Børge Hansen til denne viktige kampen.

### 4. DIVISJON

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik ....... | 7 | 4 | 2 | 1 | 14– 5 | 14 |
| Valder ............ | 7 | 4 | 2 | 1 | 13– 5 | 14 |
| Ørsta .............. | 7 | 4 | 2 | 1 | 13– 7 | 14 |
| Bergsøy .......... | 7 | 4 | 1 | 2 | 12– 7 | 13 |
| Spjelkavik ....... | 7 | 4 | 0 | 3 | 11– 10 | 12 |
| Sykkylven ....... | 7 | 2 | 4 | 1 | 9– 7 | 10 |
| Langevåg ........ | 7 | 2 | 2 | 3 | 11– 12 | 8 |
| Herd ............... | 6 | 2 | 2 | 2 | 6– 8 | 8 |
| Ellingsøy ........ | 6 | 2 | 1 | 3 | 12– 9 | 7 |
| Guard ............. | 7 | 1 | 3 | 3 | 6– 18 | 6 |
| Skodje ............ | 7 | 1 | 1 | 5 | 8– 18 | 4 |
| Haddal ............ | 7 | 1 | 0 | 6 | 7– 16 | 3 |

# Forsvarstabbar i Fosnavåg

SP - 2/6-90

**4. divisjon**
**BERGSØY–SYKKYLVEN 3–1 (3–0)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1–0 Endre Tjervåg (23), 2–0 Frode Wilhelmsen (35), 3–0 Trond Paulsen (42), 1–3 Øyvind Myrstad (80).**
**Domar: Carl Peter Carlsen, Herd -3.**
**Spelarpoeng: 3 Endre Tjervåg, Bergsøy. 2 Frode Wilhelmsen, Bergsøy. 1 Per Gunnar Ulla, Sykkylven.**

**Av Per Moltu**

Tre av fire mål kom på forsvarstabbar i kampen mellom Bergsøy og Sykkylven. Sykkylven gjorde dei største forsvarsbrølarane, og måtte reise heim utan poeng. Laga hadde kvar sin omgang. Bergsøy den første, gjestane andre. Med 0–3 ved pause måtte Sykkylven gå offensivt ut etter sidebytte, men måtte nøye seg med å redusere ein gong.

Etter eit labert opningskvarter vart det ein underhaldande siste halvtime. Det verka som panikken breidde seg når raske Frode Wilhelmsen og Endre Tjervåg regisserte det eine angrepet etter det andre. Ein Endre Tjervåg i stigande form kom først på scoringslista. I det 23. minuttet snappa han opp eit tilbakespel og ballen satt i nota. Bergsøy sitt andre mål kom etter eit glimrande angrep som henta rett frå læreboka. Torbjørn Leikanger frispelte Frode Wilhelmsen, og med si store fart stakk han frå Sykkylvs-forsvararane. Keeper Garli var sjanselaus i møtet med Wilhelmsen. Tre minutt før pause snappa Børge Hansen opp eit nytt hårreisande tilbakespel, keeper halvklara, og Trond Paulsen var påpasseleg framme og sende returen i hjørnet.

Sykkylvs-trenar Suorza hadde nok gjeve sine instruksjonar i pausen. Det var eit langt meir aggressivt og kjempande lag som kom på bana. Først ti minutt før full tid lukkast det å redusere. Denne gongen var det Bergsøy sin tur å slurve med eit tilbakespel. Det utnytta Øivind Myrstad, som sende ballen i hjørnet bak keeper Longva.

# Bergsøy skutt i senk

**4. divisjon**
**ELLINGSØY–BERGSØY 4–0 (0–0)**
**Nes stadion**
**Mål: 1–0 Frank Thomassen (54), 2–0 Inge Skotte (71), 3–0 sjølmål (87), 4–0 Thomassen (90+2).**
**Dommer: Njål Rønning, Valder – 4.**
**Spillerpoeng: 3 Alf Røren, Ellingsøy, 2 Frank Thomassen, Ellingsøy, 1 Vidar Elkrem, Bergsøy.**

– I dag kunne vi like godt ha sendt draktene, sukket Bergsøy-trener Bjørn Prytz på slutten av en kamp der hans fra før skadeskutte lag gikk enda mer i fysisk oppløsning. Frode Wilhelmsen og Nils Roger Paulsen spilte ikke p.g.a. skade, og i løpet av kampen måtte halvskadde spillere ut for ende. At Bergsøy fullførte sluttminuttene med åtte mann på banen sier det meste! Det har vi aldri opplevd før, og her var det ikke røde kort som var årsaken.

Likevel holdt de bleike gjestene nullen i godt og vel en omgang. Ellingsøy kan også glemme 1. omgangen, den var slurvete og svak selv om det var heimelaget som hadde målsjansene. Bergsøy hadde kun én skikkelig sjanse i hele kampen. Etter pause dundret Frank Thomassen inn to flotte mål og la opp til sjølmålet, mens Inge Skotte vant en luftduell med keeper og headet inn nr. 2. Innlegget serverte Petter Trond Ekornesvåg.

Ellingsøy er skikkelig i støtet for tida og har radet opp tre seirer med målforholdet 12–1. I går var det bare den harde kjerne av tilhengere som innfant seg på Nes, resten valgte VM-åpning på TV. Banens klare ener var EIL-kaptein Alf Røren på stopperplass. Nå er han blitt virkelig god.

# 4. divisjon

## Sunnmøre

**Ellingsøy –Bergsøy ........ 4– 0**
**Langevåg –Herd ........ 1– 0**
**Skarbøvik –Skodje ........ 2– 1**
**Spjelkavik –Guard ........ 0– 0**
**Sykkylven –Valder ........ 3– 2**
**Ørsta –Haddal ........ 3– 0**

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 8 | 5 | 2 | 1 | 16– | 6 | 17 |
| Ørsta | 8 | 5 | 2 | 1 | 16– | 7 | 17 |
| Valder | 8 | 4 | 2 | 2 | 15– | 8 | 14 |
| Sykkylven | 8 | 3 | 4 | 1 | 12– | 9 | 13 |
| Bergsøy | 8 | 4 | 1 | 3 | 12– | 11 | 13 |
| Spjelkavik | 8 | 4 | 1 | 3 | 11– | 10 | 13 |
| Langevåg | 8 | 3 | 2 | 3 | 12– | 12 | 11 |
| Ellingsøy | 7 | 3 | 1 | 3 | 16– | 9 | 10 |
| Herd | 7 | 2 | 2 | 3 | 6– | 9 | 8 |
| Guard | 8 | 1 | 4 | 3 | 6– | 18 | 7 |
| Skodje | 8 | 1 | 1 | 6 | 9– | 20 | 4 |
| Haddal | 8 | 1 | 0 | 7 | 7– | 19 | 3 |

SP 9/6-90

VN – 12/6-90

*Eit snev av parodi då:*

# BIL tapte 0-4 for Ellingsøy

## *Skadeskotne BIL avslutta med 7 mann på bana*

Det var eit litt tragikomisk skjer over fredagens kamp mellom Ellingsøy og Bergsøy, som heimelaget EIL til slutt vann fortent 4-0. Dette vart den reine parodien av ein fotballkamp. Det frå før skadeskotne Bergsøy-laget fekk seg diverre mange «trøkkar», og ut over i 2. omgang vart det færre og færre BIL-spelarar på bana. Men i motsetning til Kamerun, vart ikkje laget tappa på grunn av raude kort, men eine og åleine av skadar. Då Ellingsøy scora sitt siste mål to minutt på overtid, og la på til 4-0, var det berre 7 Bergsøy-spelarar på bana. Dette skulle fortelje det meste. - Eg har vore med på dette gamet ein del år, men har aldri opplevd maken, sukka ein lettare oppgitt BIL-trenar Bjørn Prytz etter kampen. Men vi får prøve å lappe saman karane, og kome sterkare igjen til fredagens toppkamp mot Ørsta på Bergsøy stadion. Med siger her har vi framleis tetkontakt!

Allereie frå avspark var det noko bleikt og tamt over BIL-laget, som stilte utan Frode Wilhelmsen og Nils Roger Paulsen. Det var tydeleg at dei mange halvskada spelarane hadde problem med å yte maksimalt. Likevel heldt Bergsøy 0-0 til pause etter ein jamnspela omgang, der likevel heimelaget hadde d farlegaste sjansane.

Men så tok problema for alvor t å melde seg for Bergsøy. I tur og o den vart Trond Paulsen, Lars O Almestad, Børge Hansen, Vid Eikrem og Kenneth Petterse skada og måtte takast av bana, o heimelaget tok naturleg nok fu stendig over kommandoen, og set inn 4 mål den siste halvtimen.

Bergsøy bør gløyme denne kam pen snarast råd, og sette inn al ressursar på få friske flest mogle slik at ein kan stille eit slagkrafti lag til fredagens toppkamp mot Ø sta.

VN – 12/6-90

## 4. DIVISJON

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik ........ | 8 | 5 | 2 | 1 | 16– 6 | 17 |
| Ørsta .............. | 8 | 5 | 2 | 1 | 16– 7 | 17 |
| Valder ............. | 8 | 4 | 2 | 2 | 15– 8 | 14 |
| Sykkylven ........ | 8 | 3 | 4 | 1 | 12– 9 | 13 |
| Bergsøy .......... | 8 | 4 | 1 | 3 | 12– 11 | 13 |
| Spjelkavik ........ | 8 | 4 | 1 | 3 | 11– 10 | 13 |
| Langevåg ......... | 8 | 3 | 2 | 3 | 12– 12 | 11 |
| Ellingsøy ......... | 7 | 3 | 1 | 3 | 16– 9 | 10 |
| Herd ............... | 7 | 2 | 2 | 3 | 6– 9 | 8 |
| Guard .............. | 8 | 1 | 4 | 3 | 6– 18 | 7 |
| Skodje ............. | 8 | 1 | 1 | 6 | 9– 20 | 4 |
| Haddal ............. | 8 | 1 | 0 | 7 | 7– 19 | 3 |

*Etter 0-2-tap mot Ørsta:* VN - 19/6 - 90

# Bergsøy ut av tetstriden

Bergsøy er tydelegvis inne i ei blindgate, og tapte den viktige toppkampen mot Ørsta 0-2 på Bergsøy stadion fredag kveld. Etter to strake tap har no Bergsøy mist kontakta med tetstriden, og bør no konsentrere seg om å halde laga bak seg på tabellen på avstand. Det store skadeomfanget er nok hovedgrunnen til at BIL-laget no «haltar». I fredagens kamp mot Ørsta måtte BIL unnvære Frode Wilhelmsen og Børge Hansen. Frode er forøvrig uaktuell for resten av sesongen då han no skal begynne i ny jobb i Oslo-distriktet. I tillegg er mange spelarar halvskada, og «milevis» frå forma. Ørsta fekk såleis lettare spel enn dei hadde frykta på førehand. Men det skal ikkje ta frå det unge Ørsta-laget æra for ein godt gjennomført kamp. Ørsta er tydelegvis i ferd å bygge opp eit nytt, ungt lag - med jamnt over god teknikk og fin speleforståing. Dersom ørstingane får behalde dette laget ei tid framover, er det mykje som tyder på at laget snart blir å finne i 3. divisjon igjen.

Ørsta fekk ein pangstart. Allereie etter 2 min. var det klart for leiing til gjestane, då ein cornar vart stussa til Svein Erik Grevsnes som med hovudet lett kunne styre ballen i mål. Etter dette kom Bergsøy sterkare med og var fullt på høgde med gjestane spelemessig. Men Ørsta sine angrep var langt meir konstruktive og «giftige», og det oppstod fleire farlege situasjonar framfor BIL-keeper Kurt-Ove Longva. To gongar small ballen i stolpen. Etter ein halvtimes spel vart kampen i realiteten avgjord. Ørsta sin gode midtbanespelar Anders Austrheim stakk igjennom på eit frispark, og fullstendig umarkert kunne han lette ballen over ein møtande BIL-keeper. Like etter var BIL nær redusering då Lars Ove Almestad kom åleine med keeper, [illegible] med ei rask reak- [illegible]

Også etter sidebytte var det mykje midtbane-kjemping, men gjestane var likevel mest bevegelege og konstruktive. Begge laga hadde store scoringssjansar, som begge keeperane ordna opp i. Bergsøy sin største sjanse i denne omgangen hadde Henning Solem då han kom åleine med keeper, men også dette skotet vart stoppa av Ørsta-keeperen. Alt i alt ein fortent Ørsta-siger. BIL-laget haltar stygt, og berre Henning Solem , som no er tilbake i BIL-trøya etter eit kort gjesteopphald i Goma, greidde å sette gjesteforsvaret på større prøver. Midtbanespelet fungerte svært dårleg, og særleg har laget store problem med å kome fram på sidene. Bakover på bana vil vi igjen gi ros til 17-årige Sindre Reite som viser ein markeringsstyrke og innsatsvilje som mange av hans lagkamertar burde lære av. Også pluss til keeper Kurt Ove Longva, som ikkje kan lastast for noko av scoringane.

God domar var 1. divisjonsdomar Lars Kåre Rogne frå Brattvåg, som måtte dele ut tre gule kort til Ørsta-spelarar.

VN - 19/6 - 90

## 4. DIVISJON

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 9 | 6 | 2 | 1 | 20- 6 | 20 |
| Ørsta | 9 | 6 | 2 | 1 | 18- 7 | 20 |
| Valder | 8 | 4 | 2 | 2 | 15- 8 | 14 |
| Sykkylven | 9 | 3 | 5 | 1 | 13- 10 | 14 |
| Langevåg | 9 | 4 | 2 | 3 | 14- 13 | 14 |
| Spjelkavik | 9 | 4 | 2 | 3 | 12- 11 | 14 |
| Bergsøy | 9 | 4 | 1 | 4 | 12- 13 | 13 |
| Ellingsøy | 7 | 3 | 1 | 3 | 16- 9 | 10 |
| Herd | 8 | 2 | 3 | 3 | 8- 11 | 9 |
| Guard | 9 | 1 | 5 | 3 | 8- 20 | 8 |
| Skodje | 9 | 1 | 1 | 7 | 10- 22 | 4 |
| Haddal | 9 | 1 | 0 | 8 | 7- 23 | 3 |

SP- 16/6-90

# Ørsta heng med

Av Per Moltu

Med to scoringar den første halvtimen avgjorde Ørsta den viktige kampen mot Bergsøy og vann 2–0. Ørsta sjokkopna. Kampen var berre to minutt gammal då ein corner vart stussa til Svein Erik Grevsnes, som med hovudet styrte ballen i mål. Bergsøy-forsvaret var langt frå patent ved dette høvet.

Det var det heller ikkje ved den neste scoringa som kom etter halvtimen. Anders Austrheim stakk gjennom på eit frispark og lobba over keeper Kurt Ove Longva.

Det vart med desse to måla, sjølv om sjansane var der på begge sider, både før og etter pause. Austrheim var nær ved å notere seg for hat trick før pause. To gonger small ballen i tverrliggaren frå støvelen hans, og han noterte seg for eit par susarar like over.

Eit skadeskote Bergsøy-lag kjempar for tida i motvind og får lite til. Laget heng dårleg saman, og målteften er fullstendig borte. Det er tydeleg at raske Frode Wilhelmsen er sakna i angrepet. Henning Solem årsdebuterte i Bergsøy-rekka etter opphaldet i Goma, men makta ikkje å skape den nødvendige brodden. Det skal mange og klare sjansar til før Bergsøy scorar. Tre gonger var dei åleine med keeper, men klikka i den avgjerande augneblinken.

Det var langt betre formasjon over Ørsta sitt spel. Laget greidde å utnytte målsjansane og vann på det. Laget er dermed stadig likt i poeng med leiarlaget SIF.

**4. divisjon**
**BERGSØY–ØRSTA 0–2 (0–2)**
**Bergsøy stadion**
**Mål:** 0–1 Svein Erik Grevsnes (2), 0–2 Anders Austrheim (30).
**Dommar:** Lars Kåre Rogne, Brattvåg – 4.
**Gult kort:** Arnstein Sandvik, Svein Erik Grevsnes og Arve Halkjelsvik, alle Ørsta.
**Spelarpoeng:** 3 Anders Austrheim, Ørsta, 2 Tore Brekke Halse, Ørsta, 1 Vidar Elkrem, Bergsøy.

| | |
|---|---|
| **Bergsøy–Ørsta** | 0– 2 |
| **Guard–Herd** | 2– 2 |
| **Haddal–Skarbøvik** | 0– 4 |
| **Skodje–Langevåg** | 1– 2 |
| **Spjelkavik–Sykkylven** | 1– 1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 9 | 6 | 2 | 1 | 20– 6 | 20 |
| Ørsta | 9 | 6 | 2 | 1 | 18– 7 | 20 |
| Valder | 8 | 4 | 2 | 2 | 15– 8 | 14 |
| Sykkylven | 9 | 3 | 5 | 1 | 13– 10 | 14 |
| Langevåg | 9 | 4 | 2 | 3 | 14– 13 | 14 |
| Spjelkavik | 9 | 4 | 2 | 3 | 12– 11 | 14 |
| Bergsøy | 9 | 4 | 1 | 4 | 12– 13 | 13 |
| Ellingsøy | 7 | 3 | 1 | 3 | 16– 9 | 10 |
| Herd | 8 | 2 | 3 | 3 | 8– 11 | 9 |
| Guard | 9 | 1 | 5 | 3 | 8– 20 | 8 |
| Skodje | 9 | 1 | 1 | 7 | 10– 22 | 4 |
| Haddal | 9 | 1 | 0 | 8 | 7– 23 | 3 |

S-P- 16/6-90

## Sunnmøre

| | |
|---|---|
| **Valder–Ellingsøy** | 3– 1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 9 | 6 | 2 | 1 | 20– 6 | 20 |
| Ørsta | 9 | 6 | 2 | 1 | 18– 7 | 20 |
| Valder | 9 | 5 | 2 | 2 | 18– 9 | 17 |
| Sykkylven | 9 | 3 | 5 | 1 | 13– 10 | 14 |
| Langevåg | 9 | 4 | 2 | 3 | 14– 13 | 14 |
| Spjelkavik | 9 | 4 | 2 | 3 | 12– 11 | 14 |
| Bergsøy | 9 | 4 | 1 | 4 | 12– 13 | 13 |
| Ellingsøy | 8 | 3 | 1 | 4 | 17– 12 | 10 |
| Herd | 8 | 2 | 3 | 3 | 8– 11 | 9 |
| Guard | 9 | 1 | 5 | 3 | 8– 20 | 8 |
| Skodje | 9 | 1 | 1 | 7 | 10– 22 | 4 |
| Haddal | 9 | 1 | 0 | 8 | 7– 23 | 3 |

SPr 23/6-90

# Solem felte SIF

## kampfakta

**4. divisjon**
**SIF–BERGSØY 1–2 (0–1)**
**SIF stadion**
**Mål: 0–1 Henning Solem (28), 0–2 Solem (75), 1–2 Bjørn Solvåg (str., 90).**
**Dommer: Magne Tøsse, Stordal – 4.**
**Gult kort: Robert Vestre, SIF og Henning Solem, Bergsøy.**
**Spillerpoeng: 3 Henning Solem, Bergsøy, 2 Nils Roger Paulsen, Bergsøy, 1 Olav Thorvik, SIF.**

Gunnar Lorgen

SIF har stadig problemer med å få til skikkelig spill på heimebane, og mot Bergsøy ser det ut til å være ekstra vanskelig. I fjor ledet de 4. divisjon og tapte for Herøy-laget heime, og det samme gjentok seg i går. Henning Solems raske bein og gode skudd ble ødeleggende for heimelaget. Henning hadde ballen i nettet tre ganger, men den siste ble annullert for offside.

Bergsøy overlevde åpningsminuttene uten baklengsmål takket være elendige SIF-avslutninger og en god porsjon flaks med tre redninger på streken i samme angrep. Gradvis mistet heimelaget den lille gnist de måtte ha, og likeså humøret. De pumpet ballen over egen midtbane og ga Bergsøy-forsvaret lett spill. Gjestene tok sakte men sikkert over styringa i kampen. En fin stikkball ga Solem sjansen som han ikke misbrukte, og dermed 0–1. Kurt Magne Berge var like ved å øke før pausen.

I 2. omgang var Solen stadig frampå, men uten å treffe målet med sine to første forsøk. Det gjorde han uten problemer etter et flott framspill fra backen Per Arne Aarvik da det gjensto et kvarter. Dermed var det lite håp for SIF, som hadde misbrukt en god utlikningssjanse da Bjørn Solvåg skjøt like utenfor etter at Bergsøy-forsvaret hadde problemer med et frispark.

SIF måtte forlate tetplassen etter dette tapet, men fikk litt trøst helt på slutten da dommer Tøsse innvilget laget et tilsynelatende lettkjøpt straffespark. Bjørn Solvåg misset ikke på den muligheten. Men det var for seint å redde stumpene for et SIF-lag som på ingen måte liknet en serieleder i denne kampen. Bergsøy ville mer, turde mer og kunne mer i denne kampen, og Henning Solems heimkomst har utvilsomt betydd en forsterkning. Spissmakker Trond Paulsens kloke pasninger var også viktige.

Før kampen ble Lasse Bjerknes (som ikke spilte p.g.a. sjukdom) og Rolf Bolsø tildelt blomster for 500 A-kamper for SIF. De kunne nok ha ønsket seg en hyggeligere markering.

## 4. divisjon

### Sunnmøre

SP-23/6-90

| | |
|---|---|
| Ellingsøy–Spjelkavik | 2–1 |
| Herd–Skodje | 1–1 |
| Langevåg–Haddal | 4–2 |
| Skarbøvik–Bergsøy | 1–2 |
| Ørsta–Valder | 1–1 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 10 | 6 | 3 | 1 | 19– | 8 | 21 |
| Skarbøvik | 10 | 6 | 2 | 2 | 21– | 8 | 2[illegible] |
| Valder | 10 | 5 | 3 | 2 | 19– | 10 | 1[illegible] |
| Langevåg | 10 | 5 | 2 | 3 | 18– | 15 | 1[illegible] |
| Ellingsøy | 10 | 5 | 1 | 4 | 22– | 14 | 16 |
| Bergsøy | 10 | 5 | 1 | 4 | 14– | 14 | 16 |
| Sykkylven | 9 | 3 | 5 | 1 | 13– | 10 | 14 |
| Spjelkavik | 10 | 4 | 2 | 4 | 13– | 13 | 14 |
| Herd | 10 | 2 | 4 | 4 | 10– | 15 | 10 |
| Guard | 9 | 1 | 5 | 3 | 8– | 20 | 8 |
| Skodje | 10 | 1 | 2 | 7 | 11– | 23 | 5 |
| Haddal | 10 | 1 | 0 | 9 | 9– | 27 | 3 |

*Sterk kamp av Bergsøy gav:* VN – 26/6 – 90

# 2-1 over Skarbøvik

Bergsøy leverte ein taktisk svært godt gjennomført kamp da laget heiste kjerringa etter tapa mot Ellingsøy og Ørsta, og slo Skarbøvik 2-1 på «Siffen». På grunn av den store skadelista, måtte Bjørn Prytz på nytt ommøblere på laget, og dette skulle vise seg å gi svært positive utslag. Per Arne Årvik kom inn på backplass, samstundes som Sindre Reite vart plassert sentralt på midtbana. Dette gjorde at det vart meir i balanse i laget, samtidig som raske Henning Solem var i storslag, og skapte store problem for meir og meir frustrerte «bygutar». SIF vart etter tapet skubba bort ifrå tetplassen, samtidig som dei andre resultata frå denne runda gjorde at Bergsøy framleis har tetkontakt. Og med siger i den siste heimekampen mot Langevåg fredag, har BIL eit ypperleg utgangspunkt framfor haustsesongen. Då har dei skada spelarane heile sommarferien til å lege skadane sine på, samtidig som Bergsøy vil få ei fin forsterkning i og med at Gullik Gjelstadli kjem tilbake etter eit opphald i Oslo.

Men over til fredagens kamp SIF. Også i denne kampen hadde Bergsøy store problem i opningsfasen, og det var eit under at det ikkje blei baklengsmål i opningsminutta. Tre gongar vart det redda på streken i same angrep. Gradvis tok Bergsøy meir og meir over styringa i kampen, og etter ein halvtime var det klart for 1-0 til BIL. Raske Henning Solem fekk ein fin stikkball, og åleine med keeper gjorde han ingen feil. Like etter var Kurt Magne Berge nær ved å auke leiinga, då han dundra til på direkten frå 16-meters hald, men ballen strauk stolpen på feil side.

I 2. omgang fortsette Solem sine mange raid. Spisskollega Trond Paulsen var flink til å halde på ballen, og gi dei rette pasningar, som gong på gong opna ein SIF-forsvaret. Henning kom tidleg i 2. omgang åleine med keeper, men marginane var ikkje på hans side. Men etter ein halvtimes spel vart kampen endeleg avgjort. Nok ein gong var det Henning som var på farten då han mottok ein fin stikkball frå Per Arne Årvik, og sette ballen sikkert i nota. I denne fasen registrerte vi berre eit farleg SIF-oppløp - då Bjørn Solevåg skaut like utanfor etter at BIL-forsvaret hadde problem med å avklare eit frispark. Henning Solem hadde også inne sitt tredje mål, men uforståeleg nok vart dette annulert for offside, då linjemannen ikkje var på høgde med situasjonen. På overtid fekk imidlertid SIF «tildelt» eit svært lettkjøpt straffespark som Bjørn Solvåg sette sikkert i nettet., Men heldigvis fekk ikkje denne feilvurderinga av domar Tøsse frå Stordal innverknad på poengutdelinga. Alt i alt ein fortent siger til Bergsøy, der heile laget fortener ros for svært god kjemping. Men likevel eit ekstra pluss til to-målsscorar Solem og midtbaneduoen Nils Roger Paulsen og Sindre Reite, som kjempa svært godt sine sentrale midtbaneposisjonar.

## 4. DIVISJON

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 10 | 6 | 3 | 1 | 19– | 8 | 21 |
| Skarbøvik | 10 | 6 | 2 | 2 | 21– | 8 | 20 |
| Valder | 10 | 5 | 3 | 2 | 19– | 10 | 18 |
| Langevåg | 10 | 5 | 2 | 3 | 18– | 15 | 17 |
| Ellingsøy | 10 | 5 | 1 | 4 | 22– | 14 | 16 |
| Bergsøy | 10 | 5 | 1 | 4 | 14– | 14 | 16 |
| Sykkylven | 10 | 3 | 5 | 2 | 13– | 11 | 14 |
| Spjelkavik | 10 | 4 | 2 | 4 | 13– | 13 | 14 |
| Guard | 10 | 2 | 5 | 3 | 9– | 20 | 11 |
| Herd | 10 | 2 | 4 | 4 | 10– | 15 | 10 |
| Skodje | 10 | 1 | 2 | 7 | 11– | 23 | 5 |
| Haddal | 10 | 1 | 0 | 9 | 9– | 27 | 3 |

S.P. 30/6-90

# Årvik matchvinner

Av Per Moltu

Bergsøy-backen Per Arne Årvik var Fosnavågs gladaste gut i går kveld. 10 minutt før full tid på stillinga 2-2 fekk Årvik skikkeleg dreis på eit skot frå 18 meters hald, og ballen fauk inn i hjørnet bak ein fortvila Langevåg-keeper, Tom Veddegjerde. Dei tre poenga han sikra laget sitt har på nytt gjeve Bergsøy kontakt med tet-laga.

Spelemessig var det langt frå nokon god kamp Langevåg og Bergsøy presterte, feilpasningane florerte og kampen vart ført i eit oppjaga tempo.

Bergsøy fekk ein fin start på kampen då laget gjekk opp til 1-0 etter berre sju minutt på ei glimrande scoring. Raske Henning Solem førde opp i stort tempo på venstre flanken, på innlegget framfor mål kom lagkaptein Endre Tjervåg stormande til og dundra ballen i hjørnet. Langevåg sitt utlikningsmål vel fem minutt før sidebytte kom etter passivt spel i Bergsøy-forsvaret. Ronny Fiskerstrand fekk lobba ballen over keeper Longva.

**4. divisjon**
**BERGSØY–LANGEVÅG 3–2 (1–1)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1-0 Endre Tjervåg (7), 1-1 Ronny Fiskerstrand (38), 1-2 André Fylling (62), 2-2 Endre Tjervåg (70), 3-2 Per Arne Årvik (80).**
**Dommar: Erik Mørkeset, Hessa -4.**
**Gult kort: Sindre Reite og Kurt Magne Berge, begge Bersøy.**
**Spillerpoeng: 3 - Endre Tjervåg, Bergsøy, 2 - Henning Solem, Bergsøy. 1 - Mathias Raknes, Langevåg.**

I andre omgang kom Langevåg best i gang, og leiarmålet kom som eit resultat av god kjemping. André Fylling drog seg forbi eit passivt Bergsøy-forsvar og skora sikkert. Bergsøy utligna halvvegs i omgangen. Ei pasning frå Årvik nikka Solem vidare til Endre Tjervåg, som dribla av ein motstandar før ballen sat i nettet. Og med Årvik sitt sigersmål som punktum stod heimelaget for tre flotte scoringar og ser ut til å vere ferdige med måltørken.

| | |
|---|---|
| **Bergsøy–Langevåg** | 3–2 |
| **Haddal–Herd** | 2–3 |
| **Skodje–Guard** | 1–1 |
| **Spjelkavik–Ørsta** | 2–2 |
| **Sykkylven–Ellingsøy** | 2–1 |
| **Valder–Skarbøvik** | 1–0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 11 | 6 | 4 | 1 | 21–10 | 22 |
| Valder | 11 | 6 | 3 | 2 | 20–10 | 21 |
| Skarbøvik | 11 | 6 | 2 | 3 | 21–9 | 20 |
| Bergsøy | 11 | 6 | 1 | 4 | 17–16 | 19 |
| Sykkylven | 11 | 4 | 5 | 2 | 15–12 | 17 |
| Langevåg | 11 | 5 | 2 | 4 | 20–18 | 17 |
| Ellingsøy | 11 | 5 | 1 | 5 | 23–16 | 16 |
| Spjelkavik | 11 | 4 | 3 | 4 | 15–15 | 15 |
| Herd | 11 | 3 | 4 | 4 | 13–17 | 13 |
| Guard | 11 | 2 | 6 | 3 | 10–21 | 12 |
| Skodje | 11 | 1 | 3 | 7 | 12–24 | 6 |
| Haddal | 11 | 1 | 0 | 10 | 11–30 | 3 |

*Fin våravslutning av Bergsøy:* VN- 5/7 90

# 3-2 over Langevåg - og dermed tetkontakt

Bergsøy fekk ei fin avslutning på vårsesongen då laget fulgde opp den fine 2-1 sigeren mot SIF i førre serierunde - med å vinne 3-2 over Langevåg på Bergsøy stadion sist fredag. Etter desse to sigrane har Bergsøy klatra fram til ein 4. plass på tabellen, og ligg berre 3 poeng bak leiarlaget Ørsta, 2 poeng bak Valder og 1 poeng bak Skarbøvik. Dermed har BIL skaffa seg eit interessant utgangspunkt framfor haustsesongen. Hovedsiktemålet for Bergsøy denne sommaren, bør ved sidan av å trene hardt og målbevisst, vere å få alle spelarane skadefrie med sikte på å kunne stille eit mest mogleg slagkraftig lag til den spanande serieinnspurten. Sett på bakgrunn av det store fråfallet på grunn av skadar, og dermed mykje ommøblering på laget, har BIL levert ein jamnt over god vårsesong. At forsvarskjempa Gullik Kjelstadli også er disponibel for laget i haustsesongen, etter eitt år i Oslo, svekkar heller ikkje laget.

Fredagens kamp mot Langevåg var ingen stor kamp. Feilpasninganane florerte, og det vart gjort svært mange personlege feil på begge laga. Men BIL-laget skal ha ros for at aldri gav opp, og det var sterkt å kome igjen å avgjere kampen til sin fordel etter at Langevåg tok leiinga eit kvarter ut i 2. omgang.

Bergsøy opna best, og allereie etter sju minutt låg den første ballen i nota. Henning Solem, som for tida er i storslag, forserte i stort tempo på venstresida, og innlegget sette kaptein Endre Tjervåg sikkert i nettet. Etter tok gjestane meir og meir over kommandoen. Dei var raskare på ballen, og sette Bergsøy-forsvaret på mange vanskelege prøver. Bergsøy på si side var for lite konstruktive i den offensive delen, og særleg vart flankespelet neglisjert. Dette gjorde oppgåva for Langevågforsvaret etter måten lett. Utlikningsmålet låg «i lufta», og 5 min. før pause stod det 1-1. Etter svært passivt spel i BIL-forsvaret kunne Ronny Fiskerstrand lobbe ballen over keeper Longva og i mål.

Også i 2. omgang var det gjestane som såg ut til å ville mest, og i det 62. min. var det klart for 2-1 til LIL. Ein Langevågspelar plukka opp eit dårleg utspel, og leverte til ein heilt umarkert Andre Fylling, som åleine med keeper sette ballen i hjørnet. Bergsøy såg no ut til å forstå alvoret, samtidig som trenar Prytz sette inn Lars-Ove Almestad og Børge Hansen. Dette gav meir fart over BIL-angrepa, og berre 8 minutt seinare vart det klart for utlikning etter eit flott angrep. Ei presis pasning frå Per Arne Årvik nikka Henning Solem vidare til kaptein Endre Tjervåg, som etter å ha dribla av ein motstandar sette ballen kontant i hjørnet. Fin prestasjon. Og BIL-publikumet skulle få meir å glede seg over. 10 min. før full tid fossa backen Årvik framover frå sin backplass, og sende av garde eit uventa skot som fauk inn i hjørnet bak ein fortvila Tom Veddegjerde i Langevågmålet. Bergsøy konsentrerte seg no om å sikre sigeren, og med 3-2 ebba kampen ut.

Trass i sigeren, var det ingen stor kamp av heimelaget. Laget ser ut til å visse problem med formasjonane, og særleg blir det for lite konstruktivt spel på midtbana. Det var svært sjeldan at laget kom seg rundt på sidene, og til hausten bør ein kanskje i sterkare grad legge opp spelestilen til betre å kunne utnytte kapasiteten til løpssterke karar Solem og Almestad. Dagens mann var naturleg nok Per Arne Årvik som ved sidan av å bli matchvinnar viste friskt og oppofrande spel gjennom heile kampen. Pluss også til Solem som skapte mykje bry for LIL-forsvaret med sine raske forseringar, og til to-målsscorar Endre Tjervåg. Hos Langevåg likte vi best høgrevingen Mathias Raknes, som hadde mange fine forseringar. God domar var Erik Mørkeseth, Hessa.

VN - 2/8-90

*Bergsøy avanserte til 3. plass etter:*

# 1-0 siger over Herd

VN - 2/8-90

Bergsøy avslutta vårsesongen med to fine sigrar over Skarbøvik og Langevåg. Tysdag heldt laget fram sigersrekkja ved å vinne 1-0 over Herd, og fekk dermed revansje for 1-2 tapet i sesongpremieren. Etter desse tre sigrane har dermed Bergsøy klatra heilt opp på tredje plass på tabellen, og ligg berre 2 og 1 poeng bak leiarduoen Valder og Ørsta. Dermed er laget i høgste grad med i tetkampen.

Bergsøy hadde i denne kampen justert litt på formasjonane. Gullik Kjelstadli (tilbake etter eit opphald i Oslo) og Vidar Eikrem markerte Herd sine to angriparar, medan Asbjørn Prytz sikra bak. Sidebackane Per Arne Årvik og Kurt Magne Berge vart såleis frigidde til å kunne ofre seg litt meir på den offensive delen. Defensivt fungerte systemet godt, og det var heller sjeldan Herd greidde å spele seg fram til sjansar. Offensivt hadde heimelaget større problem. Ein del av spelarane vart for stasjonære, og dette gjorde jobben for Herd-forsvararane enkel. Vi sakna større kreativitet. Særleg hadde vi sett at Bergsøy kunne utnytte sine mange raske løparar på ein meir effektiv måte. Men spelet klumpa seg ofte i midten, i staden for å forsøke å kome seg fram på sidene. Bergsøy sine største sjansar vart ofte skapte på enkelmannsprestasjonar - og ofte ved raske Henning Solem. Sjølv om Henning ikkje lukkast i avslutningane var han eit stadig uromoment for by-forsvarane, og til tider var han ei løparrekkje åleine.

Herd opna best mot eit litt tafatt og forsiktig BIL-lag, og Roger Holand hadde kampens første store sjanse etter eit kvarter, men han fekk ikkje dreis på skotet frå straffefeltet. Like etter hadde Henning Solem ei flott forsering, men innlegget vart for upresist. I det 23. minutt kom så målet som skulle vise seg å avgjere kampen. Nils Roger Paulsen la eit presist frispark, som Endre Tjervåg stup-heada nydeleg i mål. Dermed har Endre scora tre mål på dei to siste kampane. Begge laga hadde sine sjansar til ytterlegare scoringar, men utan å lukkast. Like før dommaren bles av for full tid vart Per Arne Årvik spela fint fri av Endre Tjervåg, men skotet gjekk diverre nokre få centimeter til side for mål.

Like etter pause var Henning Solem nær ved å gi laget leiinga på nytt. Han fossa fram på venstresida - men det harde skotet vart meisterleg redda av Herd-keeper Jon-Erik Engeset. Bergsøy varierte i denne omgangen spelet betre, utan å skape dei heilt store sjansane. Men også Herd hadde 2-3 store måltilbod som nær hadde gjeve utteljing, men avslutningane vart alt for dårlege. Fem minutt før slutt var veteranen Helge Røsvik nær ved å utlikne då han styrte eitt innlegg frå innbyttaren Jan Krogen like til side for mål. Men kampen ebba ut med 1-0 siger til heimelaget.

Hos Bergsøy likte vi best midtstoppar-trioen Kjelstadli, Eikrem, Prytz. På midtbana kjempa både Endre Tjervåg og Nils Roger Paulsen godt, sjølv om vi saknar litt meir kreativitet og konstruktive framspel. I angrepet var som sagt Solem ein klar einar, sjølv om han i enkelte høve med fordel kunne spelt til godt plasserte medspelarar.

Hos Herd går bestemannsprisen til keeper Engeset, men også midtstoppar Steinar Krøvel, Helge Røsvik og Holand-brørne viste at at dei framleis held god 4. divisjonsstandard.

Domar Ernst Trullsen hadde ingen problem i ein fairspelt kamp.

## 4. DIVISJON

| | |
|---|---|
| Bergsøy –Herd | 1– 0 |
| Ellingsøy –Guard | 2– 1 |
| Haddal –Skodje | 1– 2 |
| Sykkylven –Ørsta | 1– 1 |
| Valder –Langevåg | 1– 0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 12 | 7 | 3 | 2 | 21– 10 | 24 |
| Ørsta | 12 | 6 | 5 | 1 | 22– 11 | 23 |
| Bergsøy | 12 | 7 | 1 | 4 | 18– 16 | 22 |
| Skarbøvik | 11 | 6 | 2 | 3 | 21– 9 | 20 |
| Ellingsøy | 12 | 6 | 1 | 5 | 25– 17 | 19 |
| Sykkylven | 12 | 4 | 6 | 2 | 16– 13 | 18 |
| Langevåg | 12 | 5 | 2 | 5 | 20– 19 | 17 |
| Spjelkavik | 11 | 4 | 3 | 4 | 15– 15 | 15 |
| Herd | 12 | 3 | 4 | 5 | 13– 18 | 13 |
| Guard | 12 | 2 | 6 | 4 | 11– 23 | 12 |
| Skodje | 12 | 2 | 3 | 7 | 14– 25 | 9 |
| Haddal | 12 | 1 | 0 | 11 | 12– 32 | 3 |

# Tjervåg matchvinnar

SP 1/8-90

**4. divisjon**
**BERGSØY – HERD 1–0 (1–0)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1–0 Endre Tjervåg (23)**
**Dommar: Ernst Trulssen, Spjelkavik – 4.**
**Spelarpoeng: 3 Henning Solem, Bergsøy, 2 Jon Erik Engeset, Herd, 1 Gullik Kjelstadli, Bergsøy.**

**Av Per Moltu**

Bergsøy fekk revansj for 0–1 -nederlaget mot Herd i seriepremieren. I går kveld måtte Herd returnere frå Fosnavåg med 0–1 -tap. Scoringa som gav heimelaget tre poeng var signert Endre Tjervåg. Midtvegs i første omgang stupte han fram på Nils Roger Paulsen sitt perfekte overlegg og heada hardt i hjørnet. Ei flott scoring som varma Bergsøy-tilhengarane i ein elles grå fyrsteomgang, som var nokså jamspela. Sjansane til fleire scoringar var så absolutt til stades, men begge laga var altfor ineffektive framfor mål. Bergsøy var eit hakk kvassare i angrep, og fekk utteljing for det. Hos gjestane hadde både Sindre Holand og Helge Røsvik feite måltilbod. Det same hadde Henning Solem og Per Arne Årvik hos heimelaget. Årvik var heilt gjennom berre sekund før fløyta gjekk for halv tid, med ballen strauk til side for mål. Hos begge laga klumpa spelet seg i midten, vi såg altfor få ballar bli slått på flankane. Det prøvde Bergsøy å rette på etter kvilen, rett frå avspark fossa banens dominerande spelar Henning Solem fram på venstresida og fyrte av. Men skotet vart meisterleg redda av Herd sin gode keeper Jon Erik Engeset. Bergsøy varierte i denne omgangen spelet sitt langt betre, og dette gav sjansar. Særleg var Henning Solem eit stort uromoment for Herd-forsvaret. Med si store fart er han ikkje lett å stoppe. Til tider var han ei heil løparrekke åleine. Med betre støtte for Solem, hadde ikkje Bergsøy stoppa med det eine målet. Også Herd varta opp med fleire gode måltilbod, men avslutningane var altfor dårlege. Helge Røsvik var nær ved å utlikne fem minutt før slutt, men heilt gjennom sende han ballen til side for mål. Hos Bergsøy var Gullik Kjelstadli tilbake på laget etter eit års fråver i Oslo. Dette styrkar nok Bergsøy-forsvaret i haustsesongen.

## 4. divisjon

SP 1/8-90

**Sunnmøre**

| | |
|---|---|
| **Bergsøy –Herd** | **1– 0** |
| **Ellingsøy –Guard** | **2– 1** |
| **Haddal –Skodje** | **1– 2** |
| **Sykkylven –Ørsta** | **1– 1** |
| **Valder –Langevåg** | **1– 0** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 12 | 7 | 3 | 2 | 21– 10 | 24 |
| Ørsta | 12 | 6 | 5 | 1 | 22– 11 | 23 |
| Bergsøy | 12 | 7 | 1 | 4 | 18– 16 | 22 |
| Skarbøvik | 11 | 6 | 2 | 3 | 21– 9 | 20 |
| Ellingsøy | 12 | 6 | 1 | 5 | 25– 17 | 19 |
| Sykkylven | 12 | 4 | 6 | 2 | 16– 13 | 18 |
| Langevåg | 12 | 5 | 2 | 5 | 20– 19 | 17 |
| Spjelkavik | 11 | 4 | 3 | 4 | 15– 15 | 15 |
| Herd | 12 | 3 | 4 | 5 | 13– 18 | 13 |
| Guard | 12 | 2 | 6 | 4 | 11– 23 | 12 |
| Skodje | 12 | 2 | 3 | 7 | 14– 25 | 9 |
| Haddal | 12 | 1 | 0 | 11 | 12– 32 | 3 |

# Skodje sløste SP. 6/8-90

Av Dagfinn Lillebø

At Skodje ligg i botnen av divisjonen er ikkje rart når laget ikkje får utteljing på opplagde målsjansar. Laget måtte spele utan fleire av dei faste spelarane. Ørjan Haram og Bjørn Tore Arnesen er skadde, medan Stig Vindenes er i militæret. Laurdag møtte dei eit tafatt Bergsøy-lag, som likevel fekk med seg det eine poenget.

Etter 16 minutt kunne Frode Haukeberg føre Skodje i leiing etter fint framspel frå Frode Ellingseter. Heimelaget hadde godt tak på kampen, med fleire opplagde sjansar. Bergsøy kom nærast scoring på eit brasseskot frå Børge Hansen.

**4. divisjon**
**SKODJE–BERGSØY 1–1 (1–0)**
**Skodje stadion**
**Mål: 1–0 Frode Haukeberg (16), 1–1 Endre Tjervåg (straffe, 77)**
**Dommar: Jan Lund, Blindheim -4**
**Gult kort: Kurt Ove Longva og Nils Roger Paulsen, Bergsøy, og Nils Bertil Haukeberg.**
**Spelarpoeng: 3 Paul Lundbø, Skodje, 2 Gullik Kjelstadli, Bergsøy, 1 Nils Bertil Haukeberg, Skodje.**

# 4. divisjon

SP. **Sunnmøre** 6/8-90

| | |
|---|---|
| **Herd –Valder** | **4– 1** |
| **Langevåg –Spjelkavik** | **4– 0** |
| **Skarbøvik –Sykkylven** | **1– 0** |
| **Skodje –Bergsøy** | **1– 1** |
| **Ørsta –Ellingsøy** | **2– 1** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 13 | 7 | 5 | 1 | 24– 12 | 26 |
| Valder | 13 | 7 | 3 | 3 | 22– 14 | 24 |
| Skarbøvik | 12 | 7 | 2 | 3 | 22– 9 | 23 |
| Bergsøy | 13 | 7 | 2 | 4 | 19– 17 | 23 |
| Langevåg | 13 | 6 | 2 | 5 | 24– 19 | 20 |
| Ellingsøy | 13 | 6 | 1 | 6 | 26– 19 | 19 |
| Sykkylven | 13 | 4 | 6 | 3 | 16– 14 | 18 |
| Herd | 13 | 4 | 4 | 5 | 17– 19 | 16 |
| Spjelkavik | 12 | 4 | 3 | 5 | 15– 19 | 15 |
| Guard | 13 | 3 | 6 | 4 | 15– 23 | 15 |
| Skodje | 13 | 2 | 4 | 7 | 15– 26 | 10 |
| Haddal | 13 | 1 | 0 | 12 | 12– 36 | 3 |

Vestlandsnytt TYSDAG 7. AUGUST 1990

# BIL utlikna på straffespark like før slutt

Det såg lenge ut til å gå mot eit uventa tap for Bergsøy i laurdagens kamp mot Skodje. Heimelaget leia lenge 1-0, men like før full tid vart Lars Ove Almestad lagt ned på 5-meterstreken, og Endre Tjervåg scora på straffesparket. Dermed kunne BIL innkassere eit litt heldig poeng, og i og med at Valder gjekk på ei storslye mot Herd, ligg Bergsøy framleis i ein glimrande posisjon på tabellen. I neste serierunde er Haddal motstandar, og BIL må for all del vokte seg mot å undervurdere botnlaget.

Det var eit svært innbitt og kjempande Skodje-lag som møtte BIL i laurdagens kamp. Laget tette godt igjen i forsvar, og spelte med lange ballar fram til tre løpssterke spissar. Og allereie etter eit kvarter var det klart for 1-0 for heimelaget, då Frode Haukeberg avslutta eit kontringsangrep med å sette ballen kontant i hjørnet. Etter dette tetta heimelaget ytterlegare igjen i forsvarssona, og dermed fekk ikkje dei raske BIL-løparane rom å springe i. Dermed vart gjestane sitt angrepsspel for primitivt og for lite kreativt. Då var det langt farlegare når heimelaget gjekk i angrep, og det vart også gjort ein del unødvendige personlege feil i BIL-forsvaret som lett kunne blitt skjebnesvangre. Men trass i mange store sjansar greidde ikkje heimelaget å auke leiinga.

Også etter sidebytte var det heimelaget som skapte dei farlegaste sjansane, og etter eit kvarter rekna dei fleste med at kampen var avgjort då heimelaget fekk tildelt straffespark etter at keeper Kurt Ove Longva hadde felt ein Skodje-angripar. Men Kurt Ove gjorde det godt igjen då han redda først straffesparket, og seinare returen. På slutten av kampen sette trenar Bjørn Prytz inn veteranane Trond Paulsen og Tony Pettersen, og dette gav BIL-laget meir fasong. Og like før slutt oppstod situasjonen som førte til straffesparket, og dermed utlikning. Slik kampen utvikla seg skal Bergsøy vere godt nøgd med det eine poenget. Det var noko tafatt over laget, og den einaste som såg ut til å ville noko var Vidar Eikrem, som vann dei fleste hovudduellane på midtbana. Tom Beddari gjorde come back som sweeper, etter at Appa Prytz måtte stå over på grunn av skade.

## 4. DIVISJON

| | |
|---|---|
| Herd–Valder | 4–1 |
| Langevåg–Spjelkavik | 4–0 |
| Skarbøvik–Sykkylven | 1–0 |
| Skodje–Bergsøy | 1–1 |
| Ørsta–Ellingsøy | 2–1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 13 | 7 | 5 | 1 | 24–12 | 26 |
| Valder | 13 | 7 | 3 | 3 | 22–14 | 24 |
| Skarbøvik | 12 | 7 | 2 | 3 | 22–9 | 23 |
| Bergsøy | 13 | 7 | 2 | 4 | 19–17 | 23 |
| Langevåg | 13 | 6 | 2 | 5 | 24–19 | 20 |
| Ellingsøy | 13 | 6 | 1 | 6 | 26–19 | 19 |
| Sykkylven | 13 | 4 | 6 | 3 | 16–14 | 18 |
| Herd | 13 | 4 | 4 | 5 | 17–19 | 16 |
| Spjelkavik | 12 | 4 | 3 | 5 | 15–19 | 15 |
| Guard | 13 | 3 | 6 | 4 | 15–23 | 15 |
| Skodje | 13 | 2 | 4 | 7 | 15–26 | 10 |
| Haddal | 13 | 1 | 0 | 12 | 12–36 | 3 |

# Bergsøy-siger

**4. div.**
**BERGSØY–HADDAL 4–2 (3–0)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1–0 Børge Hansen (6), 2–0 Trond Paulsen (22), 3–0 Endre Tjervåg (35, straffe), 4–0 Endre Tjervåg (64, straffe), 1–4 Per Ivar Meinseth (66), 2–4 Bjørn Roppen (89).**
**Dommar: Einar Hellevik, Herd - 3**
**Spelarpoeng: 3 Trond Paulsen, Bergsøy, 2 Gullik Kjelstadli, Bergsøy, 1 Per Ivar Meinseth, Haddal.**

**Av Per Moltu**

Det såg ut til å gå programmessig då den første ballen låg bak Haddal-keeper Gunnar Haddal etter berre seks minutt. Og scoringa som gav 1–0 var kampens flottaste. Bergsøy-veteranen Trond Paulsen førde opp på høgresida, det presise innlegget styrde Børge Hansen sikkert i mål. Midtvegs i andre omgang var Paulsen igjen på farten. Denne gong var det Henning Solem og Lars Ove Almestad som gjorde forarbeidet. Innlegget frå Almestad ekspederte Trond Paulsen i hjørnet. 3–0 kom på straffespark. Endre Tjervåg vart lagt ned inne i feltet. Tjørvåg tok sjølv straffen og er nokså sikker på 11-metersmerket.

Det var nær på å bli 4–0 sekund før pause då Lars Ove Almestad sitt skot small i tverrliggaren.

Med ei solid 3–0-leiing ved pause kjende Bersgøy seg temmeleg trygge på sigeren, og spelet vart deretter. Det syner seg gong på gong at med klar Bergsøy-leiing sviktar konsentrasjonen, og laget mister grepet på kampen. Heilt frå avspark i andre omgang kjempa Haddal godt, og kjempinga gav resultat. Ulsteinlaget reduserte to gonger, med Per Ivar Meinseth og Bjørn Roppen, medan Bergsøys einaste scoring etter pause kom på straffespark. På nytt var det Endre Tjervåg som vart felt. Han scora sjølv, igjen sikker strafeeksekutør.

## 4. divisjon Sunnmøre

| | |
|---|---|
| **Bergsøy –Haddal** | **4– 2** |
| **Ellingsøy –Skarbøvik** | **0– 1** |
| **Spjelkavik –Herd** | **2– 1** |
| **Sykkylven –Langevåg** | **2– 3** |
| **Valder –Skodje** | **3– 1** |
| **Ørsta –Guard** | **1– 2** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 14 | 8 | 3 | 3 | 25– 15 | 27 |
| Skarbøvik | 13 | 8 | 2 | 3 | 23– 9 | 26 |
| Ørsta | 14 | 7 | 5 | 2 | 25– 14 | 26 |
| Bergsøy | 14 | 8 | 2 | 4 | 23– 19 | 26 |
| Langevåg | 14 | 7 | 2 | 5 | 27– 21 | 23 |
| Ellingsøy | 14 | 6 | 1 | 7 | 26– 20 | 19 |
| Sykkylven | 14 | 4 | 6 | 4 | 18– 17 | 18 |
| Spjelkavik | 13 | 5 | 3 | 5 | 17– 20 | 18 |
| Guard | 14 | 4 | 6 | 4 | 17– 24 | 18 |
| Herd | 14 | 4 | 4 | 6 | 18– 21 | 16 |
| Skodje | 14 | 2 | 4 | 8 | 16– 29 | 10 |
| Haddal | 14 | 1 | 0 | 13 | 14– 40 | 3 |

*Programmessig 4-2 siger over Haddal:*

# BIL med i tetkampen!

Bergsøy tok ein programmessig siger over botnlaget Haddal i fredagens oppgjer i Fosnavåg. BIL såg ut til å gå mot ein storsiger, då laget la på til 4-0 midtvegs i 2. omgang. Men nok ein gong svikta konsentrasjonen i sluttfasen, og laget mista grepet på kampen. Dette utnytta Haddal og reduserte to gongar, og pynta dermed på resultatet.

Etter denne sigeren er Bergsøy for alvor med i tetstriden. Det skil no berre eitt poeng mellom dei fire topplaga Valder, Skarbøvik, Ørsta og Bergsøy, og det går såleis mot ein svært spanande haustinnspurt.

Bergsøy fekk ein «flying start» under fredagens kamp, og allereie etter 6 minutt var det klart for 1-0 til heimelaget. Trond Paulsen forserte fint på høgresida, og det presise innlegget styrte Børge Hansen i tomt bur. Flott scoring. Spelemessig var Haddal tidvis på høgde med Bergsøy, men det vart for tynt i fremste rekkje. Sjansane som gjestane fekk kom som fylgje av personlege feil i BIL-forsvaret. Bergsøy var langt meir «giftige» i angrep, og Bergsøy sine mange raske spelarar skapte ofte store problem for Haddal-forsvaret. Midtvegs i omgangen var det klart for 2-0 til heimelaget. Henning Solem forserte i vanleg stil på venstresida, og la presist inn til Lars Ove Almestad som ikkje fekk reint treff, men ballen gjekk til Trond Paulsen, som hadde ein lett jobb med å dytte den over streken. Etter 35 min. var det klart for straffespark. Endre Tjervåg utfordra Haddal-forsvaret, og vart lagt ned inne i feltet. Straffesparket sette han sikkert i hjørnet. Like etter var BIL nær ved å auke til 4-0 då Lars Ove Almestad fekk kjempetreff frå 16 meters hald, men skotet small i tverrliggaren.

Med 3-0 siger såg det ut til at BIL kjende seg trygge på sigeren, og slik straffer seg fort. Allereie i opninsminutta av 2. omgang var Haddal farleg frampå, men BIL-keeper Kurt Ove Longva fekk rydda opp. Bergsøy såg ut til å miste konsentrasjonen, og Haddal tok meir og meir over på midtfeltet. Dei utnytta BIL-laget sine mange personlege feil, og utviklinga i kampen minte oss mykje om Sykkylvs-kampen tidlegare i vår, då også BIL leia 3-0 ved pause men miste fullstendig taket på det i 2. omgang. Trass i eit lite Haddal-overtak var det likevel Bergsøy og Endre Tjervåg som endeleg «punkterte» kampen. På nytt kom Endre stormande frå sin midtbaneposisjon, og vart klart felt inne i Haddal-forsvaret, og nok ein gong «prikka» Endre straffesparket sikkert i nettmaskene. Etter desse to scoringane er scoringsglade Endre for alvor med i kampen om å bli toppscorar i 4. divisjon.

Men berre to minutt seinare reduserte Haddal, då laget utnytta nonchelant spel i BIL-forsvaret, og Per Ivar Meinseth hadde ein lett jobb med å redusere. Etter dette noterte vi ytterlegare to kjempesjansar til Bergsøy. Først då Nils Roger Paulsen vart spela fint igjennom av broder Trond, men innlegget vart for upresist sjølv om det stod to medspelarar i fin scoringsposisjon. Like etter forserte Henning til dødlinja, men også no vart innlegget for upresist. Like før slutt reduserte Haddal på nytt, etter passivt spel i BIL-forsvaret. Bjørn Roppen kjempa seg igjennom BIL-forsvaret, runda keeper, og sette ballen i tomt bur. Like etter var Haddal nær ved å redusere på nytt, men ei flott fotparade av keeper Longva hindra scoring. Med 4-2 ebba kampen ut.

Bestemannsprisen til Bergsøy går til Trond Paulsen, som særleg i 1. omgang var svært nyttig i si rolle som møtande spiss. Han skjerma ballen godt, og fora sine løpsviljuge kamerater med mange fornuftige pasningar. Elles er det tydeleg at Børge Hansen er i ferd med å finne forma, etter å ha vore inne i ei blindgate. På midtbana var igjen Endre Tjervåg svært nyttig, og scora i tillegg to mål etter sjølv å ha blitt felt. I forsvarrekkja var nok Gullik Kjelstadli den nyttigaste, medan keeper Longva var nok ein gong solid. På Haddal likte vi best midtbaneduoen Arnleif Gjerde og Arthur Solvåg, samt. målscorar Bjørn Roppen.

Elles fekk unge Geir Sandnes sin A-lags-debut i Bergsøytrøya, då han kom inn som spiss som erstattar for Trond Paulsen det siste kvarteret. På den vesle stunda han var inne rakk Geir å vise at han er ein mann å satse på i framtida.

Domar Einar Hellevik frå Herd hadde få problem med ein reinspela og fin kamp.

SP- 14/8-90

# Friske takter og poengdeling

**4. divisjon**
**GUARD–BERGSØY 1–1 (0–1)**
**Guard Park**
**Mål: 0–1 Trond Paulsen (44), 1–1 Flemming Dyrkorn (47).**
**Dommer: Jan Inge Gjektvik, Øksendal – 3.**
**Spillerpoeng: 3 Stein Egil Rovde, Guard, 2 Henning Solem, Bergsøy, 1 Endre Tjervåg, Bergsøy.**

**Bertil Valderhaug**

Det ble et fartsfylt og spennnde oppgjør mellom Guard og Bergsøy på Guard Park i går. Guard leverte en stor 1. omgang og var da klar anfører, mens Bergsøy var best etter sidebytte.

Bergsøy åpnet best, men etter at Guard-spillerne ble varme i trøyene, ble gjestene fra Fosnavåg nærmest å regne for statister resten av omgangen. Anført av den gode venstre flankespilleren Knut Hildre, som for øvrig falt av etter sidebytte, spilte hjemmelaget seg til flere gode sjanser foran gjestekeeperen. Men hverken nevnte Hildre eller Flemming Dyrkorn dro nytte av de mulighetene de hadde.

Isteden var det Bergsøy som gikk opp i ledelsen minuttet før pause på sin første reelle mulighet. Trond Paulsen prøvde godfoten fra snaue 25 meter på frisprk, og sannelig lurte ikke ballen seg inn i hjørnet, via en Guard-forsvarer. Dermed kunne Bergsøy gå til pause med en heldig 1–0-ledelse.

Det skulle likevel ikke gå mer enn to minutter av 2. omgang før Guard fikk sin høyst fortjente utlikning. Flemming Dyrkorn sleit seg gjennom Bergsøy-forsvaret, og alene med keeper satte han ballen kontant i nettet. Foruten en ny Dyrkorn-sjanse og en lobb fra Arve Dyb over, var det ikke mer Guard klarte å stelle i stand foran Bergsøys mål i denne omgangen.

Bergsøy var som sagt det førende laget etter pause, men særlig farlig ble det aldri foran Sørli i Guard-målet. To ganger i sluttomgangen ropte Bergsøy-spillerne etter straffespark, men dommeren vinket spillet videre begge ganger.

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Guard –Bergsøy** | | | | | | 1– | 1 | |
| Valder | 14 | 8 | 3 | 3 | 25– | 15 | 27 | 30 |
| Bergsøy | 15 | 8 | 3 | 4 | 24– | 20 | 27 | |
| Skarbøvik | 13 | 8 | 2 | 3 | 23– | 9 | 26 | 27 |
| Ørsta | 14 | 7 | 5 | 2 | 25– | 14 | 26 | 27 |
| Langevåg | 14 | 7 | 2 | 5 | 27– | 21 | 23 | 26 |
| Ellingsøy | 14 | 6 | 1 | 7 | 26– | 20 | 19 | |
| Guard | 15 | 4 | 7 | 4 | 18– | 25 | 19 | |
| Sykkylven | 14 | 4 | 6 | 4 | 18– | 17 | 18 | 21 |
| Spjelkavik | 13 | 5 | 3 | 5 | 17– | 20 | 18 | 21 |
| Herd | 14 | 4 | 4 | 6 | 18– | 21 | 16 | |
| Skodje | 14 | 2 | 4 | 8 | 16– | 29 | 10 | |
| Haddal | 14 | 1 | 0 | 13 | 14– | 40 | 3 | |

15-8-90

## 4. divisjon

**Sunnmøre**

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Haddal –Valder** | | | | | | 0– | 2 |
| **Herd –Sykkylven** | | | | | | 1– | 3 |
| **Langevåg –Ellingsøy** | | | | | | 3– | 2 |
| **Skarbøvik –Ørsta** | | | | | | 1– | 1 |
| **Skodje –Spjelkavik** | | | | | | 1– | 4 |
| Valder | 15 | 9 | 3 | 3 | 27– | 15 | 30 |
| Skarbøvik | 14 | 8 | 3 | 3 | 24– | 10 | 27 |
| Ørsta | 15 | 7 | 6 | 2 | 26– | 15 | 27 |
| Bergsøy | 15 | 8 | 3 | 4 | 24– | 20 | 27 |
| Langevåg | 15 | 8 | 2 | 5 | 30– | 23 | 26 |
| Sykkylven | 15 | 5 | 6 | 4 | 21– | 18 | 21 |
| Spjelkavik | 14 | 6 | 3 | 5 | 21– | 21 | 21 |
| Ellingsøy | 15 | 6 | 1 | 8 | 28– | 23 | 19 |
| Guard | 15 | 4 | 7 | 4 | 18– | 25 | 19 |
| Herd | 15 | 4 | 4 | 7 | 19– | 24 | 16 |
| Skodje | 15 | 2 | 4 | 9 | 17– | 33 | 10 |
| Haddal | 15 | 1 | 0 | 14 | 14– | 42 | 3 |

**4. divisjon**
**VALDER–BERGSØY 2–0 (0–0)**
**Valdervoll**
**Mål: 1–0 Bjørn Jønsson (49), 2–0 Frank Ove Bjørdal (84).**
**Dommer: Arne Reistadbakk, Kristiansund – 4.**
**Gult kort: Arne Nordal, Valder.**
**Spillerpoeng: 3 Bjørn Jønsson, Valder, 2 Frank Ove Bjørdal, Valder, 1 Kurt Ove Longva, Bergsøy.**

**Gunnar Lorgen**
**Pål Aarsæther (foto)**

Toppkamper blir ikke alltid gode spillemessig, men gårsdagens oppgjør på Valdervoll var vel årets beste i lokal 4. divisjon. Valder viste at laget hører til på toppen av tabellen. De vant en fullt fortjent tomålsseier, og etter antall klare sjanser for de to laga, ville det ikke vært noe å si på om seieren hadde blitt et mål større.

Valder var det toneangivende laget gjennom det aller meste av kamptida. Bergsøy hadde en bra periode i siste kvarteret av første omgang, da Henning Solem og Trond Paulsen hadde lagets beste muligheter. Solems skudd gikk rett på keeper Oskar Kalvø fra kloss hold.

Men før det fikk vi se hva Valder var gode for. Det eneste som manglet i 1. omgang var scoring. Bjørn Jønsson var stadig på farten med sjanseskapende gjennomløpninger. Etter ti minutter burde han ha skutt sjøl, men la til offside-plasserte Egil Magne Johansen, og da kunne ikke målet telle. Bjørn Jønsson skapte også en god sjanse for broren Dag Erik, som headet over.

Etter pausen brukte Valder og Bjørn Jønsson bare fire minutter på å ta ledelsen. Litt av en scoring var det også. Johansen headet ballen i løypa for framstormende Bjørn Jønsson, som suste den i mål med en kanon fra 16-meteren. Det skuddet var Bergsøy-keeper Kurt Ove Longva sjanseløs på. Ellers i kampen hadde han en rekke gode redninger, som da han stoppet et Bjørdal-skudd fra et par meters hold. Frank Ove Bjørdal gjorde en meget god 2. omgang, og det passet bra at det var han som definitivt avgjorde kampen etter nok et farlig Valder-angrep. Arne Nordal ble for øvrig klart felt i samme angrepet. Bjørdal hadde også en frispark-suser via tverrligger og over. Heimelaget hadde et solid trykk gjennom hele 2. omgang. Bergsøy forsøkte på kontringer, men Valders forsvarere ga lite rom.

– Dette var en seier som gjorde godt. Utvilsomt vår beste kamp på heimebane hittil i år. Hele laget gjorde en flott innsats, så dette lover bra for høst-innspurten, sa en fornøyd Valder-trener Helge Skuseth.

SP 18-8-90

**Sunnmøre**

| | |
|---|---|
| **Ellingsøy–Herd** | **1–3** |
| **Skarbøvik–Guard** | **4–1** |
| **Spjelkavik–Haddal** | **0–1** |
| **Valder–Bergsøy** | **2–0** |
| **Ørsta–Langevåg** | **1–0** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 16 | 10 | 3 | 3 | 29–15 | 33 |
| Skarbøvik | 15 | 9 | 3 | 3 | 28–11 | 30 |
| Ørsta | 16 | 8 | 6 | 2 | 27–15 | 30 |
| Bergsøy | 16 | 8 | 3 | 5 | 24–22 | 27 |
| Langevåg | 16 | 8 | 2 | 6 | 30–24 | 26 |
| Sykkylven | 15 | 5 | 6 | 4 | 21–18 | 21 |
| Spjelkavik | 15 | 6 | 3 | 6 | 21–22 | 21 |
| Ellingsøy | 16 | 6 | 1 | 9 | 29–26 | 19 |
| Herd | 16 | 5 | 4 | 7 | 22–25 | 19 |
| Guard | 16 | 4 | 7 | 5 | 19–29 | 19 |
| Skodje | 15 | 2 | 4 | 9 | 17–33 | 10 |
| Haddal | 16 | 2 | 0 | 14 | 15–42 | 6 |

VN - 21 - 8 - 90

# Bergsøy tapte fartsfyllt topp-oppgjer mot Valder

Bergsøy måtte «bite i graset» for Valder under fredagens topp-oppgjer på Valdervoll. Det vart eit fartsfyllt og spanande oppgjer, som Sunnmørsposten sin sportsredaktør, Gunnar Lorgen, meinte er årets beste i lokal 4. divisjon så langt. Valder var nok det beste laget, og produserte flest store sjansar. Men Bergsøy var heile tida med på notane, og gjorde kampen underhaldande og sjåverdig for publikum. Etter dette tapet har Bergsøy førebels meldt seg ut av opprykkskampen, men i årets 4. divisjon ser det ut til at alle slår alle, og med 6 attståande kampar kan alt framleis skje.

Det var Valder som kom best i gong, og allereie i opningsminutta spelte laget seg fram til to kjempesjansar. Særleg midtbanespelaren Bjørn Jønsson skapte mange situasjonar med sine mange gjennomløpingar, og ute på sida kom Frank Ove Bjørdal stadig rundt på sida og fekk lagt inn. Dette skapte mange farlege situasjonar inne i Bergsøy-feltet. Utover i omgangen kom imidlertid Bergsøy meir med, og midtvegs i omgangen var gjestane nær ved å ta leiinga. Endre Tjervåg heada presist i føtene på Henning Solem, men det harde skotet frå 7-8 meters hald traff foten til keeper. Den ballen såg vi i nettet. Bergsøy hadde si klart beste periode mot slutten av omgangen. Men den underhaldande omgangen ebba ut med 0-0.

Like etter pause kom målet som heimepublikum venta på, Bjørn Jønsson fekk kjempetreff frå 16 meters hald, og ballen fauk som ein prosjektil i nettmaskene. Den ballen var Bergsøy sine gode keeper Kurt Ove Longva sjanselaus på. Dette gjorde at Bergsøy måtte lenger framover på bana, noko som igjen gjorde at heimelaget fekk mykje rom å boltre seg i. Fleire gongar var laget «nesten» igjennom, men dei skota som kom tok keeper Longva seg fint av. Mellom anna redda han eit skot frå Frank Ove Bjørdal frå to meters hald med ei lynrask fotparade. BIL-trenar Prytz gjorde visse endringar på laget, og køyrde mellom anna Vidar Eikrem fram som spiss for å få meir tyngde i angrepa. Vidar var nær scoring då han nådde eit innlegg frå Henning Solem med foten, men ballen strauk på feil side av stolpen. 5 min. før slutt kom så avgjerda, då Bjørdal etter ein miss i Bergsøy-forsvaret sende ballen i hjørnet frå 6-7 meters hald. At domaren unnlet å dømme straffespark då Arne Nordal like før vart felt i BIL-feltet er uforståeleg. Valder hadde taket på kampen gjennom det meste av 2. omgang, og sjølv om Bergsøy prøvde med kontringar fekk BIL sin angrepsduo Henning Solem og Trond Paulsen svært lite rom, og skapte såleis få sjansar. BIL's midtbane for for lite konstruktiv, og Valder-forsvaret hadde få problem med å rydde opp.

Bestemannsprisen på Bergsøy går til keeper Kurt Ove Longva, som nok avverga eit større nederlag. I forsvarsrekka var nok ein gong Gullik Kjelstadli den nyttigaste, sjølv om også Per Arne Årvik spelte seg stort opp etter pause. Midtbane-spelarane vart for lite konstruktive, og kom ofte på etterskot. I angrepet vart både Trond Paulsen og Henning Solem tett markerte, og fekk såleis lite til. Hos Valder var målscorarane Bjørn Jønsson og Frank Ove Bjørdal dei som skapte mest bry for BIL-forsvaret, men også forsvarsspelet verka svært solid.

God domar var Arne Reistadbakk, KFK.

I neste serierunde skal Bergsøy møte Spjelkavik på Bergsøy stadion komande fredag.

| | |
|---|---|
| **Ellingsøy –Herd** | **1– 3** |
| **Skarbøvik –Guard** | **4– 1** |
| **Spjelkavik –Haddal** | **0– 1** |
| **Valder –Bergsøy** | **2– 0** |
| **Ørsta –Langevåg** | **1– 0** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 16 | 10 | 3 | 3 | 29– | 15 | 33 |
| Skarbøvik | 15 | 9 | 3 | 3 | 28– | 11 | 30 |
| Ørsta | 16 | 8 | 6 | 2 | 27– | 15 | 30 |
| Bergsøy | 16 | 8 | 3 | 5 | 24– | 22 | 27 |
| Langevåg | 16 | 8 | 2 | 6 | 30– | 24 | 26 |
| Sykkylven | 15 | 5 | 6 | 4 | 21– | 18 | 21 |
| Spjelkavik | 15 | 6 | 3 | 6 | 21– | 22 | 21 |
| Ellingsøy | 16 | 6 | 1 | 9 | 29– | 26 | 19 |
| Herd | 16 | 5 | 4 | 7 | 22– | 25 | 19 |
| Guard | 16 | 4 | 7 | 5 | 19– | 29 | 19 |
| Skodje | 15 | 2 | 4 | 9 | 17– | 33 | 10 |
| Haddal | 16 | 2 | 0 | 14 | 15– | 42 | 6 |

# Effektive Spjelkavik

SP-25/8-90

**4. div.**
**BERGSØY–SPJELKAVIK 0–2 (0–1)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 0–1 Kristian Klausen (39), 0–2 Trond Nedreklepp (85).**
**Domar: Erik Mørkeset, Hessa –3**
**Gult kort: Kristian Klausen, Spjelkavik**
**Spelarpoeng: 3 Steinar Sandvik, Spjelkavik, 2 Kristian Klausen, Spjelkavik, 1 Gullik Kjelstadli, Bergsøy**

**Av Per Moltu**

Spjelkavik tok revansj for tapet mot botnlaget Haddal for ei veke sidan. I Fosnavåg vann Vika 2–0 over eit sørgjeleg ineffektivt Bergsøy-lag, som skuffa stort. Sjølv ikkje eit straffespark greidde heimelaget å omsette i scoring. 13 minutt ut i første omgang vart Lars Ove Almestad lagt ned inne i feltet. Den elles så sikre straffe-eksekutøren Endre Tjervåg måtte berre konstatere at keeper Helge Kolseth var raskt nede og redda det lause skotet frå 11-metersmerket.

Utover i omgangen spelte Bergsøy seg til mange og gode sjansar, men for tida er der ingen i Bergsøy-rekka som greier å avslutte. Spjelkavik hadde ikkje mange sjansane før pause, men makta å få ballen i mål.

Laget gjekk opp til 1–0 på eit psykologisk viktig tidspunkt – seks minutt før pause. Kristian Klausen sytte for det. Scoringa inspirerte Spjelkavik, som i heile andre omgang kjempa godt for å få med seg dei tre poenga. Steinar Sandvik la ned eit kjempearbeid på midtbana og inspirerte dei andre til topp innsats. Bergsøy sitt småpuslete spel førde ikkje fram, laget brukte ikkje banebreidda, det meste klumpa seg inne i midten og med stor feilprosent på pasningsspelet vart det tynne saker heimelaget presterte.

Fem minutt før full tid fastsette Trond Nedreklepp sluttresultatet til 2–0. Ei scoring som Bergsøy-keeper Longva må ta på si kappe. Ei utboksing hamna rett i beina på Nedreklepp, og han let seg ikkje be to gonger.

## 4. divisjon

**Sunnmøre** SP-27/8-90

**Haddal –Sykkylven** ...................... 0– 0

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 17 | 11 | 3 | 3 | 32– 16 | 36 |
| Skarbøvik | 16 | 10 | 3 | 3 | 32– 14 | 33 |
| Ørsta | 17 | 8 | 6 | 3 | 27– 18 | 30 |
| Bergsøy | 17 | 8 | 3 | 6 | 24– 24 | 27 |
| Langevåg | 17 | 8 | 2 | 7 | 33– 28 | 26 |
| Spjelkavik | 16 | 7 | 3 | 6 | 23– 22 | 24 |
| Ellingsøy | 17 | 7 | 1 | 9 | 32– 27 | 22 |
| Sykkylven | 16 | 5 | 7 | 4 | 21– 18 | 22 |
| Herd | 17 | 6 | 4 | 7 | 25– 25 | 22 |
| Guard | 17 | 4 | 7 | 6 | 20– 32 | 19 |
| Skodje | 16 | 2 | 4 | 10 | 18– 36 | 10 |
| Haddal | 17 | 2 | 1 | 14 | 15– 42 | 7 |

## *Bergsøy tapte 0-2 i svak kamp mot Spjelkavik:*

# Farvel til opprykkskampen

Bergsøy melde seg ut av opprykkskampen, då laget sist fredag tapte 0-2 i ein svak kamp mot Spjelkavik. Dermed er Bergsøy brått 9 poeng bak leiarlaget Valder når berre 5 kampar står att - og må nok konstatere at laget heller ikkje i år vil vere i kampen om opprykk til 3. divisjon. Det utviklar seg til å bli ein kamp mellom Valder og Skarbøvik, som møtes i siste serierunde til det som kan sjå ut til å bli ei rein seriefinale.

Med siger over Spjelkavik ville Bergsøy framleis vere med i tetstriden, og dei fleste forventa at heimelaget vil sikre seg ein ny trepoengar. Bergsøy opna bra, og spelte seg fram til mange fine tilbod i opningsminutta. Etter 13 minutt vart Tony Pettersen spela fint fri av Trond Paulsen, og vart «lagt ned» inne i straffefeltet. Klart straffespark! Den elles så sikre straffespark - eksekutøren Endre Tjervåg måtte imidlertid konstatere at SIL-keeper Kolseth redda det lause skotet frå 11-metersmerket. Bergsøy held på initiativet og laget spelte seg fram til klare sjansar, men spelarane var ikkje dyktige nok i dei avgjerande situasjonane. Heimelaget vart nok snytt for nok eit straffespark, då Tjervåg litt seinare vart felt av keeper Kolseth, men domar Mørkeseth valde å vinke spelet vidare. Etter kvart såg det ut til at heimelaget mista gnisten. Laget spela svært puslete, og SIL kom lenger fram på bana. Og det skulle vise seg at det var gjestane som fekk første målet. 6 min. før pause scora Kristian Klausen etter utruleg sommel i BIL-forsvaret. Bergsøy-keeper Longva og to BIL-forsvarar såg ut til å ha fullstendig kontroll over ein situasjon, men somla så lenge at Klausen kunne stikke igjennom og sette ballen i tomt bur. Ei svært lettkjøpt scoring.

Også etter pause hadde Bergsøy eit lite overtak i banespelet, men skapte minimalt med sjansar mot eit hardt arbeidande og overbefolka Spjelkavik-forsvar. BIL-angrepet vart for stereotypt og lite kreativt. Spelet vart pressa for mykje i midten, istaden for å prøve å kome rundt på sidene. Dette gjorde jobben lett for SIL-forsvaret. Etter kvart florerte feilpasningane hos heimelaget og det var tynne saker laget presterte. Bergsøy sin største sjanse kom midtvegs i omgangen, då Lars Ove Almestad kom seg fint fri på høgresida, men innlegget vart altfor upresist. Istaden var det gjestane som punkterte kampen då Trond Nedreklepp scora sigersmålet fem minutt før full tid etter ei utboksing av keeper Longva. Dette var den svakaste kampen vi har sett av heimelaget denne sesongen. Spelarane ser ut til å ha mist gnisten, og vi saknar meir skapande og kreativt spel frå midtbana og framover. Slik laget no framstår verkar det puslete og lite planmessig. Men det står framleis 5 kampar att, og det er å vone at laget kan kome tilbake og lage ei skikkeleg avslutning på sesongen. Første sjanse til å rette opp inntrykket er mot Sykkylven borte komande fredag.

Minst dårleg på det svake BIL-laget var Vidar Eikrem og Tony Pettersen. Elles var alle langt under pari. Hos Spjelkavik likte vi best kapteinen Frode Furseth og målscorar Klausen. Domar Erik Mørkeseth hadde små problem i ein lettdømd kamp.

## 4. divisjon

SP. 29/8-90

### Sunnmøre

**Spjelkavik – Skarbøvik** ........ 1– 0
**Sykkylven – Skodje** ........ 3– 1

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 17 | 11 | 3 | 3 | 32– 16 | 36 |
| Skarbøvik | 17 | 10 | 3 | 4 | 32– 15 | 33 |
| Ørsta | 17 | 8 | 6 | 3 | 27– 18 | 30 |
| Spjelkavik | 17 | 8 | 3 | 6 | 24– 22 | 27 |
| Bergsøy | 17 | 8 | 3 | 6 | 24– 24 | 27 |
| Langevåg | 17 | 8 | 2 | 7 | 33– 28 | 26 |
| Sykkylven | 17 | 6 | 7 | 4 | 24– 19 | 25 |
| Ellingsøy | 17 | 7 | 1 | 9 | 32– 27 | 22 |
| Herd | 17 | 6 | 4 | 7 | 25– 25 | 22 |
| Guard | 17 | 4 | 7 | 6 | 20– 32 | 19 |
| Skodje | 17 | 2 | 4 | 11 | 19– 39 | 10 |
| Haddal | 17 | 2 | 1 | 14 | 15– 42 | 7 |

# Målrikt i

SP - 1/9-90

# Sykkylven

Av Frank Kjøde

**4. divisjon**
**SYKKYLVEN – BERGSØY 3–4 (2–0)**
**Sykkylven stadion.**
**Mål: 1–0 Henning Haugen (4), 2–0 Per Gunnar Ulla (6), 2–1 Nils Roger Paulsen (61), 2–2 Henning Solem (65), 2–3 Vikar Eikrem (74), 3–3 Johnny Vattøy (84), 3–4 Lars Ove Almestad (86).**
**Dommar: Terje Blomvik, Fiskerstrand – 3.**
**Spelarpoeng: 3 Henning Solem, Bergsøy, 2 Eivind Fet, Sykkylven, 1 Børge Hansen, Bergsøy.**

Det vart ei målrik framsyning på Sykkylven stadion i går kveld. Sykkylven tok Bergsøy på senga, og leia 2–0 allereie etter seks minutt. Eivind Fet var arkitekten bak begge måla. Frå sin posisjon på høgresida la han inn til framstormande Henning Haugen som scora sikkert. Det andre målet var nesten ein tru kopi, men denne gongen var det Per Gunnar Ulla som var siste mann på ballen.

Med denne draumeopninga slapp Sykkylven seg verkeleg laus. Med høgt tempo og drivande spel fekk Bergsøy store problem, og hadde nok med å forsvare seg. Bergsøy klarte ikkje å produsere ein einaste reell målsjanse i løpet av omgangen.

Men i 2. omgang viste Henning Solem seg som ei viktig brikke for gjestene. Med sine raske bein skapte han store vanskar for sykkylvforsvaret. Solem gjorde forarbeidet til Bergsøys første mål som kom i det 61. minutt, men det var Nils Roger Paulsen som fekk kreditert scoringa som gjekk inn via stanga. Fire minutt seinare var radarparet Solem/Paulsen nok ein gong frampå. Keeper Øvergård halvklara skotet til Nils Roger Paulsen, og returen sette Henning Solem sikkert i mål. Utlikninga til 2–2 gjorde sitt til at Bergsøy tok over ringa. Etter eit frispark i det 74. minutt sende Vdar Eikrem i veg eit heller laust skot frå kring 25 meters hald som keeper Øvergård feilrekna. Og dermed hadde Bergsøy snudd kampen til sin fordel.

Sykkylven prøvde febrilsk på å få utlikning, og lukkast i det 84. minutt då Johnny Vattøy fekk krangle med seg ballen, og frå 12–13 meter scora han sikkert på ein knallhard markkrypar.

Men Bergsøy gav ikkje opp, og fire minutt før slutt fastsette Lars Ove Almestad kampresultatet til 3–4 på ein lobb frå 20 meter som gjekk over keeper Ronny Øvergård, som nok stod feilplassert.

## 4. divisjon

**Sunnmøre** SP-1/9-90

| | |
|---|---|
| **Ellingsøy – Haddal** | 1– 2 |
| **Langevåg – Guard** | 5– 3 |
| **Skarbøvik – Herd** | 0– 0 |
| **Spjelkavik – Valder** | 2– 2 |
| **Sykkylven – Bergsøy** | 3– 4 |
| **Ørsta – Skodje** | 2– 1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Valder | 18 | 11 | 4 | 3 | 34– 18 | 37 |
| Skarbøvik | 18 | 10 | 4 | 4 | 32– 15 | 34 |
| Ørsta | 18 | 9 | 6 | 3 | 29– 19 | 33 |
| Bergsøy | 18 | 9 | 3 | 6 | 28– 27 | 30 |
| Langevåg | 18 | 9 | 2 | 7 | 38– 31 | 29 |
| Spjelkavik | 18 | 8 | 4 | 6 | 26– 24 | 28 |
| Sykkylven | 18 | 6 | 7 | 5 | 27– 23 | 25 |
| Herd | 18 | 6 | 5 | 7 | 25– 25 | 23 |
| Ellingsøy | 18 | 7 | 1 | 10 | 33– 29 | 22 |
| Guard | 18 | 4 | 7 | 7 | 23– 37 | 19 |
| Skodje | 18 | 2 | 4 | 12 | 20– 41 | 10 |
| Haddal | 18 | 3 | 1 | 14 | 17– 43 | 10 |

*Bergsøy kom sterkt tilbake:* VN - 4/9 - 90

# Slo Sykkylven 4 - 3 etter dramatisk avslutning

Bergsøy kom sterkt tilbake etter to 0-2 tap, og vann 4-3 over Sykkylven på Sykkylven stadion fredag kveld. Statistikken tala også til Bergsøy sin fordel, idet laget faktisk ikkje har tapt mot Sykkylven sidan 1974!!

Denne statestikken såg ut å ryke, då heimelaget tok Bergsøy fullstendig på senga, og leia 2-0 allereie etter 6 minutts spel! Då frykta vi det verste!! Eivind Fet var arkitekten bak begge måla då han la inn frå sida, og i tur og orden kunne Henning Haugen og Per Gunnar Ulla putte ballen i nettet. Og etter denne kjempeopninga slapp Sykkylven seg laus og med høgt tempo og drivande spel fekk Bergsøy store problem med å forsvare seg. Men etter kvart fekk gjestane meir formasjon over laget, utan at ein greidde å spele seg fram til dei heilt store sjansane. Heimelaget kunne såleis gå til pause med ei fortent 2-0 leiing.

I andre omgang skifta kampen totalt karakter. Bergsøy-spelarane slutta med overdrivne føringar, og ballen gjekk raskare frå mann til mann. Dette skapte store problem for heimelaget, og etter eit kvarter var det klart for redusering. Raske Henning Solem, som skapte store problem for heimeforsvaret med sine raske bein, forserte på sida, og innlegget sette Nils Roger Paulsen i nettet via stolpen. Dette gav ytterlegare inspirasjon til gjestane, og berre 2-3 min. seinare var det klart for ny scoring for gjestane, og igjen var det radarparet Paulsen/Solem som var frampå. Denne gongen var det Paulsen som gjorde forarbeidet, og Solem kunne utlikne til 2-2. Etter dette tok BIL fullstendig over føringa i kampen, og etter ein halvtime tok gjestane leiinga. Endre Tjervåg sende av garde eit frispark frå 18- meters hald som traff Sykkylvs-muren, men Vidar Eikrem tok seg av returen sende av garde eit laust skot med venstrefoten som overrumpla Sykkylvs-keeperen. Dermed hadde Bergsøy snudd kampen til sin fordel.

Sykkylven prøvde febrilsk på å få utlikning, og i det 84 min. krangla Jonny Vattøy seg igjennom eit passivt Bergsøy-forsvar og utlikna til 3-3. Men Bergsøy nekta å gi seg denne kvelden, og 3-4 minutt før slutt kunne Lars Ove Almestad fastsette sluttresultatet til 4-3 for BIL, etter ein lobb som sneia ein Sykkylvsforsvaret og gjekk over ein feilplassert keeper.

Dermed var statistikken berga, og Bergsøy sikra seg ein viktig siger. Det er ei kjennsgjerning at laget dei to-tre siste sesongane har avslutta sesongen med 5-6 strake tap. Denne tvilsame statestikken er ein no innstilt på å rette opp med ei skikkeleg avslutning av dei fire siste kampane - mot Ellingsøy (H), Ørsta (B), Skarbøvik (H) og Langevåg (B) - sjølv om avstanden fram til topplaga er for stor med tanke på å kjempe om opprykk???

Best på Bergsøy denne gongen var spissduoen Henning Solem og Nils Roger Paulsen. Henning skapte mykje hovudbry for heimeforsvaret med sine raske forseringar, og spesielt etter sidebytte då han var flinkare til å bruke medspelarane sine. Nils Roger Paulsen la ned eit utruleg arbeid som spiss, og «stressa» heimeforsvarane gjennom heile kampen med hard jobbing. Elles overraska «løparen» Børge Hansen med godt og fornuftig backspel.

# Revansj

SP-8-9-90

**BERGSØY–ELLINGSØY 3–2 (2–1)**
**[illegible]rgsøy stadion**
**[illegible]l: 0–1 Alf Røren (10), 1–1 Vidar Eikrem (27), 2–1 Nils Roger Paulsen (44), 3–1 Henning Solem (49), 3–2 Kenneth Rongve (82).**
**Domar: Carl P. Carlsen, Herd.-3.**
**Spelarpoeng: 3 Alf Røren, Ellingsøy, 2 Henning Solem, Bergsøy, 1 Kenneth Rongve, Ellingsøy.**

Bergsøy tok revansj for 0–4-tapet mot Ellingsøy i vår. I går kveld måtte Ellingsøy forlate Bergsøy-graset med 2–3-tap, i ein kamp der gjestene så absolutt kom best i gang. Bergsøy gav Ellingsøy altfor fritt spelerom i opningsfasen, og slikt straffar seg. I det 10. minutt fekk Ellingsøy sin lagkaptein Alf Røren stå heilt umarkert, og fekk all den tid han trong til å stille inn kanonen. Frå 18–20 meter klemde han til, og ballen suste i nettet utan at Bergsøy-keeperen rakk å lette på ein finger.

Bergsøy var verkeleg på gyngande grunn. Forsvaret spelte usikkert, samanhengen i rekkene var for dårleg, og laget greidde ikkje å få press framover på banen. Ellingsøy spelte seg til gode måltilbod, men var for ineffektive framfor mål. Etter knappe halvtimen sytte Vidar Ekrem for balanse. Ei scoring som var nær identisk med gjestene sitt leiarmål. Berre sekund før fløyta gjekk for halvtid måtte keeper Norvik gje retur på eit frispark. Nils Roger Paulsen var påpasseleg framme og sende ballen i buret. Ei uhyre viktig og psykologisk scoring for heimelaget. Ellingsøy var det beste laget i første omgang.

Før fem minutt var gått av 2. omgang, hadde Henning Solem putta på til 3–1. Dermed fekk heimelaget meir ro over spelet sitt, og viste langt friskare takter enn før pause.

## 4. divisjon Sunnmøre

| | |
|---|---|
| **Bergsøy–Ellingsøy** | **3–2** |
| **Guard–Spjelkavik** | **1–2** |
| **Haddal–Ørsta** | **1–1** |
| **Herd–Langevåg** | **3–2** |
| **Skodje–Skarbøvik** | **2–6** |
| **Valder–Sykkylven** | **1–2** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 19 | 11 | 4 | 4 | 38–17 | 37 |
| Valder | 19 | 11 | 4 | 4 | 35–20 | 37 |
| Ørsta | 19 | 9 | 7 | 3 | 30–20 | 34 |
| Bergsøy | 19 | 10 | 3 | 6 | 31–29 | 33 |
| Spjelkavik | 19 | 9 | 4 | 6 | 28–25 | 31 |
| Langevåg | 19 | 9 | 2 | 8 | 40–34 | 29 |
| Sykkylven | 19 | 7 | 7 | 5 | 29–24 | 28 |
| Herd | 19 | 7 | 5 | 7 | 28–27 | 26 |
| Ellingsøy | 19 | 7 | 1 | 11 | 35–32 | 22 |
| Guard | 19 | 4 | 7 | 8 | 24–39 | 19 |
| Haddal | 19 | 3 | 2 | 14 | 18–44 | 11 |
| Skodje | 19 | 2 | 4 | 13 | 22–47 | 10 |

# Framleis opprykks-sjansar for Bergsøy

Etter tapet mot Spjelkavik for tre serierunder sidan, rekna dei fleste med at toget var gått når det galdt Bergsøy sine opprykkssjansar. Men utviklinga dei to siste serierundene, der Bergsøy har vunne sine to kampar, og dei andre topplaga har avgitt poeng, gjer at Bergsøy framleis har teoretiske sjansar til å kjempe om opprykk - når tre serierunder står att. Men då skal mykje klaffe. Bergsøy må vinne alle sine attståande kampar, mot Ørsta (b), Skarbøvik (h) og Langevåg (b), samstundes som ein er avhengig av SIF og Valder avgjev poeng. Dei to laga møtast som kjent innbyrdes i siste serierunde, og eit uavgjort resultat her kan vere det som skal til?? Mykje kan skje, og det går mot ei forrykande avslutning. BIL er på mange måtar i angrepsposisjon, og dersom karane er «tøffe» nok, kan det bli interessant vidare. Men ein er avhengig av at alle er innstilt på å yte maksimalt, og at ein har marginane på si side.

Bergsøy må i alle høve vise heilt andre takter enn det som vart vist mot Ellingsøy sist fredag, sjølv om laget vann 3-2. Bergsøy-laget virka svært puslete og inspirert i opningsfasen, og dette gav gjestane mykje rom å boltre seg i. Etter 10. min var det klart for 1-0 til gjestane, då lagkaptein Alf Furland fekk kjempetreff frå 18-20 meters hald, og ballen fauk som ein prosjektil i nettmaskene. I denne perioden var BIL på gyngande grunn, og gjestane kunne lett ha scora fleire mål i denne perioden. Etter knappe halvtimen lukkast det heimelaget å skape balanse i stillinga. Vidar Eikrem fekk skikkeleg treff frå 20-meters hald, og ballen fauk i nettet. Flott scoring. Like før pause var det så klart for ny BIL-scoring. Keeper Norvik måtte gi retur på eit frispark, og Nils Roger Paulsen var påpasseleg framme og sende ballen i nota. Ei psykologisk viktig scoring, og ei heldig BIL-leiing etter ein 1. omgang der gjestane var best.

Etter sidebytte kom Bergsøy sterkare, og allereie etter 5 minutt var det klart for 3-1 - etter ein fin enkeltmannsprestasjon av Henning Solem. Bergsøy hadde no eit spelemessig overtak, og spelte seg fram til mange sjansar. Største tilbodet hadde Henning då han kom åleine med keeper, men heller ikkje denne sjansen vart utnytta. Istaden var det Ellingsøy som reduserte, då Kenneth Rongve scora på eit velplassert skot frå 14-15 meters hald 8 minutt før slutt. I denne perioden var Bergsøy-forsvaret til tider på gyngande grunn, men greidde likevel å hindre utlikning for gjestane. Dermed sikra BIL seg tre nye poeng, i ein spelemessig svak kamp. Det må nok heilt andre takter til i dei tre siste kampane om laget skal gjere seg forhåpningar om å kjempe om opprykk. Best på Bergsøy var Børge Hansen, som ser ut å stortrivast i si nye backrolle. Han sikra godt bakover, og er også konstruktiv med framspela. Elles var dei fleste BIL-spelarane under pari i denne kampen. Hos Elingsøy likte vi best kapteinen Alf Røren. Domar Carl P. Carlsen hadde små problem i ein reinspela kamp.

SP-15-9-90

**4. divisjon Sunnmøre**

| | |
|---|---|
| Herd–Guard | 4–3 |
| Langevåg–Skodje | 4–2 |
| Skarbøvik–Haddal | 3–0 |
| Sykkylven–Spjelkavik | 1–2 |
| Ørsta–Bergsøy | 2–1 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 20 | 12 | 4 | 4 | 41– | 17 | 40 |
| Valder | 19 | 11 | 4 | 4 | 35– | 20 | 37 |
| Ørsta | 20 | 10 | 7 | 3 | 32– | 21 | 37 |
| Spjelkavik | 20 | 10 | 4 | 6 | 30– | 26 | 34 |
| Bergsøy | 20 | 10 | 3 | 7 | 32– | 31 | 33 |
| Langevåg | 20 | 10 | 2 | 8 | 44– | 36 | 32 |
| Herd | 20 | 8 | 5 | 7 | 32– | 30 | 29 |
| Sykkylven | 20 | 7 | 7 | 6 | 30– | 26 | 28 |
| Ellingsøy | 19 | 7 | 1 | 11 | 35– | 32 | 22 |
| Guard | 20 | 4 | 7 | 9 | 27– | 43 | 19 |
| Haddal | 20 | 3 | 2 | 15 | 18– | 47 | 11 |
| Skodje | 20 | 2 | 4 | 14 | 24– | 51 | 10 |

SP-15/9-90

# Ørsta stadig med

## kampfakta

**4. divisjon**
**ØRSTA–BERGSØY 2–1 (2–1)**
**Ørsta grusbane**
**Mål: 1–0 Normann Dimmen (10), 2–0 Svein Erik Grevsnes (14), 2–1 Endre Tjervåg (straffe, 35).**
**Dommar: Einar Hellevik, ÅFK – 5.**
**Gult kort: Sindre Halkjelsvik og Richard Olsen, Ørsta, Nils Roger Paulsen og Trond Paulsen, Bergsøy.**
**Spelarpoeng: 3 Geir Magnus Lied, Ørsta, 2 Jan Petter Simonnes, Ørsta, 1 Henning Solem, Bergsøy.**

**Av Alf Vatne**

Ørsta heng stadig med i kampen om seriemeisterskap og opprykk til 3. divisjon, etter at Bergsøy i går vart slått 2–1 i ein velspela og underhaldande kamp på grusbana i Ørsta. Dei ufyselege forholda såg ikkje ut til å dempe spelegleda, og publikum fekk aldri tid til å kjede seg.

Ørsta er no tre poeng bak SIF og likt med Valder, som spelar i dag mot Ellingsøy. I neste runde skal Ørsta møte Valder heime.

Det var heimelaget som dominerte kampen, men spolerte ei rad med opplagte sjansar. Sjølv om Bergsøy ikkje spela nokon dårleg kamp, slapp laget likevel billeg med berre eittmåls-tap.

Bergsøy opna med ein kjempesjanse i det første minuttet, men mål vart det ikkje. Istaden kom Ørsta i gong og scora to raske mål etter fint angrepsspel. Normann Dimmen og Svein Erik Grevsnes ordna scoringane. Ørsta heldt fram å presse, men det vart istaden Bergsøy som reduserte på straffe etter at ein spelar vart dytta vekk. Endre Tjervåg scora, og det var gjestene sitt einaste skot mellom stengene i 1. omgang.

Sjølv om 2. omgang vart mållaus, vart det framleis underhaldande og triveleg spel. Ørsta hadde eit utal store sjansar, og med betre effektivitet burde sigeren ha vorte mykje klarare. Bergsøy fekk to mann skadd heilt i byrjinga av omgangen då Trond Paulsen og Torbjørn Leikanger skalla saman. Leikanger måtte køyrast til sjukehuset i Volda etter den harde samanstøyten.

Solid kamp av Ørsta, der kapteinen Geir Magnus Lied var engasjert i det meste. Svært god dømming av Einar Hellevik.

# Bergsøy ute av kampen

Bergsøy er definitivt ute av tetkampen etter at laget tapte 2-1 for Ørsta på Ørsta si grusbane sist fredag. Slik kampen utvikla seg skal gjestane vere glade for at ein slapp med 1-2 -tap, då heimelaget spolerte ei uttal av store sjansar.

Ørsta sine to mål kom i byrjinga av kampen. Etter 10 min. kom Svein Erik Grevsnes fri på sida, og han la eit fint innlegg framfor mål, der Normann Dimmen styrte ballen i mål med pannebrasken. Fire minutt seinare var det klart for 2-0. Dimmen kom igjennom midten, men vart felt. Den rutinerte domaren Einar Hellevik, let spelet gå, og Svein Erik Grevsnes sette ballen i mål.

Fem minutt før pause scora Bergsøy. Laget fekk tildelt straffespark etter at ein angripar vart pressa i bakken, og Endre Tjervåg reduserte til 1-2.

I andre omgang var det mest berre Ørsta. Bergsøy var farlege på nokre kontringar, og særleg Henning Solem skapte visse problem for heime-forsvaret, men det var Ørsta som hadde dei fleste og største sjansane. Midtvegs i omgangen kolliderte dei to Bergsøy-spelarane Trond Paulsen og Tobben Leikanger, og begge måtte forlate bana. Leikanger vart sendt til sjukehuset i Volda der det vart konstatert hjerneskaking. Etter dette var Bergsøy-laget fullstendig i oppløsning, og det var utruleg at ikkje Ørsta auke leiinga.

# SIF rota bort sigeren

SP-24/9-90

**4. divisjon**
**BERGSØY–SIF 2–2 (0–2)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 0–1 John Johnsen (2), 0–2 Bertil Valderhaug (12), 1–2 Nils Roger Paulsen (50), 2–2 Kristian Berge (85).**
**Domar: Oddbjørn Aam, Åmdal – 3.**
**Gult kort: Hany Suleiman og Robert Vestre, SIF.**
**Raudt kort: Henning Solem, Bergsøy.**
**Spillerpoeng: 3 Hany Suleiman, SIF, 2 Trond Paulsen, Bergsøy, 1 John Johnsen, SIF.**

**Av Per Moltu**

I 83 av dei 90 minutta i kampen mot Bergsøy var SIF i 3. divisjon. Men fem minutt før full tid sprang Bergsøy sin innbytar og A-lagsdebutant, 19-åringen Kristian Berge, frå SIF-forsvaret og utlikna til 2–2. Då vart det stilt på ein elles høgrøysta SIF-benk. Dermed vert det litt av ei thrilleravslutning om opprykket når SIF og Valder møtest til helga.

SIF fekk ei pangopning på kampen. Etter knappe 2 minutt låg den første ballen bak Bergsøy-keeper Longva, då John Johnsen ekspederte eit innlegg frå Bjørn Bjerknes i mål. Då Bertil Valderhaug ti minutt seinare heada i jørnet eit overlegg frå Thor Klokk, rekna dei fleste med lett match og klar siger for siffane. SIF var det dominerande laget i 1. omgang.

Det er alltid dramatikk når SIF og Bergsøy møtest i Fosnavåg. Slik også denne gongen. Etter halvtimen får Bergsøys Henning Solem marsjordre av domar

Å måtte spele den siste timen med 10 mann såg ut til å inspirere heimelaget kolossalt. Samstundes kom det noko usikkert, famlande og nervøst over gjestane. Når Bergsøy fekk meir trykk framover på bana, breidde panikken seg hos SIF-gutane. Det var tydeleg at mykje stod på spel, og laget greidde ikkje å bevare den nødvendige roa. I ein dramatisk og spennande 2. omgang var det imponerande gjort av Bergsøy å utlikne 2–0-leiinga med ein mann mindre på banen. Nils Roger Paulsen reduserte til 1–2 fem minutt etter sidebyte. Og balansen kom då berre fem minutt sto att. Det sytte den raske og tekniske gode Bergsøydebutanten Kristian Berge for kort tid etter at han hadde gjort sin entre på banen. Dermed var det eit skuffa SIF-lag som gjekk av banen i Sosnavåg.

## 4. divisjon

**Sunnmøre** SP-24/9-90

| | |
|---|---|
| **Bergsøy –Skarbøvik** | **2– 2** |
| **Haddal –Langevåg** | **0– 2** |
| **Skodje –Herd** | **3– 7** |
| **Spjelkavik –Ellingsøy** | **3– 0** |
| **Sykkylven –Guard** | **3– 5** |
| **Valder –Ørsta** | **0– 2** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 21 | 12 | 5 | 4 | 43– 19 | 41 |
| Ørsta | 21 | 11 | 7 | 3 | 34– 21 | 40 |
| Valder | 21 | 11 | 4 | 6 | 35– 24 | 37 |
| Spjelkavik | 21 | 11 | 4 | 6 | 33– 26 | 37 |
| Langevåg | 21 | 11 | 2 | 8 | 46– 36 | 35 |
| Bergsøy | 21 | 10 | 4 | 7 | 34– 33 | 34 |
| Herd | 21 | 9 | 5 | 7 | 39– 33 | 32 |
| Sykkylven | 21 | 7 | 7 | 7 | 33– 31 | 28 |
| Ellingsøy | 21 | 8 | 1 | 12 | 37– 35 | 25 |
| Guard | 21 | 5 | 7 | 9 | 32– 46 | 22 |
| Haddal | 21 | 3 | 2 | 16 | 18– 49 | 11 |
| Skodje | 21 | 2 | 4 | 15 | 27– 58 | 10 |

 VN-25/9-90 Vestlandsnytt

# Dramatikk då Bergsøy innhenta Skarbøvik

Det er alltid dramatikk når Bergsøy og Skarbøvik møtast, og laurdagens kamp på Bergsøy stadion var ingen unntak. Det såg mørkt ut for Bergsøy då topplaget SIF leia 2-0 allereie etter 12: min spel, og endå mørkare vart det då Bergsøy-spissen Henning Solem fekk marsjordre etter eit lite privat oppgjer med SIF's Hany Suleiman. Etter Henning si oppvisning mot SIF i vårkampen, var det tydeleg at SIF hadde teke sine førehandsreglar for å sette raske Henning ut av spel. Og etter å ha blitt «provosert» av Suleiman, tok Henning igjen, og fekk raudt kort, medan Hany slapp med gult. Men trass i utvisninga - kom Bergsøy-laget sterkt tilbake, og med 10 mann på bana tok dei meir og meir over føringa i kampen. Først utlikna Nils Roger Paulsen til 1-2 for heimelaget etter fint førearbeid av Kurt Magne Berge, og klimakset kom då Bergsøy sin 19-årige debutant. Kristian Berge, stakk igjennom på eit presist framspel frå Asbjørn Prytz og utlikna til 2-2 fem minutt før slutt. Brølet som då fylgde frå «Store Stå» - høyrdest truleg heilt inn på Frøystad-skaret. Samtidig vart det stilt som i grava på ein elles svært høgrøsta SIF-benk. Dermed makta ikkje SIF å avgjere opprykkskampen, og må nå ut i ein ny nervekamp mot Valder heime komande helg for eventuelt å sikre seg opprykk.

SIF fekk som sagt ein pangopning i denne kampen, og etter knappe 2 minutt låg den første ballen i nota bak Bergsøy-keeper Longva, då spissen John Johansen ekspederte eit innlegg frå veteranen Bjørn Bjerknes i mål. Og då Bertil Valderhaug 10 min seinare heada i hjørnet eit overlegg frå Thor Klokk, frykta vi det verste for heimelaget , og rekna med lett match for Siffane. Og då Henning fekk marsjordre, var det mange på «Store Stå» som vurderte å prioritere TV-kampen framfor å sjå BIL bli utklassa.

Men utvisninga såg ut til å inspirere heimelaget - samtidig som det kom noko usikkert, famlande og nervøst over gjestane. Og til større trykk Bergsøy fekk på det framover, dess meir breidde panikken i SIF-forsvaret. Det var tydeleg at mykje stod på spel, og laget greidde ikkje å bevare roa. Og allereie 5 minutt etter pause var det klart for redusering til 1-2. . Kurt Magne Berge forserte fint på høgresida, og det presise innlegget ekspederte Nils Roger Paulsen fint i hjørnet. Fin scoring. Etter dette breidde frustrasjonen seg meir og meir hjå ålesundarane, som vart svært høgrøysta både på og utanfor bana. På «Store Stå» var det semje om at det minte litt om stemninga i Rundabranden i hekketida.??!! Og då unge, lovande Kristian Berge stakk igjennom og utlikna til 2-2 fem minutt før slutt var det god gammaldags stemning på stadion. Kristian stakk fint fram på eit framspel frå Appa Prytz, og kaldt og roleg sende han ballen til side for SIF-keeperen og i nettet. Betre debut kunne han knapt drøyme om. Teknisk gode Kristian har vist seg som ein sikker goalgetter i juniorkampane, og med full satsing og rett haldning gjennom vintertreninga bør han utvikle seg til å bli ein dyktig spiss for BIL i åra framover. Først og fremst har han den nødvendige roa i avgjerande situasjonar. Også den andre debutanten, Vegard Fiksdal, som kom inn like etter pause rakk å markere seg som ein svært lovande forsvarsspelar med god teknikk og fint overblikk. Bestemannsprisen vil vi elles dele mellom sweeper Appa Prytz og den smarte venstre-backen Børge Hansen. Elles god laginnsats, særleg etter utvisninga.

På SIF likte vi best midtbanespelaren Roger Lervik og spissen John Johnansen. Domar Oddbjørn Aam greidde seg godt i ein intens og hendingsrik kamp.

I siste seriekamp skal Bergsøy møte Langevåg borte.

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik ...... | 21 | 12 | 5 | 4 | 43– | 19 | 41 |
| Ørsta ............ | 21 | 11 | 7 | 3 | 34– | 21 | 40 |
| Valder ........... | 21 | 11 | 4 | 6 | 35– | 24 | 37 |
| Spjelkavik ...... | 21 | 11 | 4 | 6 | 33– | 26 | 37 |
| Langevåg ....... | 21 | 11 | 2 | 8 | 46– | 36 | 35 |
| Bergsøy ......... | 21 | 10 | 4 | 7 | 34– | 33 | 34 |
| Herd .............. | 21 | 9 | 5 | 7 | 39– | 33 | 32 |
| Sykkylven ...... | 21 | 7 | 7 | 7 | 33– | 31 | 28 |
| Ellingsøy ....... | 21 | 8 | 1 | 12 | 37– | 35 | 25 |
| Guard ............ | 21 | 5 | 7 | 9 | 32– | 46 | 22 |
| Haddal .......... | 21 | 3 | 2 | 16 | 18– | 49 | 11 |
| Skodje .......... | 21 | 2 | 4 | 15 | 27– | 58 | 10 |

# Fylling-show

SP-1/10-90

4. divisjon
**LANGEVÅG–BERGSØY 7–1 (4–0)**
Langevåg grusbane
Mål: 1–0 Håvard Skaar (7), 2–0 Ronald Båtnes (26), 3–0 André Fylling (34), 4–0 Fylling (41), 5–0 Fylling (47), 6–0 Fylling (55), 6–1 Tony Pettersen (59), 7–1 Fylling (84).
Dommer: Magne Tøsse, Stordal – 5.
Spillerpoeng: 3 André Fylling, 2 Hallgeir Austnes, 1 Håvard Skaar, alle Langevåg.

**Av Torstein Støylen**

Langevåg spilte for 4. plassen og cup-deltakelse neste år – og for et spill! Nå vet vi lite om hvor motivert Bergsøy var til denne kampen, men i hvert fall ble de rundspilt på grusbane etter alle kunstens regler av et opplagt Langevåg-lag.

Hallgeir Austnes, Langevågs nye trener neste sesong, regjerte på midtbanen i sin siste kamp som aktiv, sammen med Terje Salen, og framme måtte en bare gi seg ende over for mål-begavelsen André Fylling.

Spesielt rask er han ikke, men finter og skyter som om det var den enkleste ting av verden. André endte opp med hele 23 seriemål på det mestscorende laget i divisjonen, og Langevåg passerte også Spjelkavik og Valder og tok 3. plass på slutt-tabellen.

Lørdag leverte hele laget spill og detaljer av en slik klasse at det ikke blir vanskelig å ta fatt på forberedelsene til en ny sesong.

# Bergsøy avslutta med stortap

VN - 2/10 - 90

Ei rekke store personlege feil førde til at Bergsøy gjekk på ei skikkeleg «blemme» i den siste kampen borte mot Langevåg laurdag. Heimelaget vann til slutt 7 - 1 i ein kamp som spelemessig var langt jamnare enn resultatet tilseier.

Bergsøy opna friskt og laget hadde to - tre farlege sjansar etter å ha opna heimeforsvaret ved hjelp av lange krossballar. Men det var Langevåg som fann vegen til nettmaskene då laget for første gong kom i angrep etter sju minutt. Målscorar var Håvard Skaar.

Bergsøy var bra med utover i omgangen, men så byrja spelarane å gjere utilgjevelege og avgjerande personlege feil. 0 - 2 etter 26 minutt kom då keeper Longva feilrekna ein lang poleball frå Ronald Båtnes. Ballen gjekk over Longva og i nota. Og ikkje nok med det. Åtte minutt seiare dribla Gullik Kjelstadli seg bort på eigen 16-meter, og André Fylling fekk dermed ballen servert på sølvfat. Same Fylling var i det umoglege hjørnet laurdag. Han scora eit til mål før pause, og fulgde opp med tre nye fulltreffarar etter kvilen. Men Fylling bør takke gavmilde Bergsøy-forsvarar for eit par - tre av måla.

På stillinga 0 - 6 fekk Bergsøy sitt trøstemål då Tony Pettersen stakk igjennom og scora sikkert. Same Pettersen var elles nær ved å lukkast fleire gongar, men det vart denne gongen berre nesten - - -

På Bergsøy spelte Trond Paulsen ein bra kamp på midtbana, medan det var tydeleg på resten av laget at denne kampen var temmeleg interesselaus.

Grei døming av Magne Tøsse, Stordal.

## 4. DIVISJON

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 22 | 13 | 5 | 4 | 45– | 19 | 44 |
| Ørsta | 22 | 12 | 7 | 3 | 36– | 21 | 43 |
| Langevåg | 22 | 12 | 2 | 8 | 53– | 37 | 38 |
| Valder | 22 | 11 | 4 | 7 | 35– | 26 | 37 |
| Spjelkavik | 22 | 11 | 4 | 7 | 33– | 28 | 37 |
| Bergsøy | 22 | 10 | 4 | 8 | 35– | 40 | 34 |
| Herd | 22 | 9 | 5 | 8 | 40– | 36 | 32 |
| Ellingsøy | 22 | 9 | 1 | 12 | 41– | 37 | 28 |
| Sykkylven | 22 | 7 | 7 | 8 | 35– | 35 | 28 |
| Guard | 22 | 6 | 7 | 9 | 33– | 46 | 25 |
| Haddal | 22 | 4 | 2 | 16 | 21– | 50 | 14 |
| Skodje | 22 | 2 | 4 | 16 | 27– | 59 | 10 |

# Bergsøy styrkar stallen

Bergsøy har behov for å styrke stallen dersom laget skal ta sikte på å kjempe i toppen i 4. divisjon neste år. Og det har ein. Difor vil laget ein av dei første dagane ta kontakt med lokale aktørar som ein er interessert i å knyte nærmare til seg. Dette opplyser BIL-trenar Bjørn Prytz.

Kva for nokre spelarar ein spesielt har i kikerten, vil ikkje Prytz seie noko konkret om enno. Men det er alt no klart at Are Blindheim igjen vert å finne i BIL-drakta neste sesong, og laget har også ståande avtale om å starte forhandlingar med Guard-spelaren og leikongaren Kjartan Kleppe etter at Guard vert ferdig med sesongen.



* Bergsøy-troppa som møtte Sande-laget. Bak f.v. Kjartan Kleppe, trenar Kjartan Paulsen, Arve Leine, Tony Pettersen, Gullik Kjelstadli, Tom Beddari, Lars Ove Almestad, henning Solem, Ronny Osnes og Endre Rudolfsen. Framme f.v. Nils Roger Paulsen, Endre Tjervåg, Are Blindheim, Kurt Ove Longva (domar), Per Gunnar Djupvik, Andre Voldsund, Kristian Berge, Sindre Reite og Børge Hansen.

# Sterk BIL-siger over ineffektivt Sande-lag

VN 30/10-90

Bergsøy og det samansette Sande-laget leverte ei underhaldande og tidvis god forestilling på River Plate laurdag. Sjølv om bana var knallhard, så let ikkje spelarane seg inspirere til hardt spel. Tvert imot vart det servert mykje teknisk fin fotball framfor eit temmeleg talrikt publikum.

Dette var det første møtet mellom Bergsøy og eit samansett Sande-lag, og det var tydeleg at begge partar tok oppgåva alvorleg. Bergsøy var det førande laget i dei første og i dei siste ti minutta av kampen. Men elles var det jamnt og periodevis hadde Sande-laget eit visst grep på spelet. Men mål vart det ikkje for sandssokningane denne gongen, sjølv om både Vidar Gjerde, Asle Johansen, Ronny Myklebust og Oddvin Kragset hadde store sjansar. Derimot fann Bergsøy-laget nettmaskene tre gongar i løpet av det siste kvarteret. Først scora Kjartan Kleppe med eit velplassert skot etter innlegg frå Henning Solem, før Nils Roger Paulsen avslutta med to raske scoringar. Det første på heading etter frispark, det andre på retur etter at ballen først hadde slege i treverket.

På Bergsøy viste Gullik Kjelstadli solid haustform, medan Kjartan Kleppe viste at han kan verte ei nyttig forsterking for BIL til neste sesong. Spesielt imponerte han med sterkt hovudspel.

På Sande-laget la ein mest merke til Bjartmar Rekdal jr. som spelte glimrande som sweeper. Elles viste



* Ronny Osnes og Kjartan Kleppe prøvespelte for Bergsøy mot Sande-laget, og gjorde sine saker godt.

Ronny Myklebust og Helge Kvamme mykje fikst på midtbana. Etter pause kom også Oddvin Kragset til sin rett, og det er elles no klart at Oddvin vert å finne i Åramtrøya neste sesong.

Inntekta av denne kampen går til årets TV-aksjon for Redd Barna og kampen resulterte i over 2.000 kroner til dette gode formålet.

Neste år vil elles Sande-laget få sjans til å revansjere seg, for Vestlandsnytt legg opp til at møtet mellom Bergsøy og Sande skal verte årvisst.

# Endre - årets Bergsøy-spelar

Under årsavslutningsfesten i fotballgruppa i Bergsøy sist laurdag, vart Endre Tjervåg (t.v.) kåra til årets Bergsøy-spelar - sesongen 1990. Det er ein tremannsjury som har stått for kåringa, og fotballformann Per Botn opplyste under utdelinga at juryen hadde lagt særleg vekt på at Endre gjennom heile sesongen har vist gode haldningar, hatt størst treningsframmøte, vart klubbens toppscorar, og vist ei positiv innstilling både i med- og motgang. Vi gratulerer! Det er forøvrig første gongen i Bergsøy si historie at ei slik kåring finn stad, og det er meininga at den skal bli årviss.



**MOLDTUSTRANDA** V-N-7/5-91

Også denne klubben stiller med seniorlag i 6. divisjon. I lag med Tjørvåg og Gurskøy kan det såleis verte mange artige og spennande lokaloppgjer i årets serie. Laget har framfor sesongen fått solid forsterkning frå Bergsøy i det desse har meldt seg over: Jack, Tony og Kenneth Pettersen, Børge Hansen og Jan Vidar Hjelmeseth. I aldersbestemte klasser så har klubben med seg 1 lag i småguteklassa og 1 lag i miniguttklassa. Samla så skal desse laga delta i 27 kampar på våren. Heimekampar og treningar foregår på Munkvoll grus og gras.

# Nå kommer Bergsøy

Av Arne Klepp

Endeleg fekk publikum noko å gle seg over på Sentralstadion. Et Bergsøy-lag med ein del nye spelarar viste pågangsmot og vinnarvilje som tilskuarane ikkje har sett før i sesongen. Alt frå starten av var Bergsøy-spelarane hissige på å vinne duellane. Med veteranane Fred Frantzen og Trond Paulsen, nyskaffingen Kjartan Kleppe og unggutane Geir Svannes og Vegard Fiksdal i spissen, varta laget opp med fikst kombinasjonsspel over heile bana.

Første halvtimen vår ganske jamn med eit lite overtak til Bergsøy. Men Valder hadde den største sjansen til å gå opp i leiing. Dag Erik Jønsson vart spela igjennom, men skotet traff innsida av stolpen og rulla på tvers framfor mål og sneik seg så vidt utom andre stolpen. Elles gjekk

**BERGSØY–VALDER 3–1 (1–0)**
**Sentralstadion**
**Mål: 1–0 Fred Frantzen (14), 2–0 Endre Tjervåg (46), 3–0. Kjartan Kleppe (48), 3–1 Dag Runar Syversen (82).**
**Dommar: Steinar Holvik – 3.**
**Gult kort: Ivan Myklebust, Nils Roger Paulsen, Are Blindheim, Bergsøy, Arne Morten Sandanger, Valder.**
**Spelarpoeng: 3 Vegard Fiksdal, Bergsøy, 2 Trond Paulsen, Bergsøy, Arild Magne Blindheim, Valder.**

kampen føre seg på midtbana med mange harde duellar. Etter halvtimen scora Bergsøy. Eit hjørnespark frå venstre vart slått mot næraste stolpe. Der stod Fred Frantzen, uforstyrra fekk han gå opp og heada ballen i mål via tverrliggaren.

2–0 og 3–0 kom like etter start av andre omgang. Først ei forsering av unge Vegard Fiksdal på venstresida, og det presise innlegget ekspederte Endre Tjervåg elegant i mål. Etter dette var det Are Blindheim som fekk god plass på venstresida. Hans innlegg vart heada i mål av Kjartan Kleppe.

Mot slutten såg det ut som om kreftene tok slutt hos Bergsøyspelarane, for Valder tok over og reduserte til 1–3 på eit innlegg frå høgre. Dette plasserte Dag Runar Syversen i mål med ei praktfull heading. Etter dette pressa Valder hardt på, og var fleire gonger nære på å redusere i sluttminutta.

S-P-
8/10-91



*Trond Paulsen gjør comeback for Bergsøy.*

**3. divisjon Sunnmøre**

| | |
|---|---|
| Bergsøy–Valder | 3–1 |
| Guard–Sykkylven | 2–2 |
| Hareid–Ørskog | 7–1 |
| Herd–Spjelkavik | 3–1 |
| Langevåg–Ellingsøy | 3–1 |
| Ørsta–Stordal | 8–2 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 14 | 9 | 2 | 3 | 37–19 | 29 |
| Hareid | 14 | 9 | 2 | 3 | 30–17 | 29 |
| Ørsta | 14 | 8 | 3 | 3 | 38–15 | 27 |
| Spjelkavik | 14 | 8 | 2 | 4 | 27–12 | 26 |
| Sykkylven | 14 | 7 | 4 | 3 | 23–16 | 25 |
| Valder | 14 | 6 | 2 | 6 | 25–21 | 20 |
| Ørskog | 14 | 6 | 0 | 8 | 23–35 | 18 |
| Herd | 13 | 4 | 3 | 6 | 15–16 | 15 |
| Stordal | 14 | 4 | 3 | 7 | 24–27 | 15 |
| Ellingsøy | 14 | 4 | 2 | 8 | 20–35 | 14 |
| Bergsøy | 13 | 3 | 2 | 8 | 20–40 | 11 |
| Guard | 14 | 2 | 1 | 11 | 12–41 | 7 |

# Thrilleren fortsetter

**I kveld starter endelig 3. divisjon Sunnmøre på høstsesongen, etter en rekordlang pause på fem uker som de færreste klubbene har satt særlig pris på. Det er ikke så enkelt å konservere formen over en så lang periode, og det skal bli spennende å se hvordan dette slår ut i høst.**



*Jarle Ødegård klar for Herd.*

Årets 3. divisjon blir rekord-jevn, det kan slåes fast allerede nå. Etter 13 runder er hele tre lag på toppen med 26 poeng hver, nemlig Spjelkavik, Langevåg og Hareid. To poeng bak følger Ørsta og Sykkylven, og det er nok mellom disse fem lagene opprykkskampen vil stå.

Spjelkavik møter Herd på Vikas gamle hjemmebane Moa til en skikkelig «nabo-krangel». Herd avsluttet vårsesongen godt, og har i sommer fått både Jarle Ødegård fra Stordal og Ernie Rekdal fra ÅFK i tilgang. Ødegård spiller i kveld, mens Rekdals overgang ikke er i orden foreløpig. Spjelkavik har fått ytterligere to støttespillere i det militære, keeper Helge Kolseth og Trond Nedreklepp, og vi tror Herd kan stelle i stand mye bryderi for lederlaget i kveld.

Langevåg virket solide i vår, særlig på hjemmebane, og Ellingsøy kan neppe gjøre seg særlig håp om poeng på Langevåg stadion. Langevåg har en fin blanding av rutine og ungdom, og blir Sunnmørspostens største opprykksfavoritt i høst-racet. Med André Fylling på laget er Langevåg nærmest garantert minst ett mål pr. kamp, og nettopp slike goalgettere er gull verd i en jevn serie.

Hareid tapte klart 0-3 borte mot Ørskog i vår, og dette tapet sved skikkelig hos rødtrøyene. Hevnens time er kommet, og Ørskog har neppe kapasitet til å ta poeng på Hareid stadion. Dette til tross for at Ørskog har overrasket positivt til nå, og langt på veg har sikret ny kontrakt. Men Hareid vil opp, og må vinne slike kamper.

Ørsta–Stordal kan bli en artig kamp, med hjemmelaget som favoritt. Stordal sparket trener Jarle Ødegård etter vårsesongen, så spørs det om den nye treneren Bjørn Nedreskodje kan gjøre det særlig bedre. Stordals forventninger til sesongen var kanskje litt for store i forhold til materiellet? Ørsta har innfridd så langt, og må vinne om de skal følge med i toppen.

Sykkylven knuste Guard hele 6-0 i vår, men får det kanskje ikke fullt så lett nå. Sykkylven har ofte hatt trøbbel på kunstgresset (tap i fjor), og Guard må starte redningsaksjonen umiddelbart om ikke nedrykket skal være en realitet før måneden er omme. Men Sykkylven blir klar favoritt i kveld.

Bergsøy har gjennomført en elendig vårsesong, så elendig at trener Bjørn Prytz trakk seg i sommer. Nå settes alle kluter til for å redde stumpene av sesongen, blant annet har veteranen Trond Paulsen begynt på igjen. I tillegg er Kjartan Kleppe (Gurskøy) og Børge Hansen (Moltu) spilleklare - alle tre vil styrke laget. Mot et Valder-lag som sliter med tynn stall og et par spillere i manko på grunn av skade og karantene tror vi Bergsøy har gode muligheter til seier.

S-P- 14/8-91

# Herd slo Bergsøy

**Av Arne Klepp**

Kampen mellom Bergsøy og Herd vart jamn. Laga hadde overtaket i kvar sin omgang, Herd i første og Bergsøy i andre. I første omgang spela Herd med god rørsle og let ballen gjere arbeidet. Tidvis spela dei god fotball, og skapte mange farlege sjansar. To av desse resulterte i mål. Bergsøy vart i denne omgangen altfor avventande, og overlet difor initiativet til motstandaren. Avstanden mellom lagdelene vart òg for stor til at dei fekk lagt press på Herd-spelarane.

Herd sjokkopna og gjorde 1–0 før det hadde gått eitt minutt. Vebjørn Solevåg fekk tid og plass nok til å sikte, og skotet frå om lag 16 meters hald sat der det skulle. Bortelaget heldt grepet om kampen, og let ikkje heimelaget få kome til før det hadde gått 10 minutt. Ei diagonalpasning opna Herd-forsvaret og let Lars Ove Almestad bruke farta si. Han gjekk til dødlinja, og innlegget frå høgre fekk Are Blindheim ein fot på. Herd-keeperen måtte kaste seg bakover for å nå ballen, men då var den alt passert mållina.

Fem minutt etter utlikninga gjorde Eirik Hummelsund 1–2. Eit frispark vart stussa vidare til Eirik som tok ballen på heil volley. Skotet sat der det skulle. Like etter var Bergsøy frampå, med eit liknande skot, men herdkeeperen nådde akkurat høgt nok. Det var spesielt høgresida til Herd som laga trubbel for heimelaget. Vebjørn Solevåg og Geir Vegsund køyrde fram det eine angrepet etter det andre på denne sida, men innlegga var ikkje presise nok. I tillegg var Herd farlege på alle dødballsituasjonar.

I andre omgang kom Bergsøy på banen og tok kommandoen med ein gong. Aggressive og hardtarbeidande over heile banen. Herd var faktisk ikkje på visitt oppe ved Bergsøy-målet før det hadde gått eit kvarter. Likevel vart det ikkje mange farlege sjansar Bergsøy skapte. Siste pasninga var ikkje god nok.

Herd-forsvaret måtte i aksjon gong på gong i denne omgangen, men klarde å halde hovudet kaldt, slik at kampen enda med siger til gjestene.

**BERGSØY – HERD 1–2 (1–2)**
**Sentralstadion**
**Mål: 0–1 Vebjørn Solevåg (1), 1–1 Are Blindheim (10), 1–2 Eirik Hummelsund (15).**
**Domar: Jan Lund, Blindheim –4**
**Gule kort: Fred Frantzen, Bergsøy, Rune Asbjørnsen og Norvald Nordnes, Herd.**
**Spelarpoeng: 3 Geir Vegsund, Herd, 2 Nils Roger Paulsen, Bergsøy, 1 Kjartan Kleppe, Bergsøy.**

## 3. divisjon Sunnmøre

S-P- 14/8-

**Bergsøy –Herd** ........................ 1– 2

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 14 | 9 | 2 | 3 | 37– 19 | 29 |
| Hareid | 14 | 9 | 2 | 3 | 30– 17 | 29 |
| Ørsta | 14 | 8 | 3 | 3 | 38– 15 | 27 |
| Spjelkavik | 14 | 8 | 2 | 4 | 27– 12 | 26 |
| Sykkylven | 14 | 7 | 4 | 3 | 23– 16 | 25 |
| Valder | 14 | 6 | 2 | 6 | 25– 21 | 20 |
| Herd | 14 | 5 | 3 | 6 | 17– 17 | 18 |
| Ørskog | 14 | 6 | 0 | 8 | 23– 35 | 18 |
| Stordal | 14 | 4 | 3 | 7 | 24– 27 | 15 |
| Ellingsøy | 14 | 4 | 2 | 8 | 20– 35 | 14 |
| Bergsøy | 14 | 3 | 2 | 9 | 21– 42 | 11 |
| Guard | 14 | 2 | 1 | 11 | 12– 41 | 7 |

S-P- 17/8-91

# Viktig Bergsøy-seier

## kampfakta

**3. divisjon**
**STORDAL–BERGSØY 1–2 (0–1).**
**Kirkebø stadion.**
**Mål: 0–1 Kjartan Kleppe (19), 0–2 Lars Ove Almestad (62), 1–2 Ole Håvard Stavseng (72).**
**Dommer: Ernst Trulssen, Spjelkavik – 5.**
**Spillerpoeng: 3 Kjartan Kleppe, Bergsøy, 2 Odd Jarle Storheim, Stordal, 1 Lars Ove Almestad, Bergsøy.**

Bergsøy vant det viktige bunnoppgjøret i Stordal og fikk dermed kontakt framover på tabellen. Det var greit nok med borteseier i denne svake kampen. Bergsøy var best før pause, men Stordal kom sterkt mot slutten. Det skjedde sørgelig lite i en temposvak og rotete 1. omgang. Mens Kjartan Kleppes heading fant vegen under tverrliggeren, måtte Stordal konstatere at Odd Jarle Storheims heading smalt i stolpen og ut.

Bergsøy begynte best etter pause og Lars Ove Almestad la på til 2–0 da han stakk igjennom et utrusende Stordal-forsvar. Dette så ut til å tenne et tafatt heimelag. I alle fall skrudde Stordal opp tempoet og tok fullstendig styringa i kampen. Dermed kom målsjansene, men Bergsøy hadde millimetrene på sin side i pressede situasjoner. Bare Ole Håvard Stavseng fikk treff da han reduserte med et lavt skudd.

**3. divisjon** S-P- 17/8-91
**Sunnmøre**

| | |
|---|---|
| **Ellingsøy –Valder** | **1– 0** |
| **Langevåg –Guard** | **6– 0** |
| **Spjelkavik –Hareid** | **0– 0** |
| **Stordal –Bergsøy** | **1– 2** |
| **Sykkylven –Herd** | **2– 1** |
| **Ørskog –Ørsta** | **2– 2** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 15 | 10 | 2 | 3 | 43– | 19 | 32 |
| Hareid | 15 | 9 | 3 | 3 | 30– | 17 | 30 |
| Ørsta | 15 | 8 | 4 | 3 | 40– | 17 | 28 |
| Sykkylven | 15 | 8 | 4 | 3 | 25– | 17 | 28 |
| Spjelkavik | 15 | 8 | 3 | 4 | 27– | 12 | 27 |
| Valder | 15 | 6 | 2 | 7 | 25– | 22 | 20 |
| Ørskog | 15 | 6 | 1 | 8 | 25– | 37 | 19 |
| Herd | 15 | 5 | 3 | 7 | 18– | 19 | 18 |
| Ellingsøy | 15 | 5 | 2 | 8 | 21– | 35 | 17 |
| Stordal | 15 | 4 | 3 | 8 | 25– | 29 | 15 |
| Bergsøy | 15 | 4 | 2 | 9 | 23– | 43 | 14 |
| Guard | 15 | 2 | 1 | 12 | 12– | 47 | 7 |

S-P-21/8-91

# Lite underhaldning

Av Arne Klepp

Kampen mellom Bergsøy og Ørskog gav ikkje publikum særleg mykje underhaldning. Den eine feilpasninga avløyste den andre hos begge laga. Dette førte til at ballen var på midtbana mesteparten av kampen, og dermed var det få sjansar publikum fekk sjå.

Første omgang såg det ut som laga ikkje våga å sende folk framover på bana. Dei to spissane hos begge lag var sørgjeleg åleine, og fekk lite hjelp av folk som kom bakfrå. Bergsøy hadde kanskje ballen mest, men det vart halde for lenge på ballen slik at forsvaret til Ørskog fekk all den tid det trong for å organisere seg.

I andre omgang heldt begge lag fram på same måten som i første. Men eit kvarter ut i omgangen vart Geir Sandnes sett inn på midtbana, og Kjartan Kleppe flytta frå midtbana og fram som spiss. I tillegg fekk Trond Paulsen rom og tid til å slå lange diagonalpasningar mot venstresida. Dette sette litt fart i kampen, og midtvegs i omgangen lukkast det endeleg for Bergsøy. Eit innlegg frå venstresida vart skrudd inn mot Ørskog-målet, og keeper og ein forsvarar som gjekk etter ballen fekk ikkje klarert. Ballen duppa ved bakarste stolpe, og der dukka Are Blindheim opp og fekk putta ballen i mål.

Ørskog svara ganske kjapt, og etter eit hjørnespark frå deira venstreside vart ballen heada rett opp. Erik Vollen fekk stå ganske umarkert og halvvegs brassesparka ballen i mål. Kampen vart avgjort ved innbyttaren Geir Sandnes, som tok ballen på direkten etter eit innlegg frå venstresida.

**BERGSØY–ØRSKOG 2–1 (0–0)**
**Bergsøy stadion**
**Mål: 1–0 Are Blindheim (68), 1–1 Erik Vollen (72), 2–1 Geir Sandnes (82)**
**Dommar: Tore Lerstad, Spjelkavik – 4**
**Gule kort: Johan Amdam, Ørskog, Nils Roger Paulsen, Bergsøy.**
**Spelarpoeng: 3 Trond Paulsen, Bergsøy, 2 Jan Petter Larsen, Ørskog, 1 Odd Arild Jacobsen, Ørskog.**

## Sunnmøre

S-P-21/8-91

| | |
|---|---|
| **Bergsøy–Ørskog** | **2–1** |
| **Guard–Ellingsøy** | **1–5** |
| **Hareid–Sykkylven** | **1–1** |
| **Herd–Langevåg** | **1–4** |
| **Valder–Stordal** | **2–2** |
| **Ørsta–Spjelkavik** | **1–3** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 16 | 11 | 2 | 3 | 47–20 | 35 |
| Hareid | 16 | 9 | 4 | 3 | 31–18 | 31 |
| Spjelkavik | 16 | 9 | 3 | 4 | 30–13 | 30 |
| Sykkylven | 16 | 8 | 5 | 3 | 26–18 | 29 |
| Ørsta | 16 | 8 | 4 | 4 | 41–20 | 28 |
| Valder | 16 | 6 | 3 | 7 | 27–24 | 21 |
| Ellingsøy | 16 | 6 | 2 | 8 | 26–36 | 20 |
| Ørskog | 16 | 6 | 1 | 9 | 26–39 | 19 |
| Herd | 16 | 5 | 3 | 8 | 19–23 | 18 |
| Bergsøy | 16 | 5 | 2 | 9 | 25–44 | 17 |
| Stordal | 16 | 4 | 4 | 8 | 27–31 | 16 |
| Guard | 16 | 2 | 1 | 13 | 13–52 | 7 |

S-P-24/8-91

# Begge misfornøyde

Av Bjørn Solvåg

Hverken Spjelkavik eller Bergsøy var særlig fornøyd med uavgjort 1–1 i gårsdagens kamp på Spjelkavik stadion, men resultatet gir et riktig bilde av det som skjedde på banen. Ett poeng hjalp ikke Spjelkavik særlig i kampen om opprykk, mens Bergsøy fortsatt ligger utsatt til i bunnen av tabellen.

Spjelkavik begynte kampen best, og styrte det første kvarteret. Laget vartet opp med godt spill, og tok ledelsen på en glimrende scoring. Kristian Klausen kom seg fri på høyre-kanten, og på det gode innlegget hang Tore Roseth høyt i luften og styrte ballen i mål. Etter målet falt hjemmelaget av, og resten av omgangen bar preg av et lite overtak til Bergsøy.

Gjestene kom etter hvert tettere i motspillerne, men klarte ikke å skape så mange sjanser. Likevel burde Nils Roger Paulsen utliknet da han var alene foran Helge Kolseth i Spjelkaviks mål. For Spjelkavik hadde Klausen muligheten til å øke ledelsen, men hans skudd gikk over etter et raskt og fint fem-trekks angrep. Utliknings-målet til Bergsøy må unge Kolseth ta på sin kappe. Et frispark fra siden på midtbanen ble sendt tilsynelatende ufarlig foran mål, men over Kolseth som ble noe forstyrret av Kjartan Kleppe.

2. omgang beynte som første, med press fra Spjelkavik det første kvarteret. Laget hadde en god sjanse til å ta ledelsen igjen da Frode Furseth kjørte seg fram i angrep, men denne gang fikk ikke Roseth skikkelig treff på Furseths gode innlegg. Etter dette jevnet spillet seg ut, og Kleppe headet like utenfor etter godt forarbeid av Lars Ove Almestad. Spjelkavik produserte svært lite foran mål i denne perioden, hovedsakelig fordi ingen spillere kom på løp bakfra. Det meste ble overlatt til spissene Roseth og Klausen.

De siste minuttene raknet det litt i de to så ellers gode forsvarsrekkene. Begge lag hadde to store sjanser hver til å avgjøre kampen til sin fordel, uten å lykkes.

Bergsøys Trond Paulsen og Spjelkaviks Frode Furseth, begge på midtstopper-plass, gjorde mest av seg i denne kampen. Hos Spjelkavik jobbet både Tore Roseth og Kristian Klausen godt framme, men fikk liten støtte. På Bergsøy gjorde broder Paulsen en bra jobb som midtstopper, mens Endre Tjervåg vant mye på midtbanen.

**3. divisjon**
**SPJELKAVIK–BERGSØY 1–1 (1–1)**
**Spjelkavik stadion**
**Mål: 1–0 Tore Roseth (15), 1–1 Ivan Myklebust (44).**
**Dommer: Njål Rønning, Valder –4.**
**Gult kort: Fred Frantzen og Kjartan Kleppe, begge Bergsøy.**
**Spillerpoeng: 3 Trond Paulsen, Bergsøy, 2 Frode Furseth, Spjelkavik, 1 Tore Roseth, Spjelkavik.**

## 3. DIVISJON

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 17 | 11 | 2 | 4 | 47– | 21 | 35 |
| Hareid | 17 | 10 | 4 | 3 | 32– | 18 | 34 |
| Ørsta | 17 | 9 | 4 | 4 | 45– | 22 | 31 |
| Spjelkavik | 17 | 9 | 4 | 4 | 31– | 14 | 31 |
| Sykkylven | 17 | 8 | 5 | 4 | 28– | 22 | 29 |
| Valder | 17 | 7 | 3 | 7 | 32– | 25 | 24 |
| Herd | 17 | 6 | 3 | 8 | 21– | 24 | 21 |
| Ellingsøy | 17 | 6 | 3 | 8 | 28– | 38 | 21 |
| Ørskog | 17 | 6 | 1 | 10 | 27– | 44 | 19 |
| Bergsøy | 17 | 5 | 3 | 9 | 26– | 45 | 18 |
| Stordal | 17 | 4 | 5 | 8 | 29– | 33 | 17 |
| Guard | 17 | 2 | 1 | 14 | 14– | 54 | 7 |

# Nær Bergsøy-siger over Spjelkavik

V-N – 27/8-91

Bergsøy held fram si imponerande poengsanking denne hausten. Etter to strake sigrar mot Stordal og Ørskog fylgde laget opp med å spele uavgjort 1-1 i den vanskelege bortekampen mot Spjelkavik sist fredag. Med tanke på at Spjelkavik framleis kjempar om opprykk, var dette ein sterk prestasjon av BIL. Og slik kampen utvikla hadde det ikkje vore noko å seie på om Bergsøy hadde teke med seg alle tre poenga heim til Fosnavåg. Etter dette har Bergsøy plukka heile 10 poeng på dei fem haustkampane, men på grunn av laget sin «håplause» posisisjon etter vårsesongen, ligg laget framleis utsett til på tabellen. Men BIL ser no ut til å få fått meir stabilitet inn i laget , og med same innsatsvilje bør laget ha kapasitet til å plukke ytterlegare med poeng i dei fem attståande kampane.

Det var Spjelkavik som kom best i gong i fredagens kamp, og «styrte» det første kvarteret. Etter 15 minutt var det klart for 1-0 til heimlaget. Laget sin gode spiss Kristian Klausen dribla seg til dødlinja og det presise innlegget heada Tore Roseth i mål. I slike situasjonar har BIL-laget i tidlegare kampar i år hatt ein tendens til å falle saman. Men ikkje no! Laget kom sterkt tilbake, og pressa delvis heimelaget over på defensiven i resten av omgangen. Midtbanespelarane vann stadig fleire duellar på midtfeltet, og Trond Paulsen serverte mange drivande framspel, særleg på venstresida, som opna Vika-forsvaret. Vi noterte 3-4 store BIL-sjansar i denne perioden, og særleg var Nils Roger Paulsen nær ved å gi BIL leiinga då han kom åleine med keeper Helge Kolseth, men fekk ikkje skikkeleg treff på skotet. I det 44. minutt var det så klart for utlikning. Ivan Myklebust la eit frispark frå sida på midtbana som såg tilsynelatande ufarleg ut. Men hovudsterke Kjartan Kleppe gjekk i veret, og forstyrra keeper så pass mykje at ballen dala rett i mål!! Ivan vart kreditert scoringa, men må dele ein del av æra med Kjartan.

2. omgang starta som første, med press frå Vika. Vi noterte ein stor sjanse ved målscorar Roseth alle reie etter 10 min., etter ei fin forsering av midtstoppar Frode Furseth. Men etter eit kvart tok Bergsøy meir og meir over kommandoen, og pressa igjen heimelaget over på defensiven. Midtvegs i omgangen var Kjartan Kleppe nær ved å avgjere kampen då han møtte korrekt eit innlegg frå Lars Ove Almestad, men diverre gjekk den knallharde headinga nokre få centimeter til side for mål. På slutten sette BIL inn friske Henning Solem, som skapte store problem for eit «utslite» Vika-forsvar, men diverre vart innlegga litt for upresise. Men kampen sett under eitt var nok Bergsøy nærmaste sigeren.

Trond Paulsen spelte nok ein stor kamp som sweeper. Pluss også til Børge Hansen som kom inn på backplass tidleg i kampen etter at Vegard Fiksdal vart skada. Vegard er diverre ute for resten av sesongen. Elles gjorde Endre Tjervåg ein sterk kamp på midtfeltet, der han vann mange duellar. Hos Spjelkavik går bestemannsprisen til Frode Furseth.

Neste motstandar for Bergsøy er Sykkylven heime komande fredag. Bergsøy må i denne kampen altså stille utan Vegard Fiksdal, og Kjartan Kleppe, som fekk sitt tredje gule kort for sesongen.

# Bergsøy klatrar

Av Arne Klepp

Kampen mellom Bergsøy og Sykkylven vart jamn og spennande. Bergsøy hadde dei fleste sjansane, men Sykkylven var vel så farleg når dei kom seg fram til Bergsøy-målet.

Under oppvarminga måtte Steinar Bakke berre konstatere at ein skade hemma han så mykje at han måtte sjå kampen frå sidelinja. Når så Arve Torset måtte ut midtvegs i første omgang, var midtbana til Sykkylven naturleg nok svekka. Heimelaget hadde grepet om kampen dei førse minutta. Sykkylven kom av og til på visitt i Bergsøyforsvaret, og på ein av desse visittane tok dei leiinga. Ralf Alvestad vart spela fri framfor Bergsøy-målet, og skotet satt lavt til venstre for keeper. Bergsøy fekk etter kvart endå bedre grep på midtbana, og etter om lag halvspelt omgang kom utlikninga. Eit angrep frå venstresida enda hos Are Blindheim, som slo ei pasning som duppa ned bak forsvaret til Sykkylven, og Lars Ove Almestad brukte farta si, skar inn mot mål og scora.

I andre omgang fekk Sykkylven betre skikk på midtbana, og dette førte til at kampen vart jamnare.

20 minutt ut i andre omgang kom så det avgjerande målet. Bergsøy kombinerte seg fram på venstresida, og innlegget dempa Geir Sandnes på brystet. På heil volley dundra han ballen i vinkelen til venstre for Sykkylvs-keeperen, og tre viktige heimepoeng var sikra.

**3. divisjon** 31/8-91
**Bergsøy stadion**
**BERGSØY–SYKKYLVEN 2–1 (1–1)**
**Mål: 0–1 Ralf Alvewstad (10), 1–1 Lars Ove Almestad (19), 2–1 Geir Sandnes (65)**
**Dommar: Ståle Eikrem, VRF -4**
**Gult kort: Kurt Arne Hjelset, Sykkylven**
**Spelarpoeng: 3 Geir Sandnes, Bergsøy, 2 Ralf Alvestad, Sykkylven, 1 Endre Tjærvåg, Bergsøy**

## 3. divisjon Sunnmøre
31/8-91

| | |
|---|---|
| **Bergsøy–Sykkylven** | **2–1** |
| **Hareid–Guard** | **5–0** |
| **Herd–Ellingsøy** | **3–1** |
| **Stordal–Ørskog** | **4–0** |
| **Valder–Spjelkavik** | **4–0** |
| **Ørsta–Langevåg** | **6–2** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Hareid | 18 | 11 | 4 | 3 | 37–18 | 37 |
| Langevåg | 18 | 11 | 2 | 5 | 49–27 | 35 |
| Ørsta | 18 | 10 | 4 | 4 | 51–24 | 34 |
| Spjelkavik | 18 | 9 | 4 | 5 | 31–18 | 31 |
| Sykkylven | 18 | 8 | 5 | 5 | 29–24 | 29 |
| Valder | 18 | 8 | 3 | 7 | 36–25 | 27 |
| Herd | 18 | 7 | 3 | 8 | 24–25 | 24 |
| Ellingsøy | 18 | 6 | 3 | 9 | 29–41 | 21 |
| Bergsøy | 18 | 6 | 3 | 9 | 28–46 | 21 |
| Stordal | 18 | 5 | 5 | 8 | 33–33 | 20 |
| Ørskog | 18 | 6 | 1 | 11 | 27–48 | 19 |
| Guard | 18 | 2 | 1 | 15 | 14–59 | 7 |

*2-1 siger over Sykkylven:* V-N - 3/9-91

# Bergsøy held fram haust-offensiven!

**Bergsøy held fram sin imponerande haust-offensiv. Sist fredag var det Sykkylven som måtte bite i graset for eit Bergsøy-lag som for tida seglar i sterk medvind. Ser ein bortifrå kampen mot Herd, som var ein utsett vår-kamp, har Bergsøy etter dei fem første kampane vunne fire og spela ein uavgjort - noko som ville ført laget heilt til topps om ein skulle sett opp ein formtabell på bakgrunn av haustkampane!! Etter denne imponerande sigersrekkja har Bergsøy no passert både Ørskog og Stordal, og ligg 4 poeng med Ellingsøy!!**

Det er vanskeleg å viste kva som er årsaka til Bergsøy sin flotte oppsving, men det er tydeleg at laget har funne ein formasjon og eit spelemønster som passar dagens mannskap. I tillegg består laget av ein fin blanding av rutinerte spelarar og ungdommeleg pågangsmot, som dreg lasset i same retning.

Fredagens kamp mot Sykkylven vart jamnt og spanande. Bergsøy gjekk hardt ut frå start, og pressa gjestane over på defensiven. Men som så ofte før i fotball, når eit laget pressar - går motstandarande opp og scorar. På sin første skikkelege sjanse i kampen vart Ralf Alvestad spela fri framfor Bergsøy-målet, og hadde små problem med å gi gjestane leiinga. Dette skjedde allereie i det 10. min. Men Bergsøy kom sterkt tilbake og fekk etter kvart eit godt grep om midtbana. Laget kombinerte til tider fint, og kom ofte rundt på sidene. Og etter halvspela omgang var det klart for utlikning. Eit angrep på venstresida enda hos Are Blindheim, som slo ei presis pasning bak forsvaret til Sykkylven, og Lars Ove Almestad brukte farta si, skar inn mot mål og scora med eit skot mellom føtene på keeper.

Etter sidebytte mista heimelaget ein del av taket på midtbana, og hovudårsaka til dette var at enkelte av spelaranehadde ein tendens til å føre ballen for mykje, istaden for å bruke medspelarane. Og sjølv om BIL hadde eit spelemessig overtak, var gjestane alltid farleg på sine kontringar. 20 minutt ut i omgangen vart kampen avgjort, og igjen var det unge, lovande Geir Sandnes som vart matchvinnar for heimelaget, - som han vart i den siste heimekampen mot Ørskog. BIL kombinerte seg fint fram på venstresida, og innlegget dempa Geir Sandnes på brystet og dundra ballen i vinkelen. Prima prestasjon av Geir. På slutten hadde Sykkylven tre store tilbod til å utlikne, men BIL-keeper Per Gunnar Djupvik spelte sikkert og resolutt og avverga scoring. Først møtte han korrekt Ralf Alvestad då han kom åleine igjennom, og 2 min før slutt redda han så meisterleg eit hardt frispark som gjekk gjennom Bergsøy-muren.

Alt i alt ein godt gjennomført kamp av Bergsøy, der unge Geir Sandnes ser ut til å finne seg svært godt til rette med fin teknikk og godt overblikk i sin sentrale midtbaneposisjon. Også Endre Tjervåg ser no ut til å vere i solid haustform, og vann svært mange duellar på midtfeltet. Elles leverte keeper Per Gunnar Djupvik ein svært god kamp, og gjorde knapt ein feil.

Hos Sykkylven likte vi beste den farlege spissen Ralf Alvestad.

Domar Ståle Eikrem hadde få problem i ein reinspela og fin kamp. Neste motstandar for Bergsøy er Langevåg i Langevåg. LIL kjempar om opprykk, og må finne seg i å stille som soleklare favorittar. Men på bakgrunn av den imponerande haustforma Bergsøy har vist i dei siste kampane, ser vi ikkje bortifrå at Langevåg kan få meir problem enn dei set pris på. Og i tillegg har BIL eit 1-9 tap og hevne frå vårkampen!! Til Langevågkampen er også Kjartan Kleppe klar til ny innsats, etter å måtte stått over Sykkylvskampen på grunn av tre gule kort.




** Glade Bergsøy-juniorar som greidde seg godt i skjebne-kampen mot Guard. Frå venstre Arild Kvalsund, Bjørnar Bendal og Geir Sandenes. Framme keeper Per Gunnar Djupvik som heldt buret reint.*

# Stortap for Bergsøy

V-N - 10/9-91

Etter sin flotte haustsesong så langt - gjekk Bergsøy på eit stortap i fredagens kamp mot Langevåg. Heimelaget vann til slutt heile 5-0, og overtok dermed topp-plassen på tabellen. Bergsøy på si side er framleis sterkt involvert i nedrykksstriden, og må nok innstille seg på å kjempe ein hardt kamp med Stordal, Ellingsøy og Ørskog om å unngå nest sisteplassen på tabellen. Difor er laget nøydd til å ta ein del poeng i dei tre attståande kampane mot Guard (H), Herd (B) og Hareid (H), om ny kontrakt skal sikrast. Diverre er BIL-laget for tida svært plaga av skadar, og i tillegg fekk laget utvist sin forsvarsstrateg Trond Paulsen i fredagens kamp, og han må difor stå over den uhyre viktige kampen mot Guard komande laurdag.

I fredagens kamp var Bergsøy godt med på notane og spelte faktisk jamnt med Langevåg i første omgang. BIL var nær ved å ta leiinga allereie etter 2-3 min. då Henning Solem forserte seg flott gjennom LIL-forsvaret, men keeper fekk slått skotet så vidt til corner. 10 min. før pause fekk så Langevåg uforståeleg nok tildelt straffespark etter at Børge Hansen hadde tackla Langevåg sin raske flanke-spelar Ronny Fiskerstrand. Men Børge var først på ballen, og til og med Langevåg-publikum vart svært overraska då domar Finsæter peika på straffemerket. Arild Vadseth scora sikkert frå 11-meteren.

På bakgrunn av den jamne første omgangen var Bergsøy-spelarane innstilt på å gå hardt ut i 2. omgang, men berre etter tre minutt av omgangen vart kampen i realiteten avgjort då Bergsøy fekk forsvarsstrategen Trond Paulsen utvist. Trond var som sistemann litt for sein i ei tackling av raske Fiskerstrand, med det resultat at han vart sendt av bana. Og når i tillegg Langevåg scora på det etterfylgjande frisparket, var i røynda kampen avgjort. Sjølv om Bergsøy kjempa tappert med 10 mann vart overtaket for stort, og mot slutten scora LIL ytterlegare 3 mål.

Slik kampen utvikla seg vann heimelaget ein fortent siger, der særleg teknisk gode Ronny Fiskerstrand skapte store problem for BIL-forsvaret. Hos Bergsøy leverte keeper Per Gunnar Djupvik nok ein fin kamp, trass i fem baklengsmål.

Bergsøy bør no gløyme denne kampen snarast mogleg, og innstille seg på å kome sterkare igjen til skjebnekampen mot Guard på Bergsøy stadion komande laurdag. Her må det bli full pott om BIL skal unngå å måtte ut i kvalifisering for eventuelt å berge plassen i divisjonen. Det går såleis mot ein ulideleg spanande haustinnspurt.

## 3. DIVISJON

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Langevåg | 19 | 12 | 2 | 5 | 54– | 27 | 38 |
| Hareid | 19 | 11 | 5 | 3 | 39– | 20 | 38 |
| Ørsta | 19 | 11 | 4 | 4 | 52– | 24 | 37 |
| Spjelkavik | 19 | 10 | 4 | 5 | 34– | 19 | 34 |
| Sykkylven | 19 | 8 | 6 | 5 | 30– | 25 | 30 |
| Valder | 19 | 8 | 4 | 7 | 37– | 26 | 28 |
| Herd | 19 | 7 | 4 | 8 | 26– | 27 | 25 |
| Ørskog | 19 | 7 | 1 | 11 | 31– | 48 | 22 |
| Ellingsøy | 19 | 6 | 3 | 10 | 29– | 45 | 21 |
| Bergsøy | 19 | 6 | 3 | 10 | 28– | 51 | 21 |
| Stordal | 19 | 5 | 5 | 9 | 34– | 36 | 20 |
| Guard | 19 | 2 | 1 | 16 | 14– | 60 | 7 |

VN-10/9-91

# Eitt mål avgjorde

S-P- 16/9-91

## kampfakta

**3. divisjon**
**BERGSØY–GUARD 1–0 (0–0)**
**Huldalen grusbane**
**Mål: 1–0 Lars Ove Almestad (66)**
**Dommar. Jan Magne Eide, Måløy- 5.**
**Spelarpoeng: 3 Børge Hansen, Bergsøy, 2 Endre Tjervåg, Bergsøy, 1 Rune Finsnes, Guard.**

uvisst heilt til avspark kva for lag Bergsøy kunne stille med i laurdagens kamp mot Guard på grusen i Huldalen. Nervøsiteten såg ut til å prege Bergsøy-laget i heile første ongang. Denne omgangen var jamn, med dei farlegaste angrepa til heimelaget.

Midtvegs i andre omgang kom så målet som avgjorde kampen. Geir Sandnes tråkla seg fram på venstresida og fekk slått inn. Her kom Lars Ove Almestad på løp frå blindsida og fekk tuppa ballen i mål ved næraste stolpe.

**3. divisjon**
**Sunnmøre**

S-P- 16/9 91

| | |
|---|---|
| Bergsøy–Guard | 1–0 |
| Hareid–Ellingsøy | 1–0 |
| Stordal–Sykkylven | 4–1 |
| Valder–Langevåg | 3–1 |
| Ørskog–Spjelkavik | 0–4 |
| Ørsta–Herd | 2–0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Hareid | 20 | 12 | 5 | 3 | 40–20 | 41 |
| Ørsta | 20 | 12 | 4 | 4 | 54–24 | 40 |
| Langevåg | 20 | 12 | 2 | 6 | 55–30 | 38 |
| Spjelkavik | 20 | 11 | 4 | 5 | 38–19 | 37 |
| Valder | 20 | 9 | 4 | 7 | 40–27 | 31 |
| Sykkylven | 20 | 8 | 6 | 6 | 31–29 | 30 |
| Herd | 20 | 7 | 4 | 9 | 26–29 | 25 |
| Bergsøy | 20 | 7 | 3 | 10 | 29–51 | 24 |
| Stordal | 20 | 6 | 5 | 9 | 38–37 | 23 |
| Ørskog | 20 | 7 | 1 | 12 | 31–52 | 22 |
| Ellingsøy | 20 | 6 | 3 | 11 | 29–46 | 21 |
| Guard | 20 | 2 | 1 | 17 | 14–61 | 7 |

# Svært viktig Bergsøy-siger

Med tre-fire av den faste førsteelvaren på skadelista og Trond Paulsen suspendert, var det uvisst heilt til avspark kva lag Bergsøy kunne stille med i laurdagens kamp mot Guard på grusbana. Både Henning Solem, Vegard Fiksdal, Fred Frantzen og Nils Roger Paulsen måtte stå over denne uhyre viktige kampen på grunn av skade, men dei unge debutantane frå juniorlaget, Bjørnar Almestad og ikkje minst gutespelaren Arild Kvalsund gjorde ein flott innsats. I tillegg var Vidar Eikrem tilbake på BIL-laget etter å ha avtjent militærteneste, og også Vidar spelte ein fin kamp som markeringsstoppar.

Nervøsiteten såg ut til å prege Bergsøy-laget i store delar av første omgang. Spelet var prega av mange feilpasningar, og laget hadde problem med å kome seg rundt på sidene som har vore laget sin tyrke dei siste kampane. Dermed vart ein lett jobb for gjestane frå Guard å tette igjen bak. Gjestane hadde eit par farlege sjansar midtvegs i 1. omgang etter eit par missar i heimeforsvaret, men heldigvis gjekk skota til side før mål.

Etter sidebytte tok Bergsøy meir og meir over kommandoen, og var i denne omgangen flinkare til å kome rundt på kantane. Bergsøy var nær scoring då Lars Ove Almestad kom fint fram på sida og fekk lagt inn til Kjartan Kleppe, som imidlertid var litt for avventande. Kjartan var elles nær scoring etter ei fin heading i 2. omgang. Sigersmålet kom i det 66 min. då Geir Sandnes tråkla seg fri på venstresida og fekk slått inn framfor mål. Her kom Lars Ove Almestad stormande på blindsida og tuppa ballen i mål ved nærmaste stolpe. Etter dette kontrollerte heimelaget kampen, og var ved eit par høve nær ved å auke leiinga, men utan å lukkast. Og med 1-0 ebba kampen ut, og Bergsøy kunne innkassere tre nye poeng i denne skjebnekampen.

Banens beste i denne kampen var utan tvil Bergsøy sin tekniske gode venstreback, Børge Hansen, som hadde full kontroll defensivt, og var også svært konstruktiv på offensiven. Elles stoppa som nemnt Vidar Eikrem godt som markeringsstoppar. På midtbana var igjen Endre Tjervåg svært nyttig som ballvinnar, og lenger framme på bana greidde gutespelaren Arild Kvalsund seg godt som spiss. Her har BIL fått fram eit stortalent som ein vil mykje glede av.

Etter denne sigeren klatra Bergsøy fram til 8. plass på tabellen, og har per dags dato 4 lag bak seg på tabellen: Stordal, Ørskog, Ellingsøy og Guard. Det er framleis heilt uvisst kor mange lag som rykkjer ned. Brattvåg er etter tapet i helga i nedrykksposisjon, og om Brattvåg skulle rykke ned, vil automatisk to lag rykke ned frå 3. divisjon, medan det tredje siste laget må ut i kvalifiseringskamp. Difor bør Bergsøy ha så mange lag bak sommogleg når sluttstatus skal setjast opp. Bergsøy har eit svært vanskeleg program igjen. Komande helg er Herd motstandar på Moa, eit Herd-lag som tidlegare i haust slo BIL 2-1. Og i siste kampen skal Bergsøy ut mot topplaget Hareid i Fosnavåg i ein kamp som kanskje begge laga må vinne for å sikre eventuelt opprykk og ny kontrakt. Det går med andre ord mot ei thriller-avslutning.

# Bergsøy uheldig mot Herd

*Framleis fare for nedrykk for BIL*

Bergsøy hadde eit klart overtak, og dei desidert største sjansane, men måtte likevel tole eit «surt» 0-1 tap i laurdagens viktige kamp mot Herd på Herd stadion. Bergsøy pressa stort sett gjennom heile kampen, men dette var dagen då ballen ikkje ville i nettet! Bergsøy-spelarane kom fleire gongar åleine med Herd-keeperen, og vi noterte også to stangskot, men milimeterane var ikkje på BIL si side denne gongen.

Etter dette tapet ligg Bergsøy framleis i på kanten av stupet, og laget må i utgangspunktet vinne siste kampen mot det nye 2. divisjonslaget Hareid i Fosnavåg laurdag for å halde Ørskog og Ellingsøy bak seg på tabellen. Situasjonen er no slik at Bergsøy leiar med to poeng på desse laga framfor siste serierunde, men Bergsøy har dårlegast målskilnad. Så dersom eitt eller begge desse laga vinn sine siste kampar, og BIL greier betre uavgjort mot Hareid, vil dei gå forbi BIL på betre målskilnad. Det er framleis heilt uvisst kor mange lag rykkjer ned, då det er avhengig av om Brattvåg og Stranda greier å berge plassane sine i 2. divisjon. Skulle begge desse Sunnmørs-laga rykke ned, vil det automatiske føre til tre lag rykkjer ned frå 3. divisjon. Difor er det avgjerande for Bergsøy å prøve å halde både Ellingsøy og Ørskog bak seg når sluttstatus skal gjerast opp neste laurdag. Så her ligg det an til sluttdramatikk.

Trass i at Bergsøy er plaga av mykje skadar, gjekk laget respektlaust til verks i laurdagens kamp mot Herd. Bergsøy tok tidleg kommandoen på midtbana, og hadde eit markant overtak. BIL varierte angrepa fint, og vi noterte mange store mål-tilbod, men ballen ville ikkje i nettet. Arild Kvalsund var milimeter frå å omsetje eit innlegg i nettet, og Lars Ove Almestad var og nær ved å gi BIL leiinga på ei heading. Slik omgangen utvikla seg hadde det vore lite å seie på å om gjestane hadde gått til pause med ei to-tre måls leiing.

Tre minutt etter sidebytte kom så målet som skulle vise seg å avgjere kampen. Bergsøy-forsvaret hadde problem med å avklare ein poleball inne i feltet, og til slutt lukkast det Sindre Dahlstrøm å dytte ballen over målstreken. Utover i omgangen jamna det seg ut, før Bergsøy det siste kvarteret sette inn ein sluttspurt og kjempa for hardt for utlikning. Men BIL var ikkje dyktige nok i den avgjerande fasen, og dermed ebba kampen ut med 1-0 siger til Herd.

Trass i tapet skal Bergsøy-laget ha ros for god innsats gjennom heile kampen. Særleg midtbanespelarane Endre Tjervåg, Lars Ove Almestad, Are Blindheim og ikkje minst unge Geir Sandnes var konstruktive og gode i denne kampen, og spissen Kjartan Kleppe skapte store problem for Herd-forsvaret, særleg på dødballsituasjonane.

Til kampen mot Hareid vil forsvarsstrategen Trond Paulsen vere på plass, og det vil nok styrke laget ytterlegare framfor den viktige kampen mot Hareid - og med same innsatsvilje ser vi ikkje bort ifrå at Bergsøy kan kome på talefot med det nye 2. divisjonslaget.

# 2 - 2 mot Hareid

Bergsøy sin redningsaksjon lukkast!! Etter at laget i helga spelte uavgjort 2-2 mot topplaget Hareid, samstundes som korkje Ørskog eller Ellingsøy vann sine kampar - er det klart at Bergsøy unngår å bli degradert til 4. divisjon neste år - med eit naudskrik! Det såg svært dystert ut for BIL då laget etter vårsesongen stod med berre 8 poeng på 12 kampar. Men etter full samling i botn, og full moblisering frå alle gode krefter - har laget gjennomført ein imponerande haustsesong, og plukka nok poeng til å manøvrere seg inn på trygg grunn. Ja, Bergsøy er faktisk mellom dei laga som har plukka mest poeng av alle laga i divisjonen denne hausten. Laget har vist at med full moblisering har laget nok ressursar og kvalitetar nok til å spele jamnt med dei fleste i divisjonen.

Når klubben no får tilbake pusten etter den uhyre spanande haustsesongen bør ein sette seg ned å analysere kva som eigentleg gjekk galt i vårsesongen, og kva som bør gjerast for å unngå å kome i ein liknande situasjon i framtida.

Så over til laurdagens kamp mot Hareid. Hareid var på førehand sikra opprykk, og hadde slik sett lite å kjempe for bortsett frå presitsjen. Men heilt frå start var det tydeleg at Hareid ikkje var innstilt på å gi heimelaget noko «gratis» i denne kampen. Særleg Harald Aasland Rise ruva godt på midtbana, og dominerte stort på midtbana i opningsfasen. Men ingen av laga makta å spele seg fram til store sjansar det første kvarteret. Etter 19. min. tok så gjestane leiinga etter ei realt sjølvmål. Ein Bergsøy-forsvarar fekk uheldig treff på eit tilbakespel, og ballen gjekk i ein boge over ein utmanøvrert BIL-keeper og i mål. Dette kom som ein kalddusj for det frå før svært nervøse BIL-laget. Men heldigvis fekk laget samla seg og kom sterkt tilbake. Berre fem minutt seinare var det klart for utlikning. Lars Ove Almestad forserte på høgresida, og innlegget vart som ein lobb som spratt vidare til bakerste stolpe der ungguten Arild Kvalsund dukka opp og plasserte ballen sikkert i mål med hovudet. Like etter var Bergsøy nær ved å ta leiinga då Endre Tjervåg vart spela fint fri av Kjartan Kleppe, men diverre vart skotet frå Endre litt for laust, slik at Stig Engen fekk kasta seg og avverga.

I 2. omgang tok Bergsøy over initiativet, og særleg Geir Sandnes skapte mykje problem for Hareid-forsvaret med sine mange fine løp. Og det var nettopp unge Geir, som har vore BIL sin redningsmann også tidlegare i haust, som skulle få æra av å gi heimelaget leiinga. Fem minutt ut i omgangen finta Geir vekk ein forsvarar, og venstrebeinsskotet sat klistra heilt opp i vinkelen! Praktscoring! Etter dette tok BIL meir og meir over kommandoen, og skapte fleire sjansar. Mellom anna kom Endre Tjervåg åleine med keeper, men Stig Engen redda meisterleg. Bergsøy hadde i denne perioden full kontroll på kampen inntil eit kvarter før slutt då Hareid utlikna etter ein horribel miss i BIL-forsvaret. Ein BIL-forsvarar gjorde som sistemann eit hårreisande forsøk på å drible i staden for å klarere, med den fylgje at Arthur Solvåg snappa ballen og plasserte den i hjørnet. Det gjekk som ei sjokkbylgje både gjennom spelarane og publikum. Mot slutten var det mykje midtbanekriging, utan at

# - og BIL stod!

VN 1/10-91



* *Like etter kampslutt fekk slitne BIL-spelarar melding om at Ellingsøy berre hadde greidd uavgjort mot Ørsta, og kontrakta var dermed sikra. Bak frå venstre; trenar Kjartan Paulsen, Børge Hansen, Frode Myrhol, Bjørnar Bendal, Henning Karlsen, Nils Roger Paulsen, Are Blindheim, UK-sjef Tom Beddari, Henning Solem og Lars Ove Almestad. Framme frå venstre; Vegard Fiksdal, Ronny Reite, Endre Tjervåg, Arild Kvalsund, Geir Sandnes, Vidar Eikrem og Ivan Myklebust. I liggande posisjon keeper Per Gunnar Djupvik. Kjartan Kleppe var også med på laget, men reiste i bryllup like etter kamp-slutt, og var såleis ikkje då biletet var knipsa.*

nokon av laga greidde å produsere sjanseskapande angrepsspel. Og med 2-2 ebba kampen ut, og det var eit skuffa BIL-lag som gjekk av bana, og venta spent på resultatet av dei andre kampane. Men då meldingane kom om at Ørskog hadde tapt for Langevåg, og at Ellingsøy berre hadde makta uavgjort i Ørsta, kunne BIL-spelarane sleppe jubelen laus. Kontrakta var sikra!!

Slik kampen utvikla seg var Bergsøy nærast sigeren. Laget spelte seg fram til dei største sjansane - og særleg Geir Sandnes imponerte nok ein gong med sin fine teknikk og overblikk. Honnør også til gutespelaren Arild Kvalsund som har vokse stort i dei kampane han har fått prøve seg no i haust. Spesielt moro var det at det også var desse to unggutane som stod for scoringane.

Elles spelte Børge Hansen nok ein stor kamp som høgreback. Hos Hareid likte vi best midtbaneslitaren Harald Åsland Rise og keeper Stig Engen. Domar Lars Kåre Rogne greidde seg godt i ein reinspela og fair kamp.

30/9-91

# Bergsøy berga

3. divisjon
**BERGSØY–HAREID 2–2 (1–1)**
Huldalen grusbane
Mål: 0–1 sjølvmål (19), 1–1 Arild Kvalsund (24), 2–1 Geir Sandnes (50), 2–2 Arthur Solvåg (74)
Dommar: Lars Kåre Rogne, Brattvåg – 4.
Gult kort: Dag Harald Moldskred, Hareid.
Spelarpoeng: 3 Harald Åsland Riise, Hareid, 2 Geir Sandnes, Bergsøy, 1 Børge Hansen, Bergsøy.

Bergsøy-laget heldt tilhengarane sine på pinebenken i denne kampen. Med siger ville dei sikre plassen i 3. divisjonen, medan eit uavgjort resultat ville gi både Ørskog og Ellingsøy ein sjanse til å passere dei. Mot slutten av kampen leia Bergsøy 2–1 etter å ha scora alle tre måla. Men eit hårreisande forsøk på å drible i staden for å klarere, enda med at Arthur Solvåg erobra ballen og utlikna. Det var eit skuffa Bergsøy-lag som gjekk av banen, men humøret steig då meldinga kom om at Ørskog hadde tapt og Ellingsøy spela uavgjort.

Spenningsmomentet i starten var korleis Hareid var motivert etter å ha sikra seg opprykk helga før. Sjølv om dei jobba godt, var det slett ikkje nokon kjempeinnsats dei la for dagen.

Det som sette fart i kampen, var eit sjølvmål av Bergsøy. Eit uheldig forsvarar-treff på ballen, som gjekk i boge over keeper og i mål. Knapt fem minutt seinare kom utlikninga. Lars Ove Almestad forserte på høgresida, og innlegget vart ein lobb som slo i bakken og spratt vidare til bakerste stolpe, der unge Arild Kvalsund dukka opp og plasserte ballen sikkert i mål med hovudet.

I 2. omgang tok Bergsøy raskt leiinga ved Geir Sandnes etter fine løp. Sandnes finta vekk ein forsvarar og venstrebeinsskotet sat heilt oppe i vinkelen. Bergsøy tok meir og meir over på midtbanen og skapte fleire farlege sjansar, men Stig Engen i Hareid-målet viste si klasse. Kontringa som kom gav 2–2 som sluttresultat.